

**Børge Haugetun**

**”Norsk verneplikt, avvik frå overordna konvergens med dansk og svensk innsatsforsvar”.**

**Hausten 2012  
Universitetet i Bergen,  
Institutt for samanliknande politikk**

## Forord

Eg vil rette ein takk til institutt for samanliknande politikk ved universitetet i Bergen som har gitt meg høve til å skrive oppgåva. Takk til min veileder Elisabeth Ivarsflaten som har kome med gode konstruktive tilbakemeldingar og nyttige innspel. Vil takke studiekonsulentane ved instituttet for god hjelp, Stine Soltvedt som har vore i stillinga under denne masteroppgåva, og tidlegare studiekonsulentar Julie Ane Ødegård og Jannicke Lervik-Kristensen som har vore nyttige undervegs i studia. Universitetsbiblioteket, både avdelinga for samfunnsvitskapleg og humaniora har vore gode hjelparar. Ein ekstra varm takk til mine kjære Karen, du har vore ei stor støtte undervegs i denne prosessen.

Eg er nøgd, på ingen måte fordi arbeidet ikkje kunne vore gjort annleis, gjort betre, men fordi arbeidet er utført. Det er noko spesielt å fullføre eit omfattande prosjekt, masteroppgåva skil seg klart frå alt anna tidlegare studiearbeid, det er eit lite eige bidrag til det store. Hadde eg innleiingsvis sett kor få artiklar det var rom for i avgrensa seksjonar, er det mykje søke og lesetid som kunne vore anvend meir fruktbart, samstundes har det vore av dei mest lærerike delane av prosessen. Artiklane vil kunne kome til nytte seinare i andre samanhengar. Det har vore eit spanande og lærerikt år. Oppgåva og eventuelle feil og manglar, er fullt og heilt forfattars ansvar.

Rong, desember 2012

Børge Haugetun

Til bror min, Ivar Bjarte

## **Abstract**

**The Scandinavian countries Denmark, Norway and Sweden have presently introduced a defence based on flexible reaction forces. Does this imply that the national defence models are converging and are there any causes explaining this development?**

The defence models have many similarities. External causes, in particular the changed geopolitical situation after the cold wars end, rapid technological development and demanding international military operations have pulled the military models in the same direction. The common answer has been to reduce the overall military structures, introducing smaller, but more capable forces equipped with advanced technological military hardware replacing varying, worn out or obsolete hardware intended for the abolished mobilization armies. The ability for rapid deployment both nationally and internationally has come to the forefront in all models, this is necessary given that smaller forces have to cover a wide spectre of roles. Overall the models are converging, however there are areas diverging. The main diverging area is recruitment, the Norwegian combination of conscription and a defence based on flexible reaction forces stands out compared to Denmark and Sweden. Sweden is since 2010 introducing the AVF-model, whereas Denmark from 2004 on almost entirely uses enlisted soldiers. Model of Recruitment has implications regarding operational abilities of the armed forces. Key words in this master thesis are: Military models, RMA, technology, transformation, international military operations, converging military development, western trend towards AVF-model over conscription and a Norwegian diverging model of recruitment. This is a qualitative analysis based on the comparative historical method. A variety of sources are utilised, among others books, articles, research papers, reports and public information.

# Innholdsliste

<b>FORORD</b> .....	<b>2</b>
<b>ABSTRACT</b> .....	<b>3</b>
<b>INNHALDSLISTE</b> .....	<b>4</b>
<b>1. INTRODUKSJON</b> .....	<b>7</b>
Problemstilling .....	7
<b>1.1 Kapittel og Struktur</b> .....	<b>8</b>
<b>1.3 Metode og Data</b> .....	<b>10</b>
1.3.1 Historisk komparativ metode .....	10
Figur 1. Abstraksjonsskalaen .....	12
<b>1.4 Data</b> .....	<b>12</b>
1.4.1 Kjelder .....	12
1.4.2 Kjeldekritikk .....	13
<b>1.5 Reliabilitet og validitet</b> .....	<b>14</b>
<b>2. TEORIKAPITTEL</b> .....	<b>14</b>
<b>2.1 Militære tenestemodellar</b> .....	<b>15</b>
Tabell 2.1 Hovudtypar av Militære tenestemodellar .....	16
2.1.1 Ekspansiv militærmodell .....	16
2.1.2 Universell Militær trening .....	17
2.1.3 Milits modellen .....	17
2.1.4 Kader/vernepliktsmodellen .....	18
2.1.5 Frivillig, AVF-modellen .....	20
Rekruttering .....	23
2.1.6 Ancien regimets verneplikt .....	26
2.1.7 Profesjonelt forsvar .....	26
2.1.8. Selektiv Tenestemodell .....	27
<b>2.2. Verneplikt</b> .....	<b>28</b>
Verneplikt og totalkrig .....	28
Verneplikt meir enn militær nytteverdi .....	29
2.2.1 val av militær tenestemodell .....	31
<b>2.3 Revolusjonen i Militære affærar</b> .....	<b>32</b>
2.3.1. Kort historisk innføring i RMA og omgrepa .....	32
Blietzkrieg .....	33
Tabell 2.2. Tidlegare Militære revolusjonar og RMA (Møller, 2003:22) .....	35
2.3.2 Framveksten av RMA debatten .....	36
Air Land Battle .....	37
Office of Net Assessment .....	38
<b>2.4 RMA og Debatten</b> .....	<b>38</b>
2.4.1 RMA .....	38
Revolusjon og evolusjon .....	40
2.4.2 Litteraturen og debatten .....	41
Tabell 2.3 Oversikt over RMA .....	41
2.5 Ytterpunkt .....	43

<b>3. FORSVARSMODELLANE: LIKSKAPAR OG ULIKSKAPAR .....</b>	<b>44</b>
<b>3.1 Innleiing .....</b>	<b>44</b>
<b>3.2 Danmark .....</b>	<b>44</b>
3.2.1 Innsatsforsvaret .....	46
3.2.2 Forsvarsstruktur .....	47
Hæren .....	47
Sjøforsvaret .....	47
Luftforsvaret .....	48
Heimevernet .....	48
<b>Kap 3.3 Noreg .....</b>	<b>49</b>
<b>Kap 3.3.1 Innsatsforsvaret .....</b>	<b>52</b>
Rekruttering .....	52
Hæren .....	52
Sjøforsvaret .....	54
Marina .....	54
Kystvakta .....	56
Basestruktur og logistikk .....	56
Luftforsvaret .....	57
Heimevernet .....	57
<b>Kap 3.4 Sverige .....</b>	<b>59</b>
3.4.1 Innsatsforsvaret .....	59
Hæren .....	60
Sjøforsvaret .....	62
Luftforsvaret .....	63
Heimevernet .....	64
<b>Kap 3.5 Likskapar og ulikskapar .....</b>	<b>65</b>
Cyberforsvara .....	65
Tabell 3.1. Reduksjon av brigadar sidan 1990 .....	66
Tabell 3.2. Oversikt våpengreinene i tal, parentes reserve. ....	66
Tabell 3.3 Samanlikning tyngre materiell. ....	67
Ulikskapar .....	67
<b>4. KONVERGENS ELLER DIVERGENS .....</b>	<b>69</b>
Hypotesar .....	69
<b>4.1 Konvergens .....</b>	<b>71</b>
11. september 2001 .....	72
Oppretthalde NATO sin relevans .....	73
Internasjonalt regelverk og folkeretten .....	75
Tettare samarbeid mellom land .....	76
<b>4.2 Divergens .....</b>	<b>79</b>
Sentrale trekk ved forsvara under den kalde krigen .....	79
Tidleg omstilling i Danmark .....	81
Sein omstilling i Sverige og Noreg .....	81
<b>4.3 Geopolitisk posisjon -sikkerheitspolitisk tilpassing .....</b>	<b>82</b>
Danmark .....	82
Noreg .....	84
Småstat med stormakts interesser .....	85
<b>Fig. 4.1. Samanhengen mellom konflikttype og styrkebehov (Diesen, 2011:94). ....</b>	<b>88</b>
Sverige .....	89

<b>4.4 Norsk verneplikt</b> .....	<b>90</b>
Kvifor verneplikt? .....	91
Forsvaret som nasjonsbygger .....	94
Politisk institusjonalisering .....	98
Konvergens –divergens .....	101
<b>5. KONKLUSJON</b> .....	<b>103</b>
<b>5.1 Teoridel</b> .....	<b>103</b>
<b>5.2 Empirikapittelet</b> .....	<b>104</b>
<b>5.4 konkluderande funn</b> .....	<b>104</b>
<b>5.5 Vegen vidare?</b> .....	<b>106</b>
<b>BIBLIOGRAFI</b> .....	<b>107</b>
Internettadressar: .....	114
<b>VEDLEGG 1</b> .....	<b>116</b>
Militære ord og forkortingar.....	116

# 1. Introduksjon

## Problemstilling

**Dei skandinaviske landa Danmark, Noreg og Sverige har dei siste åra gått over til innsatsforsvarsmodellen. Inneber dette ei konvergens mellom dei nasjonale forsvarsmodellane og er det sentrale årsakssamanhengar som kan forklare utviklinga?**

Ordet konvergens er sentralt, å konvergere tyder å nærme seg kvarandre, altså det å bli likare (Berulfsen og Gundersen, 2004:248). Sjølv om ordet divergens ikkje er nytta i problemstillinga ligg det implisitt at divergens er ein del av det same. Divergere tyder å fjerne seg frå kvarandre, avvike (Berulfsen og Gundersen, 2004:108).

For å kunne seie noko om årsakene til konvergens eller divergens i forsvarsmodellane, må det føreligge eit teoretisk fundament. Dette må setjast inn i eit historisk perspektiv, samstundes som utviklinga mot dagens modellar må få eit grundig fokus. Målsetnaden er å kartlegge om overgangen til innsatsforsvarsmodellen inneber at modellane vert likare, dersom dette er tilfellet er det interessant å peike ut nokre moglege årsaker til denne utviklinga. I den grad den nasjonale utviklinga divergerar vil det vere interessant å framheve moglege årsaker til dette. Masteroppgåveramma inneber at det må prioriterast nokre overordna trekk i utviklinga, oppgåva er eit kvalitativt studium. Overordna inneber her at dei store trekka ikkje må tilslørast av mindre vesentlege, dersom modellane hovudsakleg konvergerar må divergerande trekk vere vesentlege for at dei vert prioritert og løfta fram med eigne årsakssamanhengar.

Mi interesse for dette forskingsspørsmålet heng saman med ei interesse for forsvars og sikkerheitspolitikk, difor har eg følgd det norske forsvaret med interesse. Det er mange tema som kunne vore aktuelle innanfor forsvars og sikkerheitspolitikk, så kvifor akkurat dette fokuset? For ein student i samanliknande politikk som ønskjer å rette søkjelyset mot utviklingstrekk i det norske forsvaret, fell det naturleg å sjå på dette gjennom ei komparativ studie med andre liknande land. Dei tre landa i utvalet har mange fellestrekk, samstundes som alle tre landa etter den kalde krigen har gjennomført omfattande omstruktureringar av forsvarsorganisasjonane til små fleksible høgteknologiforsvar. Alle landa har fått ein forsvarsmodell som passar inn i det overordna omgrepet innsatsforsvaret. Er dette einsbetydane med at utviklinga innan dei tre forsvara går i same retning?

## 1.1 Kapittel og Struktur

Kapittel to som er teoridelen er grovt sett tredelt, hovudbolken omhandlar historiske militære tenestemodellar med utgangspunkt i mi oversetting av ein tabell frå Eliot A. Cohen. Kvar av desse overordna modellane vert kort presenterte, deretter følgjer noko grundigare fokus på verneplikt og frivillig tenestemodell som er dei vanlegaste modellane i dag. Seksjonen omhandlar også kva som påverkar val av militær tenestemodell. Siste tredjedelen rettar søkjelys på det som vert kalla for revolusjonen i militære affærar, RMA. Ettersom dette er eit omfattande tema, er det prioritert ei kort presentasjon av debatten og eit utdrag av litteraturen innanfor feltet med ei avsluttande oppsummering i tabellform av hovudtrekk og epokar. Fokuset på teknologi og RMA har vore obligatorisk referanse i store delar av epoken, det er difor venta at dette har fått konsekvensar også for dei tre nordiske forsvar.

Empirikapittelet handlar om dagens tre forsvarsmodellar. Utover ei grundig presentasjon av kvar enkelt modell, er det fokusert på særtrekka ved kvart land og korleis forsvarsmodellane var under den kalde krigen. Kapittelet avsluttar med likskapar og ulikskapar mellom forsvarsmodellane, dette er sentralt ettersom desse er viktige for forskingsspørsmålet.

Analysedelen tek for seg kjernen i problemstillinga, nemleg om det er tale om ei konvergens eller divergens mellom dei nasjonale forsvarsmodellane og respektive årsaker. Konklusjonen er at dei nordiske innsatsforsvarsmodellane har mange fellestrekk. Ytre faktorar spesielt endra sikkerheitspolitiske rammer, hurtig teknologisk utvikling og nye krav gjennom internasjonale militære operasjonar har trekt dei tre modellane i same retninga. Svaret på desse multiple endringsfaktorane er mindre, meir mobile og høgteknologiske styrkestrukturar. Styrkane har samanlikna med dei tidlegare forsvarsmodellane meir einsarta utstyr, alle forsvarsgreinene er tilpassa både nasjonale og internasjonale oppgåver, for begge roller er evne til hurtig deployering over større avstand ein tydelegare dimensjon enn i mobiliseringsforsvaret.

Nasjonalt følgjer dette som konsekvens av at færre avdelingar, fartøy og fly skal dekke det same området som tidlegare, medan dette internasjonalt heng saman med aukande komplekse operasjonar i roller som småstaten tidlegare ikkje tok del i. Desse faktorane har i fellesskap medført ei overordna konvergens mellom forsvarsmodellane, ved første augekast er det lett å sjå at styrkestrukturane numerisk er historisk jamne. Omstruktureringa til høgteknologiske forsvar innanfor stramme budsjett har medført at nokre av strukturane nærmar seg kritisk masse, småstatens svar på dette er auka samarbeid både bilateralt, men også multilateralt



gjennom til dømes NATO og EU. Danmark, Noreg og Sverige føl denne trenden, men medan Noreg og Sverige samarbeider stadig tettare, ser Danmark utanfor Norden.

Overordna er svaret altså at det er konvergens mellom forsvarsmodellane på ei rekke felt, men det er også nokre felt der det er ei divergens. Spesielt gjeld dette rekrutteringsmodellen der den norske kombinasjonen med innsatsforsvar og vernepliktig rekruttering avviker frå den elles samsvarande utviklinga. Under den kalde krigen var verneplikt den primære rekrutteringsmodellen i alle tre landa. Fram til riksdagen i 2009 valde å avvikle den svenske verneplikta i fredstid, var både norsk og svensk rekruttering primært vernepliktige. Danmark har allereie over tid hatt ei overvekt av frivillige i kampavdelingane, men landet har framleis verneplikt mellom anna til ein katastrofe beredskapsstyrke. Noreg har og auka innslaget av verva soldatar, men desse utgjer ein mindre del av forswarets totale styrke, Noreg skil seg dermed ut på dette feltet. Denne skilnaden er vesentleg ettersom bruken av vernepliktige i staden for verva har betyding for kor stor del av styrken som er operativ, numerisk samsvarande styrkar får ulik evne fordi ein større del er under opplæring i vernepliktsavdelingane jamført med dei verva.

Også i den sikkerheitspolitiske prioriteringa er det skilnader, men sentrale trekk er også likare. Ettersom Danmark og Noreg under den kalde krigen som medlemmar i NATO klart var integrert i den vestlege leiren, medan Sverige offisielt var strengt nøytralt, var skilnadane sikkerheitspolitisk tydeligare enn kva som er tilfellet i dag. Sverige er no så tett integrert sikkerheitspolitisk spesielt med EU, men også bilateralt mellom anna innan Norden at det er vanskeleg å sjå den tradisjonelle svenske nøytraliteten som styrande for dagens svenske sikkerheitspolitikk. Dei siste åra har tettare militært samarbeid spesielt innan EU, men og med NATO gjennom felles internasjonale operasjonar der Sverige har tilknytning i PFP programmet vorte viktigare. Den svenske regjeringa si solidaritetserklæring ovanfor EU-landa, Noreg og Island må sjåast som eit oppgjør med nøytraliteten. Sverige er no så tett integrert sikkerheitspolitisk spesielt med EU, men også bilateralt mellom anna innan Norden, at det er vanskeleg å sjå den tradisjonelle svenske nøytraliteten som styrande for dagens svenske sikkerheitspolitikk.

Eit mindre utviklingstrekk er at Noreg med sitt hovudfokus på nordområda og eige område skil seg klart frå dansk internasjonalisme, og at Svensk utvikling med pågåande omlegging ligg nærare den danske enn den norske på dette feltet.

### 1.3 Metode og Data

Utvalet er på tre case, nemlig forsvarsmodellane til Danmark, Noreg og Sverige. Kvifor desse tre? Landa har mange fellestrekk som ei utvida gruppe ville mangle, ettersom eg har ei interesse for forsvarsspørsmål er det interessant at landa overordna har tilpassa seg den nye sikkerheitspolitiske verda gjennom overgang til innsatsforsvarsmodellen. Det kunne verke naturleg å inkludere dei to andre nordiske landa Island og Finland. Island har ikkje eige militært forsvar og er difor utelukka. Finland er utelaten fordi landet si historie gjer at landet plasserar seg noko annleis sikkerheitspolitisk samanlikna med dei andre nordiske landa (Kirby, 2007). Trass gode relasjonar i dag, er Russlands militære potensiale framleis dimensjonerande for det finske forsvaret. Den finske forsvarsmodellen er meir lik forsvarsmodellane dei tre nordiske landa hadde under den kalde krigen, enn innsatsforsvarsmodellen. Ei eventuell utviding av utvalet med andre små NATO-land ville gje rom for fleire likskapar på det aktuelle område enn Finland.

#### 1.3.1 Historisk komparativ metode

Utvalet av land har trekk frå forskingsdesignet ”most similar systems design” MSSD, dette kan sporast attende til John Stuart Mill (1806-1873) som mellom anna la grunnlaget for metodane ”most similar” og ”most different systems design”. MSSD går i korte trekk ut på at Case som har så mange fellestrekk som mogleg vert studert for å sjå om variasjonar på enkelt variablar får utslag i den avhengige variabelen medan dei mange fellesverdiane på andre variablar er ”konstante” (Pennings et al, 2006:33-34). Dette har likevel ikkje vore noko målsetnad i denne oppgåva, snarare er det ønskje om å undersøkje om det at landa nyleg har innført innsatsforsvarsmodellen inneber at det faktisk er ei reell konvergens mellom dei nasjonale forsvarsmodellane og moglege årsaksforhold til konvergens eller divergens. Skulle denne metoden vore nytta måtte dei tre landa hatt vesentleg ulike verdiar på den avhengige variabelen, det er ikkje tilfelle i denne oppgåva.

Det er vanleg å sjå på dei skandinaviske landa i mange samanhengar, spesielt samarbeidet mellom desse. Forsvars og sikkerheitspolitikk er eit felt der samarbeidet mellom landa i Norden er mindre framtreande enn andre område, det har vore forsøk og framspel, men i dei store linjene har det vore vesentlege skilnader. Under den kalde krigen var Danmark og Noreg NATO-medlemmar, medan Sverige offisielt var strengt nøytral. Eit av utviklingstrekk dei siste åra har vore auka forsvarssamarbeid mellom land, også i Norden. Det som har vorte kalla

Stoltenberg-rapporten anbefalte i 2009 eit tettare nordisk forsvarssamarbeid. Med utgangspunkt i fleire utviklikstrekk er det difor interessant å studere denne tematikken litt grundigare. Ettersom endring til likare eller meir ulike er essensen i problemstillinga, vil det vere naudsynt å bevege seg i både kortare og lengre perspektiv, metodisk vil det vere den historisk komparative metode som er rammeverket. Som ein definisjon av den historiske komparative metoden kan følgjande sitat av Mahoney vere god (Mahoney, 2004:82)

“Comparative-historical analysis is a field of research characterized by the use of systematic comparison and the analysis of processes over time to explain large-scale outcomes such as revolutions, political regimes, and welfare states. It can be distinguished from other approaches within historical sociology, such as rational choice analysis and interpretive analysis”.

Den historiske komparative metoden gjev moglegheita å undersøkje få case i detalj, spesielt nyttig er det at det kan dragast vekslar på utvikling over tid. Det er dermed ikkje berre tale om ei samanlikning mellom landa på eit tidspunkt, men likefullt mogleg å trekke samanlikningar attende i tid både innanfor og mellom case når variasjonar skal forklarast. Den historiske komparative metoden er ikkje avgrensa mot ei einskild tilnærming, i staden er den metodisk eklektisk (Mahoney og Rueschemeyer 2003:337). Det siste vil seie at den er metodisk prøvande på vegen mot svara. Dei tre mest nytta kausal vurderingsmetodane innan den historisk komparative metoden er nominal og ordinal samanlikning og analyse innanfor eit case (Mahoney og Rueschemeyer 2003:367).<sup>1</sup>


Sidan dette er eit studium av berre tre land er det rom for ei grundigare studie enn kva som hadde vore mogleg om studia inneheld mange land. Styrken er at spesielle særtrekk ved landa kan undersøkjast nærare. Eit døme i oppgåva er den norske kombinasjonen av innsatsforsvarsmodellen med vernepliktig rekruttering til alle avdelingstypar. Sidan denne praksisen divergerar frå dansk og svensk løysing, er det interessant å gå litt meir i djupna på kva som kan vere årsakene bak dette. Svakheita med få n er at dei funn som vert gjort ikkje er gyldige ut over utvalet, hadde oppgåva i staden hatt mange n til dømes ei statistisk analyse ville eventuelle funn i større grad vore gyldige ut over utvalet.<sup>2</sup> For å illustrere så har eg i grove trekk oversett og kopiert ein modell som viser forholdet mellom talet på land og abstraksjonsnivået i komparative studiar, dess fleire land desse mindre detaljert (høgt abstraksjonsnivåa) og visa versa (Landmann, 2003:25). Det mest komplekse studium er case

---

<sup>1</sup> Anbefaler (Mahoney&Rueschemeyer, 2003: 337-372) her fins ein grundig gjennomgong av feltet med døme frå anvendt forskning.

<sup>2</sup> N i denne samanheng land, men kan elles også vere talet på observasjonar eller respondentar med meir, det er dermed mogleg med ei singel-landsstudie som har mange n (Landmann, 2003:25).

studium, då kan sær mange detaljar takast med, men det er samstundes berre dette eine caset det kan seiast noko sikkert om. Ved å auke talet på case må detaljnivået nødvendigvis reduserast, men i staden kan det seiast noko om fleire. Ytterpunkta vert her dermed enten veldig detaljrikt, eller nokre få overordna trekk. Denne oppgåva ligg i den detaljerte delen av skalaen. Samstundes er det slik at også ei kvalitativ detaljert studie med få case må prioritere, først og fremst for å kunne klargjere nokre overordna trekk som kan byggjast vidare på i andre samanhengar. Samfunnsvitskapleg forskning er eit puslespel der både kvalitative og kvantitative bitar lyt inngå for at biletet skal kunne illustrere verkelegheita.



Figur 1. Abstraksjonsskalaen (Landmann, 2003:25).

## 1.4 Data

Sikkerheits og forsvarspolitisk forskning er eit område med stort datatilfang, samstundes er forsvarsområdet i sin natur slik at delar av det mest sensitive materiale vil vere unndrege offentlegheita og dermed utilgjengeleg for forskaren. Mykje av kjeldetilfanget er sekundærlitteratur skriven av enten militære gjerne som eit ledd i høgare militær utdanning eller av forskarar og sikkerheitspolitiske ekspertar. Denne oppgåva omhandlar ikkje sensitive sikkerheitspolitiske spørsmål, i tillegg er samtida prega av openheit og i vårt nærrområde ein avspent sikkerheitspolitisk periode. Det er ikkje grunn til å tru at vesentleg informasjon som ville endre sentrale trekk i oppgåva er utilgjengeleg.

### 1.4.1 Kjelder

Dette er ei kvalitativ studie med utgangspunkt i skiftlege kjelder av ulike typar. Hovuddelen av desse er sekundærkjelder i bok, oppgåve eller artikkelform skriven av forskarar og militære offiserar. Det fins også døme på primærlitteratur. Det er nytta ei rekke offentlege

publikasjonar, rapportar og dokument. Offentlege nettsider mellom desse dei militære sine offisielle nettsider er anvendt, spesielt i empiridelen. Utover desse hovudbolkane, er nettpubliserte talar, ein nettoverført sikkerheitspolitisk konferanse og nokre medieoppslag nytt

### 1.4.2 Kjeldekritikk

Som forskar er det viktig å vere bevist sitt forhold til kjeldene, dette inneber mellom anna ei sunn distanse til kjeldene og det å vere årvaken eigne bias. Andre skribentar kan ha særlege interesser og målsetnader ut frå posisjon eller ståstad som fargar publikasjonen. Kort og godt kven seier kva og kva er deira interesser. Det varierar kor etterprøveleg publikasjonar er, grovt sett er det slik at andre forskarar sitt arbeid inkludert doktoravhandlingar, militære og sivile mastergradsavhandlingar, artklar og bøker er underlagt ein streng vitenskapleg etos. Sekundærkjelder er per definisjon lettare å etterprøve (Olden, 2001:74), dette gjer det mogleg å vurdere sjølv når noko synes uklart gjennom å ta for seg det aktuelle kjeldematerialet som er anvendt. Primærkjelder som ei av bøkene til Sverre Diesen i oppgåva er eit døme på, er skriven litt annleis, i kraft av den sentrale posisjonen Diesen har hatt i det norske forsvaret sit han på ein stor mengde kunnskap som må reknast som påliteleg. Boka hans er ikkje skriven som avhandlingar og vitenskaplege publikasjonar, men ho er framleis anvendeleg som kjelde. Samstundes er det viktig å vere bevisst at Diesen sjølv har vore ein sentral del av utviklinga av den noverande forsvarsmodellen, både med det han har vore med å innføre og utviklingstrekk som var ønska. Kjeldekritisk må boka sjåast som eit innlegg i forsvarsdebatten. Den tidlegare forsvarssjefens visjon for den norske forsvarsmodellen ligg nærare opp mot utviklinga i dei to andre landa i studia enn dagens norske forsvarsmodell. Med utgangspunkt i fagfeltets kjeldekombinasjon inkludert at ein del informasjon er unndrege offentlegheita er såkalla kjeldetriangulering å føretrekke,<sup>3</sup> det bør føreligge meir enn ei kjelde i sentrale spørsmål (Repstad, 2007:29). Dersom det fins meir enn ei uavhengig kjelde som seier det same, så er det mykje meir truverdig enn om det berre fins ei kjelde som understøttar informasjonen. Innanfor historie forskinga er dette eit gammalt anerkjent godt metodisk fundament (Kjeldstadli, 1999:178). Det er elles viktig å huske på at alle publikasjonar også vitenskaplege vil vere litt farga av forfattarens ståstad, dette understrekar ytterlegare kor viktig det er med fleire kjelder.

---

<sup>3</sup> Kjelde triangulering tyder elles bruk av fleire typar kjelder slik som intervju, litteratur og liknande (Repstad, 2007:29).

Offentlege nettstadar er ikkje uavhengige, ei heller dei nordiske sine sjølv om landa er opne demokratiske samfunn. Reint faktiske opplysingar er likevel venta å vere pålitelege i utvalet. Alle tre land har så detaljerte offentlege publikasjonar over dette at det er lite problematisk å nytte dei nasjonale tala.

## 1.5 Reliabilitet og validitet

I denne samanhengen skal omgrepet reliabilitet forståast som at forskinga er utført på ein påliteleg og tillitsvekkande måte. I utgangspunktet er reliabilitet eit spørsmål om repliserbarheit, altså om andre forskarar gjennom bruk av dei same metodane kjem fram til same resultat. Dette bør tilstrebast, samstundes er det ikkje alltid like lett å gjenskape ei studie kvalitativt som det er kvantitativt (Thagaard, 2009:198). Det fins to hovudmåtar å måle reliabilitet på den første som er relevant her er god kjeldekritikk, den andre er statistiske analysar av målinganes konsistens (Ringdal, 2001:167).

Validitet er knytt til tolkinga av data, omgrepet dreier seg altså om gyldigheita av dei tolkingane forskaren har kome fram til. Presisert i denne samanheng om tolkinga me kjem fram til er gyldig ut frå den verkelegheita me har studert (Thagaard, 2009:199). Det vert skilt mellom fleire ulike typar validitet, mellom desse internvaliditet, ekstern validitet, omgrepsvaliditet og konklusjonsvaliditet.<sup>4</sup> Utover å peike på at forståing av validitet er sentralt for god forskning vil dette ikkje vere gjenstand for ei vidare utgreiing i denne korte metode seksjonen. For å setje desse omgrepa inn i eit større perspektiv enn den kvalitative tilpassinga her, kan ei enkel setning frå professor Tor Midtbø vere til hjelp: ”Mens reliabilitet dreier seg om hvorvidt målingene er nøyaktige nok, er validitet et spørsmål om vi måler det vi faktisk ønsker å måle” (Midtbø, 2007:25).

## 2. Teorikapittel

I dette kapitlet vil ulike militære tenestemodellar vere sentralt. Dei fleste moderne militære tenestemodellane vaks fram i perioden 1776 og 1914, noko som gjer studie av denne perioden viktig (Cohen, 1985:42). Samstundes har det vore stor endring i val av tenestemodell i vestlege land etter den kalde krigens slutt, pendelen har svinga attende frå vernepliktsbaserte modellar til modellar med frivillige verva mannskap. Dette er ei interessant utvikling, no er

---

<sup>4</sup> For ei grundig innføring i validitet anbefalast, Skog, Ole J. (2004): kap 4: 87-115.

det framveksten av dei ulike tenestemodellane, eigenskapane deira og grunnlag for val av tenestemodell som er hovudfokus. Eg har vald å nytte typologiane til Eliot. A Cohen frå boka ”Citizen and Soldiers” frå 1985 som ei basisramme når det gjeld typar militære tenestemodellar, forfattaren gjev ei grundig og historisk systematisk presentasjon av tematikken.

Del to er ei noko grundigare fokus på verneplikt og frivillig tenestemodell som er dei vanlegaste modellane i dag. Delen tek også for seg kva som påverkar val av militær tenestemodell. Medan siste seksjonen i teoridelen er via Revolusjonar i militære affærar, kort kalla RMA. Dei to siste tiåra har det vore stort fokus på ein pågåande RMA, debatten kan karakteriserast som intens både om det er tale om ein RMA, innhaldet i RMA og ikkje minst diskusjonen kring potensialet som ligg i RMA. Fokuset er ei kort innleiande presentasjon av militære revolusjonar sentrert kring RMA historisk sett, avslutningsvis ei grovskisse av fasane i debatten og eit utdrag av litteraturen innanfor feltet med ei avsluttande oppsummering i tabellform av hovudtrekk og epokar.

## 2.1 Militære tenestemodellar

Det er berre rom for ei kort presentasjon av hovudtypane av dei historiske militære tenestemodellane. Verneplikt vert grunna betydinga i nyare militær historie via litt større plass. Dei siste par tiåra har profesjonelle forsvarsmodellar teke meir og meir over i den vestlege verda, frivillig modell får difor også ei litt grundigare handsaming i midtseksjonen.

Fleirtalet av modellane som vert presenterte i Cohen er ikkje er relevante i dagens kontekst, likevel vert alle hovudtypane kort gjennomgått slik at den overordna ramma er kjent. Det fins mange variasjonar innan hovudkategoriane, ettersom det er tale om ein modell kan det Tord Høivik seier om modellar sitert i Ottar Hellevik vere eit fornuftig perspektiv: *”en modell er en idealisert framstilling av et fenomen eller objekt, der enkelte vesentlige trekk ved virkeligheten blir isolert eller fremhevet, mens de øvrige egenskaper utelates”* (Hellevik, 1999:80). Tabell 2.1 Er oversett frå Cohen og listar opp åtte ulike modellar: (1) Ekspansiv (expansible), (2) Universell Militær trening: Universal military training (UMT), (3) Militis: Militia, (4) Kader/verneplikt: Cadre/Conscript (5) Fullstendig frivillig styrke (frivillig): All volunteer force (AVF), (6) Ancien regimets verneplikt (ancien verneplikt): Ancien regime Conscript,

(7) Profesjonelt: Professional og (8) Selektiv teneste: Selective Service. Eg vil kort gjere greie for kvar enkelt modell:

**Tabell 2.1 Hovudtypar av Militære tenestemodellar (Cohen, 1985:23).**

System	Militært føremål	Lengde teneste	Rekrutteringsmetode
Ekspansiv	Opplæring	Lang teneste	Frivillige
Universell Militær trening	Opplæring	Kort (t.d. 6 mnd)	Allmenn
Milits	Heimevern	Deltid samt innleiande teneste.	Alle
Kader/verneplikt	Nasjonalt forsvar/Generelt formål	Kort	Universell, randomisert, selektiv
Frivillig (AVF)	Generelt formål	Kort	Frivillige
Ancien verneplikt	Generelt formål	Lang teneste	Klasse basert
Profesjonelt	Generelt formål	Lang teneste	Frivillige
Selektiv teneste	Generelt formål	Lang teneste (konfliktens varigheit)	Selektiv

### 2.1.1 Ekspansiv militærmodell

Det Ekspanderande systemet vart mellom anna nytta av USA frå hundreårsskiftet til 1940 og av Tyskland i mellomkrigstida. Blant særtekkja er ein liten profesjonell hær som i fredstid førebur seg på utviding, kjernen av leiarskapet i krigsarmeen består av eit profesjonelt offiserskorps. Til skilnad frå Kader/vernepliktssystemet medfører mangelen på befall behov for hurtig forfremjing av vernepliktige sivilistar til befall i krigstid. Grunna tida det tek å sette ein stor styrke på feltfot er det få land som har valt denne modellen (Cohen, 1985:77). Likevel har det vore ein modell som har vorte anvendt med stor suksess mellom anna av Tyskland fram mot andre verdskrigen.

Tyske planar i mellomkrigstida innebar ekspansjon av militærmakta om restriksjonane frå Versailles traktaten skulle bli løfta eller ignorert. Den vesle armeen vart dermed ein arme av leiingar, alle offiserar og underoffiserar fekk opplæring minst ei grad over si tenestestilling. Under nazistane vart hæren gradvis utvida først ved opptak av frivillige mellom 1933 og 1935, frå 1935 gjennom gjeninnført allmenn verneplikt. Trass sterk utviding held Reichswehr fram som kjernen i offiserskorpset gjennom heile andre verdskrigen (Cohen, 1985:78). Dei gjorde den tyske krigsmakta til ei ekstraordinær effektiv militær organisasjon. Men det tok fire år å skape ein arme som var i stand til å slå Polen og Frankrike, til 1938 hadde dei berre skapt 27 divisjonar jamført med ti før 1933. I denne perioden var Tyskland ute av stand til å



handtere ein førsteklasses motstandar. Ein fordel med ein liten profesjonell arme av fulle divisjonar var at det tyske offiserskorps hadde erfaring i å leie fulle avdelingar med godt mannskap, med ein taktikk basert på at dei var i mindretal både når det gjeld utstyr og mannskap (Cohen, 1985:78).

Andre døme er Canada, New Zealand og Australia som under andre verdskrigen omdanna små fredsforsvar med tilhøyrande militser til relativt sett store velfungerande krigsarmear på kort tid. Godt leiarskap frå offiserar tilhøyrande militserorganisasjonane før krigen, var ein av suksessfaktorane som gjorde hurtig utviding mogleg (Cohen, 1985:81).

## **2.1.2 Universell Militær trening**

Alle fysisk eigna unge menn gjennomgår ei kort periode med militær opplæring i løpet av vidaregåande eller kort tid etter. Boka sine døme er Australia før første verdskrigen og eit føreslått system i USA i 1948 (Cohen, 1985:23). Seksjonane i boka som tek for seg dette systemet fokuserar på den amerikanske debatten for og i mot ein atypisk aktuell amerikansk versjon, det er lite relevant her.<sup>5</sup> Der var det tale om ei kort opplæring av mannskap som etter fullført grunnopplæring korkje skulle nyttast som ståande styrke eller reserve. Desse skulle i staden vere ein styrkebrønn som hurtig kunne trenast om ny stor konflikt skulle oppstå (Cohen, 1985:156-157). Elles er det kort referert at Australia fram mot første verdskrigen hadde eit militært treningsprogram ved skulane for gutar i ungdomsåra frå 14 års alderen, eit system som ikkje var utan kritiske røyster (Cohen, 1985:129).

## **2.1.3 Milits modellen**

Karakteristisk for modellen er ein stor organisert styrke av ”borgarsoldatar” som i fredstid trenar periodevis, til dømes ei helg månaden eller ein kortare periode årleg, det er elles berre naudsynt med ei relativt kort grunnopplæring. Offiserar og befal på alle nivå utan det øvste er deltidstilsette. Det fins døme på både frivillige og vernepliktsbaserte militssystem. For enkelte statar har militser vore eit supplement til andre system, den amerikanske nasjonalgarden som er ein arvtakar frå kolonimilitser under sjølvstendetida er eit døme (Cohen, 1985:70). Dei

---

<sup>5</sup> Debatten var brei og argumentasjonsrekka inkluderte heilt andre forhold enn det reint militære mellom anna utdanning, samansveising av nasjonen, den ambivalente argumentasjonsrekka var like mykje til hinder som til fordel for innføring av UMT som trass fleirtal i opinion og støtte av President Truman leid nederlag i kongressen (Cohen, 1985:128-131,141-142,155-162).

nordiske heimevernsstyrkane har klare trekk frå militssystemet. Elles er både Sverige og Noreg under den kalde krigen referert som utgåver av militssystemet (Saxi, 2010:26; Cohen, 1985:74), det er både likskapar og klare ulikeskapar i desse modellane i høve karakteristikkane, men desse vert ikkje gjenstand for noko vurdering i denne samanheng.

Sveits vert rekna som det beste dømet av Militforsvarsmodellen både med tanke på utstyr, doktrine og trening, men systemet er i moderne tid ikkje testa i kamp. Under alle dei tre større krigane mellom Tyskland og Frankrike (begge verdskrigane medrekna) mobiliserte dei sveitsiske styrkane for å sikre grensene, at dei ikkje har vore i strid kan også vere ei indikator på at systemet har fungert (Cohen, 1985:70).

Systemets sterke sider er mellom andre lokalkjende avdelingar over heile landet, både mannskap og befal kjenner kvarandre kanskje også som naboar og det skapar godt samhold. Ei anna styrke er at det militære får nyttiggjort alle tilgjengelege menneskelege ressursar i motsetnad til kader/verneplikt systemet der det er eit utsnitt (Cohen, 1985:74-75).

Lite ståande styrkar gjer mobiliseringa til akilleshælen for militssystemet, Cohen framhevar manglande norsk evne til mobilisering under felttoget i 1940 som døme på denne svakheita. Ettersom ein vesentleg del av den yrkesaktive befolkninga er innrullert, skal det også mykje til før mobilisering er aktuelt. Når det først er mobilisert er det avgrensa kor lenge landets styrke kan vere mobilisert utan at det får store konsekvensar for økonomien. Milit avdelingar og reservistar er ikkje like øva som ståande avdelingar, dei er difor innleiingsvis lite eigna for større kombinerte militære operasjonar. Milit og vernepliktsmodellen er ueigna for små krigar, å kalle inn foreldre og arbeidstakarar for ein avgrensa krig av diskutabel viktigheit er politisk vanskeleg. Milit systemet eignar seg best for nasjonale forsvarskrigar i eige nærrområde (Cohen, 1985:74-77).

#### **2.1.4 Kader/vernepliktsmodellen**

Prøysens siger mot Frankrike i 1870-71 vert rekna som ein triumf for det vernepliktsbaserte kadersystemet over ein utdatert tenestemodell, Ancien modellen. Verneplikt etter den prøyssiske modell spreidde seg i tida mellom 1870 og 1900 og kaderverneplikts modellen vart nær einerådande på det Europeiske kontinentet, under den kalde krigen var den for mange

land synonymt med effektivt forsvar (Cohen, 1985:56-58). Heilt kort så innebar størrelsen til dei nye vernepliktsarmeane, evne til å erstatte falne og dei store reservane som kunne setjast på feltfot fordelar som ein allereie delvis hadde erfart i dei franske revolusjonskrigane. Eit anna sentralt utviklingstrekk var at industrialiseringa og jernbana gjorde at store armear kunne haldast i felt utan å vere avhengig av lokal tilgang på mat og ressursar. Franske vanskar med å erstatte tapet av nær heile den profesjonelle feltarmeen ved Sedan og Metz i 1870 med vernepliktige, viste at det var naudsynt med eit minimum av opplæring og trening før vernepliktige var anvendelege i strid (Cohen, 1985:58).

I kader vernepliktsmodellen vert unge menn ved ei viss alder til dømes 18-21 kalla inn etter eit fastsett behov, nokre land innrullerar alle tenestedyktige.<sup>6</sup> Normal tenestelengde er frå om lag eit til tre år, etter denne vert soldatane reservistar gjerne med periodevise repetisjonsøvingar, men ikkje alle modellane praktiserar dette. Kor lenge soldatane er reservistar varierar frå land til land. Som namnet tilseier er kader/verneplikt modellen avhenging av ein grunnstamme av underoffiserar og offiserar som trenar og leiari dei innrullerte,<sup>7</sup> nokre innrullerte må og nyttast som underbefal og som lågare reserveoffiserar for å sikre leiarskap i rekkene ved full mobilisering (Cohen, 1985:66-67). Kaderavdeling er per definisjon ein mindre ståande styrke som er førebudd utvida med reservistar.

Systemet fungerer best med planmessig bruk av reservistar, dette gjorde Tyskland vellukka under begge verdskrigane, medan Frankrike undervurderte dette aspektet før første verdskrigen. Ut frå systemets type kan sjølv relativt små konflikhtar krevje bruk av reservistar, til dømes Sovjet i Afghanistan frå 1979 (Cohen, 1985:67).

Modellen sikrar ein stor ståande styrke med trena soldatar, i tillegg er betydelege reserver tilgjengelege ved mobilisering. I motsetnad til profesjonelle treng ikkje desse betalast lønn eller andre kompensasjonar, dei treng heller ikkje noko innleiande eller oppfriskande trening slik som militars soldatar før dei kan setjast inn i kamp.<sup>8</sup> Kadersystemet kostar mindre per mann enn ein profesjonell arme, men vesentleg meir enn eit militars system eller ekspanderande

---

<sup>6</sup> Fokuset på kompetansetapet underrekrutteringa av kvinner inneber for det militære er aukande.

<sup>7</sup> I engelskspråklege land kalla NCO, non-commissioned officers, eit godt underoffiserskorps vert rekna for essensielt for ein god kader/vernepliktsarme. Ein stor svakheit ved det norske systemet var at einskapsbefalsordninga innebar at alle befal hadde ei kort avdelingsteneste som lågare befal og dermed fråver av eit underoffiserskorps som over tid opparbeida seg spesiell kompetanse på dette nivå (Diesen, 2011:164-168).

<sup>8</sup> Dette kjem likevel an på i kva grad reservistane vert trena og ikkje minst kompetansen til reservebefalet.

system. Soldatane lyt husast, forpleiast, trenast og utstyrast til betydelege kostnader (Cohen, 1985:67-69).

Ulempene er at den vernepliktige må setje karrieren på vent, dette kan skape missnøgde og ineffektive soldatar. Dersom tenesta ikkje er allmenn i reell forstand, kan dei som vert plukka ut føle det urettvist. Dette kan føre til forsøk på å unndra seg teneste, skape dårlege relasjonar mellom dei vernepliktige og det militære. Dette kan få utslag i aukande misnøye med låg godtgjersle, enkel innkvartering og den strenge militære disiplinen. Landa i Europa med vernepliktssystem var klar over desse faktorane, og mottiltak vart sett i verk. Til dømes vart det i enkelte europeiske land på 60-talet med bakgrunn i store årskull innført kortare teneste for dei som vart innkalla. Det same var tilfelle i periodar med lågare militære budsjetttrammer, framfor større endringar i det grunnleggande systemet korta mange land i mellomkrigstida ned tenestetida.<sup>9</sup> kort teneste er ei utfordring for militær effektivitet, ettersom avdelingane både vert mindre kapable og kampklare (Cohen, 1985:68).

Den danske modellen under den kalde krigen passar inn i kader/vernepliktsmodellen med unntak av heimevernet, medan norsk og svensk modell som tidlegare nemnd har vore plasserte innanfor militismodellen. Det var likevel mange sentrale trekk frå kader vernepliktsmodellen i den norske og svenske modellen, ståande beredskapsstyrke, avdelingar med vernepliktige frå heile landet, relativt lang grunnopplæring, repøvingar og større forband. Medan lokalforsvarsavdelingar, enklare utstyrte feltavdelingar og heimeverna passar betre med militismodellen.

### **2.1.5 Frivillig, AVF-modellen**

Cohen fokuserar på den amerikanske militære tenestemodellen som vart innført i 1973 og som midt på 80-talet vart møtt med kritiske røyser. Det vart retta søkjelys på kvaliteten til dei rekrutterte mannska, forfattaren var sjølv kritisk til modellen i ei tid der modellen var uprøvd i krig og USA med sine allierte i NATO stod ovanfor Sovjet og Warszawapakta (Cohen, 1985:166-182). AVF som er modellens engelske forkorting for "All Volunteer Force" er framleis gjeldande amerikansk tenestemodell, trenden sidan 90-talet har vore at stadig fleire NATO-land går over til variantar av frivillig profesjonelt forsvar (Williams,

---

<sup>9</sup> Bortsett frå Finland gjaldt dette også dei nordiske land, dette var ei medverkande årsak til at standarden på det norske og danske forsvaret var låg i 1940.

2005:35-62). Tenestemodellen har etter den vart innført i aukande grad vorte vevd saman med høgteknologisk utstyr som relativt sett har styrka effektiviteten til frivillige samanlikna med korttidstenestegjerande vernepliktige (Rostker, 2006:120). I tradisjonelle konvensjonelle konflikthar har systemet vore overbevisande effektivt. Gjennombrøtet kom ved den amerikanske leia Golfkrigen i 1991 som ikkje berre var ei framvising av overlegen amerikansk militær teknologi, men også ein demonstrasjon av ein velfungerande forsvarsmodell (Krebs, 2006:4).

Dei kritiske spådomane mot modellen på 80-talet viste seg i det lange perspektiv utan dekning og dei er såleis mindre relevant i denne samanheng, derimot er det riktig at modellen hadde relativt store innkjøringsproblem som tidleg på 80-talet gjorde at mange var kritiske til modellen. Spesielt skapte den sterke økonomiske veksten og relativt lågare lønningar i det militære problem, dette medførte større rekrutteringsvanskar samstundes med at fleire enn estimert avslutta kontraktane sine. I tillegg vart det avdekket at normeringsfeil ved evnetestane hadde resultert i opptak av fleire frå nedre tillatne evnekategori enn statistikken tilsa. Ut frå statistikken var det i 1980 åtte prosent i nemnde kategori, medan det reelt var 48 prosent mot 30 prosent i den amerikanske populasjonen (Cohen, 1985:173; Rostker, 2006:392-400, 463-495). Fleire tiltak vart sett i verk, spesielt kvalitetsrekruttering og lønsauke over fleire år fekk positive utslag. Inn mot 90-talet hadde 90 prosent av dei verva vidaregåande skule og 70 prosent skåra over snittet på evnetestane (Krebs, 2006:3-4). Etersom Cohen i liten grad presenterer modellen utover prosessen som førte til innføringa av AVF og utfordringar i samtida er det naudsynt med andre kjelder når denne modellen skal presenterast. Dei langvarige konflikta i Irak og Afghanistan har dei siste åra sett systemet på prøve. Spesielt har hyppige deployeringar av tenestegjerande samt innkalling av hundretusenvis av reservistar til utanlandstenesta medført stor slitasje på personell og systemets kapasitet (Korb, 2011:82). Det er likevel ikkje tale om alternative modellar, i staden har det vorte sett inn tiltak for å betre rekrutteringa mellom større signeringsbonusar for ny periode (Krebs, 2006:3).

Litteraturen over AVF-modellen er omfattande, for denne oppgåva rekk ei kort presentasjon av modellen. I samband med den amerikanske modellens 35 års markering gav Randinstituttet ut ei bok på over 800 sider om utviklinga sidan innføringa i 1973 (Rostker, 2006), elles vil ei rekkje artiklar inkludert den såkalla Gates kommisjonsrapporten frå 1970 som var ein sentral del av vurderingsgrunnlaget for kongressen i samband med innføringa av AVF-modellen vere av interesse (Gates, 1970).

I korte trekk inneber AVF-modellen at all rekruttering til militæret er basert på frivillige, både befall og menige mannskap er fast tilsette. Soldatar og ein del av det lågare befalet er tilsett for ein eller fleire periodar på nokre få år, for dei er det militære ein avgrensa del av yrkeskarrieren. Systemet har til felles med fleire andre tenestemodellar yrkesoffiserar, for yrkesoffiseren er det militære hovudkarrieren. Dei fleste av AVF-modellane har også eit underoffiserskorpset, i samtids norsk samanheng gjerne omtala som avdelingsbefal.<sup>10</sup> Korporals og sersjantsjiktet har vanlegvis sine eigne karrierestigar med tilhøyrande gradsystem, desse vert på engelsk kalla NCO (non-commissioned officer). NCO har ei sentral rolle på lags, tropps og kompaninivå og har heile tenestetida der. Som eit døme kan underoffiserar i Storbritannia enten ha korttidskontraktar på mellom tre til fem år, eller fast tilsetjing med oppseiingstid på 18 månader, maksimal tilsetjingstid er 22 år (Zold, 2002:63). Godt leiarskap og solid kompetanse i dette sjiktet vert rekna som ein nøkkelfaktor for den samla stridsevna til ei større avdeling. Avdelingsbefalskorpset er også sentralt i andre moderne tenestemodellar og slik sett ikkje unikt for AVF-modellen, ein god kader verneplikts arme er mellom anna kjenneteikna av eit kompetent avdelingsbefal.

Fordelane med AVF-modellen er fleire, den grunnleggjande opplæringstida er berre ein kort del av den samla tenestetid. Ein soldat som er verva for fire år, vil med eit års opplæring likevel berre vere under grunnopplæring 25 prosent av totaltida. Lenger tenesteperiode reduserar talet på soldatar som treng opplæring tilsvarande aukinga. Ei auke frå to til tre års teneste, reduserar talet som treng opplæring for perioden med tredjedelen. (Gates, 1970:84). Utover basisopplæring kan dei tenestegjerande soldatane over tid nå eit avdelings og enkeltmannsferdigheitsnivå som ikkje let seg gjere på kort tid.

Lengda på tenesteperioden og kor mange periodar den enkelte soldat kan tenestegjere varierer mellom landa. Franske og Nederlandske analyser konkluderar med at åtte år er den mest kostnadseffektive lengda på tenesta for menige (Jørgensen, 2009:52), dei fleste land

---

<sup>10</sup> Underoffiserskorpset i Noreg vart avskaffa ved hærordninga av 1933 og erstatta med einskapsbefalsordninga. Det tidlegare underoffiserskorpset vart selektert til underoffisersskulen etter dugleik, med brei kunnskap innan skiving, leing og rekneskapsføring var dei ofte ettertrakta i heimbygdene der slike ferdigheiter ikkje alle stadar var vanleg. Det seier noko om yrkesstoltheita at enkelte av kommandersersjantane og Fanejunkere som etter 1933 fekk høvesvis løytnants og kapteinsgrad i det nye systemet, valde å slutte fordi dei vurderte dette som ei degradering (Smith, 1978:86-88). Med samanheng mellom lønn og grad i einskapsbefalsordninga, har lågare befalsstillingar vore praktisert som korte plikttenestestillingar før vidare avansement eller pliktteneste før dimisjon til mobiliseringshæren. Avdelingsbefalsordninga frå 2004 der avdelingsbefal kunne arbeide til dei var 38 år vart innført for å styrke kompetansen i den norske modellen. Ordninga møtte sterk motbør mellom anna frå fagforeiningane (Diesen, 2011:164-168).

praktiserar kortare periodar vanlegvis mellom tre og fem år. Det er ei nedre grense der korte engasjement ikkje gir noko avkastning i høve opplæringskostnadane, jo større utdanningskostnader dess lenger må tenestetida vere. Den lange plikttida for militære pilotar er illustrerande (Gwyn, 2001:39). Det er gunstig om soldatar tenestegjer meir enn ein periode ettersom dei sit på verdifull kompetanse, ordningar med signeringsbonusar for ny periode er difor mykje nytta (Jørgensen, 2009:52). I AVF-modellen er mestedelen av styrken fredsoperativ, dei fleste utgåvene av modellen har likevel eit system med reservar som kan kallast inn om konflikhtar vert større eller varer lenger enn den ståande styrken kan handtere.

Profesjonelle soldatar har kontrakt avklart tilhøve kring beordring til utanlandsteneste, i praksis inneber dette at AVF-modellen er meir fleksibel når det gjeld operasjonar utanfor landets grenser. Fleire av dei europeiske landa som har gått over til AVF-modellen etter den kalde krigen kan vise til at større delar av strukturen er operativ for internasjonal teneste, i tillegg fyller soldatane eit breiare spekter av oppgåver (Jørgensen, 2009:52). Ein annan fordel er at vesentlege delar av den samla slagkrafta kan vere på plass i det ein eventuell konflikt startar, dette reduserar sannsynet for at ein angripar kan oppnå sentrale mål innleiingsvis før eigne styrkar er på plass. Dette har vore den største svakheita til modellar som er avhengige av reservistar. Ståande profesjonelle avdelingar hever terskelen ein motstandard må overgå om denne vurderar bruk av militære maktmidlar.<sup>11</sup>

## Rekruttering

Den amerikanske generalen Maxwell Thurman var ein markant forkjempar for den amerikanske AVF-modellen, mellom anna vert han rekna som mannen bak den første vellukka rekrutteringsstrategien. Under slagordet ”Be All You Can Be” var fokuset for denne kampanjen høgkvalitetsrekruttar (Rostker, 2006:387). Eit av hans mest kjende sitat er: “Today’s military may be called an all-volunteer force, but it is, in reality, an all-recruited force” (Behringer, 2003:2). Det er ei utfordring at rekruttering skjer på den opne marknaden i konkurranse med utdanningsinstitusjonar og arbeidsmarknaden, verneplikt inneber ei forfordeling av det militære med tilgang til eit tverrsnitt av tilgjengelege mannskap (Diesen, 2011:162). Til dømes definerar det amerikanske forsvaret unge i aldersgruppa 17-25 med vidaregåandeskule eksamen, tilfredstillande evner og moralsk standard som si

---

<sup>11</sup> Ståande avdelingar vil uavhengig av rekrutteringsmetode heve terskelen, land med lang verneplikt får samsvarande beredskap.

hovudmålgruppe (Behringer, 2003:4). For målgruppa vert lønn og moglegheiter i det militære vurderte opp mot alternativa i det sivile. Soldatyrket er med den militære disiplin og organisasjon spesielt, yrket grip inn i kvardagen på ein måte som elles er uvanleg i arbeidslivet. Noko som medfører at avgjerda må vurderast grundig, gjerne saman med prørande (Gwyn, 2001:108).

Det fins fleire studiar som rettar søkjelyset mot rekruttering og samansetninga av personellet i AVF-modellen,<sup>12</sup> i tillegg til personelldugleik har også minoritetane si overrepresentasjon samanlikna med respektiv del av populasjonen elles vore gjengangartema i denne litteraturen. På same måten som det amerikanske forsvaret hadde vanskar i overgangsfasen til frivillig militærtjeneste, viser også europeisk erfaring at dei fleste landa opplever ein fase med rekrutteringsvanskar. Forskingslitteraturen på feltet er omfattande, den fokuserar på alt frå kva faktorar som påverkar tilbøyelegheita til verving for målgruppa, korleis arbeidsmarknaden, økonomien og ungdomsarbeidsløyse verkar inn, spesielt synes lønnsnivået og goda til dei tenestegjerande å vere løfta fram som eit viktig område. Det er ikkje berre rekruttering av nye mannskap som er viktig, dersom erfarne soldatar signerar for ei ny periode reduserar dette opplæringskostnadane. Dersom mange sluttar etter kort teneste, kan sjølv eit mindretal misnøgde skape inntrykk av det militære som ein lite attraktiv arbeidsplass og med det bidra til vanskelegare rekruttering. Rett balanse mellom erfarne soldatar og nyrekruttering er sentralt. Tendensen er at militær rekruttering er lettare i land med høg ungdomsarbeidsløyse, medan stram arbeidsmarknad og sterk økonomisk vekst tenderar til å gjere det vanskelegare å rekruttere (Behringer, 2003:27). Stabil rekruttering av kvalifisert personell heng saman med konkurransedyktig løn samanlikna med tilsvarande jobbar i det sivile. Satsinga til det amerikanske forsvaret viser at det er mogleg å rekruttere tilstrekkeleg kvalifisert personell.

Kostnadane med soldatar på full lønn og evna til å rekruttere medfører at den totale styrken vil bli lågare samanlikna med potensialet i eit vernepliktsbasert system (Gwyn, 2001:15). Dei største landa kan framleis halde store militærapparat på frivillig basis, medan mellomstore og mindre land med AVF-modellen berre vil kunne oppretthalde ein relativt liten ståande militærstyrke. Teknologisk fordyring og framveksten av ny teknologi spesielt data og informasjonsteknologi har medført ei generell reduksjon av størrelsen på dei militære styrkane

---

<sup>12</sup> Det amerikanske forsvaret er overrepresentert innan litteraturen på området, ettersom USA er verdas dominerande militærmakt er det også slik at det for mange land vert eit naturleg referansepunkt for eigen utvikling innan det militære (Smedberg, 2004:297).



sidan 90-talet. Slutten på den kalde krigen innebar også reduserte forsvarsløyvingar, Europeiske NATO-land reduserte løyvingane med mellom ti og femti prosent det første tiåret (Zold, 2002:26). Det er dermed ikkje tilgjengelege mannskap som er grensesettande, men kor mange som kan trenast og utstyrast innanfor tildelte ressursar. Det er tale om ei balansering av kvantitet kontra kvalitet, meir av det eine inneber mindre av det andre og visa versa. Deler av årsaka til at også mindre land går over til AVF-modellen kan vere å finne i desse punkta.

Prosentdelen av budsjetta som går med til personell kostnader etter innkjøringsperioden vil vere lågare med AVF-modellen, dermed kan ein relativt sett høgare del nyttast til nyinvesteringar. Dette kjem av reduserte strukturar med tilhøyrande trenings fasilitetar og færre soldatar som skal utstyrast. USA, Storbritannia og Canada som har lang erfaring med AVF-modellen, nyttar ein høgare prosentdel av sine budsjett på nytt utstyr samanlikna med snittet i NATO (Williams, 2005:40-41).

Økonomane har vore opptekne av at frivillig rekruttering synleggjer dei faktiske samfunnsøkonomiske kostnadane som militærtjenesta inneber. Som tilsette får dei reelle frivillige løn for si militærtjeneste, medan anna arbeidskraft vert nytta samfunnsøkonomisk gunstigare andre stadar. I dette perspektivet vert det løfta fram at kostnaden med militærtjeneste ikkje er synleggjort i verneplikssystemet, konsekvensen av dette er at samfunnets ressursar ikkje vert nytta optimalt fordi det oppstår det som i økonomien vert kalla eit effektivitetstap. Heilt kort inneber dette at arbeidskrafta framstår rimelegare enn den reelle kostnaden, det militære vert dermed subsidiert med billig arbeidskraft og nyttar som konsekvens av dette meir arbeidskraft enn økonomisk optimalt. Den reduserte personellstyrken ved AVF-modellen er ikkje berre eit utslag av at den verkelege personellkostnaden medfører at mannskapa lyt nyttast effektivt, den er også eit resultat av at ressursar vert allokert over til andre faktorar som relativt sett vert rimelegare. Utviklinga vert dermed i tråd med samfunnet elles, der den relative kostnaden for arbeidskraft er høg vil det svare seg med større investeringar i maskiner og utstyr som reduserar behovet for arbeidskraft, det handlar om relative kostnader mellom faktorar som kapital, arbeidskraft og teknologisk utstyr. Ein kort illustrasjon. I fattige land der tilgangen til rimeleg arbeidskraft er stor og maskiner relativt dyre, kan det vere fornuftig å bygge vegar med manuell arbeidskraft og få maskiner. I rike land vil dette vere uaktuelt ettersom kostbar arbeidskraft medfører at maskiner relativt sett vert rimelegare, vegbygging vert difor utført med mange maskiner og få arbeidrarar. (Frank, 2003:349). Både effektivitetstapet og tilhøvet mellom arbeidskraft, kapital

og utstyr kan lett illustrerast ved bruk av enkle modellar (Poutvaara og Wagener, 2011), vidare er det naturleg i ei slik framstilling å ta for seg faktorar som rekrutteringselastisiteten ved auke i løn og andre liknande faktorar (Gates, 1970:207-210). Det vert ikkje prioritert her, det fins fleire gode studiar som utførleg tek for seg AVF-modellen og verneplikt ut frå eit økonomisk perspektiv, anbefaler følgjande artiklar (Warner, Miller og Asch. 2008; Perri, 2010).

### **2.1.6 Ancien regimets verneplikt**

Ettersom dette er ein tenestemodell som ikkje lenger er nytta vert det berre ei kort framstilling av denne. Verneplikta innebar obligatorisk teneste over lang tid for bestemte klassar, lågare klassar som soldatar og adelege som offiserar. Bestemte klassar har lovbestemt fritak frå militærtjeneste.

Seleksjon og tenestelengde varierte, nokre hadde fri mestedelen av året mot pliktteneste ved krig andre tenestegjorde på heiltid opp mot over 20 år. Det karakteristiske med ancien epokens armar var i mindre grad rekruttering av vernepliktige ettersom det også fans døme med frivillig rekruttering, snarare var særtekka at soldatane hovudsakleg var frå dei lågare klassane og at desse hadde sær langvarig teneste. Mestedelen av offiserane var derimot frå dei øvre klassane med eit stort innslag av adelege. I dei tekniske bransjane som artilleri og ingeniørvåpenet, kunne også representantar frå dei lågare klassar avansere inn i offisersstanden. Kongeriket Preussen vert rekna som den mest vellukka og fremste representanten for denne modellen (Cohen, 1985:45-46).

### **2.1.7 Profesjonelt forsvar**

I dei fleste samanhengar når eit forsvar vert omtala som profesjonelt går tankane til eit frivillig rekruttert yrkesforsvar, Cohen nyttar Storbritannia frå 1700 talet fram til samtida med unntak av verdskrigane som eit døme. Her kan det føyast til at den britiske verneplikta som vart innført i 1940, var i kraft fram til 1957 og ikkje heilt avskaffa før frivillig modell var fullt operativ frå 1962 (Wolcke, 1999:41). I litteraturen vert Storbritannia referert til som eit tidleg døme på AVF-modellen og dei karakteristikkane som gjeld modellen passar godt på den moderne britiske modellen, slik sett vert det lett å blande saman dei to. Hovudskilnaden mellom den historiske profesjonelle-modellen og AVF-modellen er lengda på tenesta, den profesjonelle-modellens soldatar, avdelingsbefal og offiserar er langtidstenestegjerande,

forsvaret er ein karriere. Til dømes var vervingstida for soldatar i den britiske hæren på 1800-talet 21 år, det var vanleg med eit alderspenn frå unge gutar til middelaldrande menn (Cohen, 1985:45).

Dagens britiske modell har ei avgrensa tenestetid, sjølv om tenesteperioden for nokre få er lang. Av praktiske omsyn er det naturleg å rekne AVF-modellen som er i ferd med å bli dominerande innan NATO og vesten, som ei utgåve av profesjonelt forsvar. Når profesjonelt forsvar vert omtala, er referansepunktet i dag mest sannsynleg ein modell som liknar meir på AVF-modellen framfor den meir ”historiske” profesjonelle modellen i tabellen til Cohen. I denne samanhengen er profesjonalisering av det militære at soldatar og befal er fast tilsette framfor ”ulønna” vernepliktige, dei har frivillig underskrive kontrakt og har ei profesjonell tilnærming til si rolle. Om tenestelegda er tre eller åtte år, om dei tenestegjer for ein eller fleire periodar er underordna ettersom rolla til den enkelte er den same i den tida han eller ho er tilsett i det militære som soldat av yrke.

### **2.1.8. Selektiv Tenestemodell**

Modellen er tilpassa store konflikter og vart nytta av det amerikanske forsvaret under verdskrigane. Ideen er at alle dei tilgjengelege mannskapsressursane til samfunnet skal kunne setjast inn der dei gjer mest nytte for seg. Verkemiddelet har berre vore nytta i krigstid, personell vert vald til teneste basert på anvendelegheit i ei total (økonomisk og militær) krigsinnsats. Preferansar, flaks, opphav og velstand betyr ingenting (Cohen, 1985:23). Her er dermed ikkje berre dei militært stridande i fokus, nøkkelpersonell i ulike bransjar tenar samfunnet betre i arbeid enn ved fronten. Under første verdskrigen erfarte Frankrike produksjonsfall fordi arbeidarane som vernepliktige var sendt til fronten, for å oppretthalde produksjonen måtte soldatar kallast attende til arbeidet i fabrikkane (Cohen, 1985:35,82). I USA vart menn mellom 18 og 45 registrerte som utgangspunkt for fordeling etter den selektive tenestemodellen, dette viste seg vellukka under verdskrigane der evna til å produsere materiell av alle slag i enorme kvanta både til eige og sine alliertes bruk var like viktig som det å reise millionarmerar (Cohen, 1985:82,153).

I den selektive modellens reindyrka form vart frivillige rekna som eit element som forstyrta rett mann på rett stad, frå 1942 vart det under andre verdskrigen ikkje rekruttert frivillige. Ei slags arbeidsplikt for dei som ikkje vart kalla inn til militærtjeneste ville vere ein logisk del av modellen, slik plikt vart til ei grad nytta av land under andre verdskrigen inkludert både

Storbritannia, Canada og Australia. I det marknadsliberale USA vart det ikkje nytta slike verkemiddel, produksjonen vart oppretthalden gjennom marknaden (Cohen, 1985:83).

## 2.2. Verneplikt

Sidan tabellen ikkje har verneplikt i seg sjølv, men konkrete tenestemodellar der også variantar med vernepliktsteneste inngår, får verneplikta ei litt grundigare presentasjon. Grunnen er at verneplikt har vore sentral i nyare Europeisk militærhistorie.

Vernepliktsmodellen er framleis utbreitt som tenestemodell, men trenden i vesten etter den kalde krigen er ein overgang til verva modellar. Av OECD og/eller NATO-landa gjekk elleve over frå verneplikt til verva forsvar mellom 1995 og 2008, det var framleis 13 av landa som nytta verneplikt i 2008. Landa som har avvikla verneplikta er: Belgia (1995), Bulgaria (2008), Frankrike (1996), Nederland (1996), Italia (2005), Latvia (2007), Portugal (2004), Slovakia (2006), Slovenia (2003), Spania (2002) Romania (2006), (Jørgensen, 2009:75). Sidan 2008 har ytterlegare fem av desse gått over til frivillig forsvar: Litauen (2009), Polen (2009), Sverige (2010), Tsjekkia (2010) og Tyskland (2011). Følgjande av OECD/NATO-landa har framleis verneplikt: Danmark, Estland, Finland, Hellas, Mexico, Noreg, Sveits, Sør-Korea og Tyrkia<sup>13</sup>. Åtte land hadde AVF-modellen før 1995: Australia, Canada, Irland, Japan, Luxembourg, New Zealand, Storbritannia og USA (Jørgensen, 2009:75).

### Verneplikt og totalkrig

Ulike formar for verneplikt har vore mykje nytta som rekrutteringsmetode sidan ho fekk sitt moderne gjennombrøt etter den franske revolusjonen og konfliktane som følgde.

Vernepliktsarmeane under Napoleonskrigane, vert i ei bok om temaet presentert som ei slags militær revolusjon fordi det endra statens evne til å føre krig over tid og omfanget av konfliktane (Schneid, 2009:1-4). Den store mengda soldatar som gjennom verneplikt kunne settast på feltfot viste seg overlegen dei godt trena, men numerisk underlegne verva feltavdelingane. Særleg fordel var evna til å rekruttere nye mannskap til erstatning for falne, sjuke eller såra og soldatar som deserterte (Schneid, 2009:1-4).

Napoleonskrigane var på eit vis ein liten forløpar til dei seinare totale krigane, der alle ressursane til samfunnet vart nytta for å mobilisere til krigen. Etter kvart som den industrielle revolusjonen spreidde og vidareutvikla seg, innebar mangedobla produksjonskapasitet

---

<sup>13</sup> [https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/fields/print\\_2024.html](https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/fields/print_2024.html) Nytt 2012-12-05

kombinert med jernbanelinjetransport, at massearmear kunne utstyrast, transporterast og forpleiast. Ein tidleg demonstrasjon av dette var den amerikanske borgarkrigen 1861-1865, medan verda fekk sine erfaringar med totalkrig gjennom dei to verdskrigane. Krigshistoria viser at uavhengig av samansetninga av dei militære styrkane ved utbrotet av desse altomfattande konfliktane, så har omfanget tvunge fram bruk av vernepliktig rekruttering til dei krigførande styrkar (Flynn, 2002:247-248). Det er berre USA og Storbritannia som har freista å rekruttere til ”totale” konflikter frivillig, begge måtte innføre verneplikt, USA (Nordstatane) i 1864 og Storbritannia i 1916 (Cohen, 1985:85). Innan verneplikt vart innført lukkast dei å rekruttere om lag to og ein halv million frivillige kvar (Cohen, 1985: 82).

Under den kalde krigen var den førebudde storkonflikt mellom blokkene av total dimensjon. I dei nordiske forsvar vart det operert med det som vart kalla totalforsvarskonsept, alle tilgjengelege ressursar som samfunna rådde over var planlagd disponert. Bruken av verneplikt fram til den kalde krigens slutt kan kanskje dels forklarast i dette perspektivet. Ut frå same tankesett kan overgangen frå vernepliktsbaserte system til frivillige system dei seinare åra henge saman med at totalkonflikt i den nye verdsorden er nokså lite sannsynleg (Diesen, 2005:163,167).

### **Verneplikt meir enn militær nytteverdi**

Militærtjeneste vedrøyrer samfunnet på grunnleggande måtar. Tvungen militærtjeneste er det mest ekstreme krav eit samfunn kan pålegge sine borgarar, i yttarste konsekvens ofrar den vernepliktige livet for fellesskapet. Militær tenesta har gjennom vernepliktas historie vore verdsett for eigenskapar utover det å trygge landegrensene mot åtak, her er særskilt den tyske frasen ”die schule der Nation” illustrerande, i mange utviklingsland er utdanningsaspektet framleis ein viktig bieffekt av verneplikt. Inn under dette ligg også samansveising av ulike delar av landet og folkeoppdragning (Flynn, 2002:33).

Dette samsvarar med funn i norsk vernepliktsforsking som viser at andre faktorar enn den strengt militære nytteverdi har vorte vektlagt som argumentasjon for verneplikta som institusjon. Element som samansveising på tvers av klasse og landsdel, forsvaret som oppdragar inkludert unge menn som kunne hamne på skråplanet, forsvaret som utdanningsinstitusjon, verneplikt som ein slags ”demokratisk kontroll” over landets militærmakt gjennom ”folkesoldaten”. I masteroppgåva ”verneplikt Anakronisme eller

arvesølv” retter Alf-Åge Hansen søkjelyset mot kvifor den norske verneplikta vert oppretthalden, oppgåva inkluderar også ei undersøking av det han kallar mytane bak norsk verneplikt (Hansen, 1999). Dei viktigaste var verneplikta som allmenn og rettviss, at norske vernepliktige rett frå førstegongsteneste var fullt på høgde med fleirårige profesjonelle og vernepliktas positive bieffekter (Hansen, 1999:92-108). I den moderne norske vernepliktshistoria har nasjonsbygginga, då særleg fram mot 1905 vore sentral (Friis, 1999:60-66), dette kjem me attende til i analysedelen.

Verneplikt har også vore appellerande for totalitære statar mellom anna som eit reiskap for indoktrinering og samling mot ytre fiendar gjennom å skape eit inntrykk av ytre trussel (Friis, 1999:33). Dei autokratiske regima på 1800 og 1900-talet føretrakk derimot ulike formar for profesjonelle forsvarsmodellar som vern mot folkereisingar. Døme på det siste var den franske armeen under Napoleon den tredje fram til 1871, den russiske fram til slutten av 1800-talet då den vart erstatta med vernepliktsmodell etter europeisk mønster. Den russiske vernepliktsarmeen viste seg lite anvendeleg mot folkereisinga i 1905 (Friis, 1999:33-34). Ein annan faktor som medverka til at dei autokratiske regima føretrakk profesjonelle, var at verneplikt som motyting for tenesta ville medføre krav frå borgarane om fleire rettar inkludert demokratisk innverknad (Flynn, 2002:10).

Militærtjeneste gjennom ei eller annan form for verneplikt er også argumentert knytt saman med framveksten av moderne demokratiske statar. For Tocqueville`s var det moderne demokratiet kjenneteikna ved det egalitære og individuelle, men ikkje nødvendigvis veksten i fridom. Han såg verneplikt som ei naturleg utvekst frå den store moderne demokratiske revolusjon, noko som både fasinerte og skremde han (Cohen, 1985:34). Her kan føyast til at i dei anglosaksiske landa har det liberale fridomsaspektet vore ein oppheta del av den demokratiske utviklinga, noko som har medført ei ambivalent haldning mot den militære organisasjon. Der det frie samfunnet framhever likeverdet, lyt det militære framheve grad, ordre og audmjuk respekt. Medan samfunnet tek avstand frå og forbyr vald og drap, er det nettopp dette militærtjenesta førebur mannskapa på. Samstundes vert militære ideal ofte framheva i liberale demokratiske samfunn, til dømes gjennom litteratur og frivillige organisasjonar (Cohen, 1985:34). Ambivalensen vert sjeldan sterkare enn når spørsmålet om verneplikt er oppe, det profesjonelle forsvar kan til ei viss grad ha sin eigen kodeks og kultur litt på sida av resten av samfunnet. Vernepliktsforsvaret fordrar derimot ei meir direkte deltaking i forsvaret av innbyggjarane, noko som gjev ei viss overlapping av militære og

sivile verdiar. Militær tenesta kan dermed ikkje unngå ei grad av politisk kontrovers (Cohen, 1985:35). Dette har som nemnd over vore vurdert litt annleis i Noreg, verneplikta har her vore omtala som ein slags demokratisk kontroll med militærmakta gjennom ”folkeforsvaret”.

### **2.2.1 val av militær tenestemodell**

Cohen presenterer nokre faktorar som innverkar på val av militær tenestemodell. Lengda på grensene mot potensielt fiendtlige nabostatar og størrelsen på populasjonen relativt til omkringliggende land er framheva som dei beste indikatorane. Kontinentale land omkransa av stormakter som i periodar har vore motstandarar, har tradisjonelt hatt vernepliktsbaserte forsvarsmodellar. Derimot har øystatar som sjeldan har vore direkte trua av invasjon, tradisjonelt valt frivillige tenestemodellar i fredstid. Dei største unntaka er India og Kina, der har befolkningstettleiken og bøndenes enkle kår generert store armear basert på frivillige (Cohen, 1985:25) Gjennom verneplikt kan mindre nasjonar utjamne ubalansen relativt sett lågare populasjon inneber for forsvarsevna, Israel er eit godt døme på dette (Cohen, 1985:26). Finsk forsvarsmodell er heilt i tråd med desse kriteria, lang grense mot folkerik historisk fiendtleg nabostat, allmenn verneplikt med mobiliseringsreserve reduserar ubalansen og hevar terskelen.

Det fins mange unntak i høve desse enkle indikatorane også i forfattarens samtid, trenden etter den kalde krigen har vore ei omlegging bort frå vernepliktsbaserte modellar på tvers av indikatorane ovanfor. Unntaka Cohen framhevar er nokre øystatar der nærrområda likevel medfører val av verneplikt til dømes Kuba, Singapore og Taiwan. Eit anna unntak er der eit effektivt forsvar ville vore urealistisk å etablere eller der nabolanda ikkje utgjør noko trussel, døme på dette er mini statar som Luxembourg. Til sist er det befolkningsrike statar som likevel nyttar verneplikt av politiske årsaker til dømes Nigeria og Brasil. Det er liten korrelasjon mellom eit lands økonomi og verneplikt (Cohen, 1985:26-27).

Eit element som vert vektlagt i høve verdsmakta er at dei lyt vere budd på å utkjempe både små og store krigar,<sup>14</sup> det første medfører evne til å sende ekspedisjonskorps dit behova måtte oppstå på kort varsel. Trusselen i forfattar si samtid var den totale krigen dersom den kalde

---

<sup>14</sup> Eit utviklingstrekk etter den kalde krigen er at også mindre land deltek i små krigar og dermed må satse på høgteknologiske ekspedisjonsstyrkar, avgrensa midlar inneber at heile styrkestrukturen vert lagt opp mot denne oppdragstypen.

krigen hadde blitt varm, i så fall ville heile spekteret av militære kapasitetar og samfunnets samla ressurs og produksjonskapasitet måtte setjast inn (Cohen, 1985:30).

## **2.3 Revolusjonen i Militære affærar**

Få omgrep har fått så mykje merksemd i militærforskingslitteraturen dei to siste tiåra som revolusjonen i militære affærar, forkorta RMA. Det siste tiårets erfaringar med lange asymmetriske konflikter i Irak og Afghanistan, samt fleire kortare konflikter som den andre Libanon krigen i 2006 og Russland-Georgia konflikten i 2008, indikerar at også høgteknologisk utstyrte styrkar kan få vanskar med å overkomme tradisjonelle militære utfordringar, særlig asymmetriske truslar. RMA debatten har dei siste par åra vorte tona ned og sentrale aktørar i denne reiser tvil om det har vore tale om ein RMA. Uavhengig av dette spørsmålet, kan det ikkje vere tvil om at utviklinga som det amerikanske forsvaret gjekk i bresjen for på 80 og 90-talet har fått store konsekvensar for moderne militære styrkar anno 2012. Det vil vere utanfor rekkevidda for ei enkel masteroppgåve med anna hovudfokus å drøfte om det verkeleg har vore ein RMA. Paradoksalt nok så medfører fråveret av stor konflikt at teoriane om høgteknologiske styrkars evne til endringar i konvensjonell krigføring, korkje er bevist eller avvist i stor skala (Heurlin, 2007:39). Konfliktane der moderne høgteknologiske styrkar har vore part dei siste to tiåra har vore ein maktdemonstrasjon, men ingen av motpartane har vore likeverdige partar. Debattantane klarer difor ikkje å einast om dette er generaliserbart eller om det var spesielt fordelaktige senario for dei vestlege styrkane i desse konfliktane.

Målsetnande her er å presentere essensen i RMA slik den framgjekk i debatten og konsekvensane. Det siste er sentralt fordi uavhengig av kva man kallar endringane, så har utviklinga dei siste to tiåra vore i tråd med anbefalingar i RMA litteraturen. Det er prioritert ei kort gjennomgang av RMA historisk, grunnlaget for den siste RMA debatten og utviklinga i denne.

### **2.3.1. Kort historisk innføring i RMA og omgrepa**

RMA litteraturen har dei seinare år vore omfattande og det er lett å sitje att med eit inntrykk av at det er tale om eit fenomen som skil utviklinga i vår eigen tid frå tidlegare militær



utvikling, RMA er militærhistorisk sett ikkje noko nytt fenomen. Uttrykket kan derimot hevdast å vere nytt, kjem attende til det.

Både dei som meiner at det er tale om ein RMA og dei som meiner at utviklinga dei siste to tiåra ikkje kan kallast ein RMA, er samde i at det opp gjennom militær historia har vore fleire revolusjonar i militære affærar. Litteraturen listar opp eit breiare sett av omgrep der til dømes militær revolusjon (MR) er meir djuptgripande endringar enn RMA eller militære teknisk revolusjonar (MTR). Omgrepet Militær revolusjon stammar frå den britiske historikaren Michael Roberts, i 1955 argumenterte han for at Sverige under kong Gustav II Adolf hadde starta ein militær revolusjon som totalt endra måten vesten organiserte sine militære styrkar og den militære taktikk på. Dette vart starten på eit par tiårs omfattande debatt om endring i 1600 talets krigføring, dei fleste var etter kvart samde i at Roberts hadde rett (Knox og Murray, 2001:1-2). Det er her då særleg freden i Westfalen i 1648 etter 30 års krigen og grunnlaget av den moderne nasjonalstat som kjenneteiknar denne revolusjonen (Møller, 2003:24). MR er eit omgrep som i denne samanheng passar best innanfor stor strategien, MR endrar fundamentalt rammeverket for krig gjennom ei omvelting av samfunnet, staten og den militære organisasjon. Omveltingane endrar statens evne til å skape og anvende militærmakt. Effekten av dette er additiv (Møller, 2003:19).

RMA har ei rekke definisjonar, Andrew Marshall som har vore sentral i amerikansk tenking på dette området definerar RMA som ”ei fundamental, djuptgripande endring i måten avanserte militære styrkar enten planlegg eller utfører militære operasjonar” (Møller, 2003:19-20). Ei anna definisjon av RMA er laga av Paul K. Davis, referert i (Møller, 2003:20)

”An RMA is a major change in the nature of warfare brought about by the innovative application of technologies, which, when combined with dramatic changes in military doctrine and operational concepts, fundamentally alters the character and conduct of operations”

## **Blietzkrieg**

Etter desse to definisjonane, er det naudsynt, men ikkje tilstrekkeleg med nye teknologiske innovasjonar. Det er vanleg å vise til at både britane, franskmenna, tyskarane og russarane i mellomkrigstida produserte større mengder stridsvogner og fly i tråd med utviklinga på alliert side i siste del av første verdenskrigen. Spesielt dei franske og russiske stridsvognene var tidleg i

andre verdskrigen overlegne dei tyske, lynkrigen (Blitzkrieg) var ein klar demonstrasjon av at konsentrasjon av panserstyrkane og mekanisert infanteri, felles operasjonar med fly og artilleri var viktigare enn totalmengda stridsvogner og utstyr.<sup>15</sup> Nøkkelen var at nokre relativt sett få tyske stridsvogndivisjonar gjorde lynoperasjonar djupt inne på fiendtleg territorium understøtta av taktiske flyoperasjonar, på denne måten kunne motstandens styrkar avskjerast frå eigne bakre forsyningslinjer og delast opp i lommer som etterfølgjande hovudstyrke av meir tradisjonelle infanteriavdelingar støtta av artilleri kunne nedkjempe. Ein annan sentral faktor var at også dei høgare offiserane var langt framme med eigne styrkar i felt, beskjedar nedover i strid var gjerne munnlege, og elles berre korte skrivne meldingar med enkle skisser. Rask og ”rett” handling når det opna seg moglegheiter kunne avgjere striden til tysk fordel også når det reelle styrkeforholdet ikkje tilsa det, operasjonar gjekk både dag og natt med søvn etter beste evne under naturlege stridspausar (Smedberg, 2004:146-147).

Berre kring tiendedelen av det tyske Wehrmacht var moderne pansra og mekaniserte avdelingar (Rynning, 2003:105). Resterande var tradisjonelle infanteriavdelingar med nokre innovative løysingar for å auke eldkrafta (maskinpistolar, lett hurtigskytande MG, handgranatar, bombekastarar og store mengder lette panservernkanoner som i tillegg vart nytta som direktskytande artilleri). Sjølv om det fans ei rekke køyretøy var hestedriven transport bærebjelken i felt. I 1940-1941 nytta dei allierte primært sine stridsvogner i mindre forband eller med nokre stridsvogner i alle infanteriavdelingar og dei samla tyske stridsvognsformasjonane fekk dermed relativt sett større slagkraft, tyskarane nytta også luftvernkanoner, artilleri og fly for å uskadeleggjere tunge stridsvogner som dei tyske stridsvognene tidleg i krigen hadde problem med å øydelegge. Det at alle tyske stridsvogner hadde radio gjorde at dei kunne endra taktikk hurtig i tråd med utviklinga i striden, russarane kom heile krigen til å slite med at berre nokre få befalsvogner hadde radio.

Det må presiserast at det på ingen måte var slik at teoriane kring offensiv bruk av større panseravdelingar var ukjend i Russland, Frankrike og Storbritannia i mellomkrigstida, dei tyske militærteoretikarane henta stor inspirasjon frå det som var publisert i desse landa. Spesielt var russarane tidleg langt framme, men mestedelen gjekk tapt gjennom moskvaprosessane som råka dei høgare offiserssjiktet hardt. I dei to andre landa var det miljø

---

<sup>15</sup> Franske og britiske styrkar disponerte dobbelt så mange stridsvogner som tyskarane under felttoget i 1940, tyskarane hadde derimot luftherredøme (Smedberg, 2004:146).

inkludert innanfor offiserskorpset som argumenterte for robuste panseravdelingar mellom desse var Charles De Gaulle då høgare offiser i dei franske panseravdelingane, dette synet fekk ikkje tilstrekkeleg gjennomslag og panserstyrkane var dårlig organiserte i 1940. Ein stor del av den franske armeen var også bunden opp i statiske fortifikasjonar som den såkalla ”Maginot-linja”. Etersom denne vart omgått gjennom dristige tyske trekk mellom anna ved å senda panserformasjonane via Luxemburg, Belgia og fjellpassa i Ardennene som dei allierte hadde vurdert som ufarbare for store styrkar, kom desse forta og styrkane ikkje til nytte i stridane (Mann, 2009:27-29). Dette lange dømet er inkludert fordi det på ein god måte illustrerar at teknologi først kan gjere revolusjonerande utslag dersom anvendt på ein grunnleggande ny måte. Ein del av RMA debatten går då også på om den nye teknologien i tilstrekkeleg grad har medført slike avgjerande nye tilnærmingar, og om det i så fall er nok til å tale om ein RMA.

Uttrykket Militær teknisk revolusjon vart først nytta i Sovjetunionen og tidlig i amerikansk tilnærming for å framheve militær så vel som sivil eller dobbeltanvendte teknologi for bruk i krigføring. Det vil vere for omfattande å ta for seg heile denne tematikken, me skal primært ta for oss det som omhandlar RMA. Likevel vil det vere nyttig å sjå litt overflatisk på dei største historiske endringar innanfor feltet, eg har oversett og reprodusert ein tabell som kan illustrere dette (Møller, 2003:22). Tabellen er meint som ei presentasjon i kortform for å vise at dette slett ikkje er noko historisk uvanleg fenomen, under tabellen følgjer litt om kvar av dei fem militære revolusjonane.

**Tabell 2.2. Tidlegare Militære revolusjonar og RMA (Møller, 2003:22)**

Periode	Militære revolusjonar <sup>16</sup>	RMA
1600-talet	A. Moderne stat og moderne Militær Institusjonar	1. Nederlandske og svenske taktiske reformer. Franske taktiske og organisatoriske reformer, marine revolusjon, britisk finans revolusjon.
Seint 1700 tidlig 1800-talet	B. Franske revolusjonen	2. Franske militære reformer etter (etter sjuårskrigen). 3. Nasjonal politisk og økonomisk mobilisering. Napoleonsk krigføring.
1800-1900-talet	C. Industrielle Revolusjon	4. Finansiell og økonomisk makt basert på industrialisering. 5. Teknologisk revolusjon i krigføring på land. 6. Revolusjon i marin krigføring.
Tidleg 1900	D. Første verdskrig	7. kombinerte militære taktiske operasjonar, Blitzkrieg,

<sup>16</sup> Desse fem militære revolusjonane har brei oppslutnad i litteraturen for litt grundigare informasjon anbefalast (Knox og Murray, 2001:6-14).

		strategisk bombing, hangarskips og ubåtkrigføring, radar og signaletterretning.
Seint 1900	E. Nukleære våpen og ballistiske missil	8. Presisjons rekognosering og anslag, Stealth, revolusjonen i C3I, auka dødlighet for konvensjonell ammunisjon.

Den moderne statsdanninga etter 1648 innebar at det blei vanleg med disiplinerte troppar, statsmakta fekk dermed eit effektivt og lojalt instrument til krigføring, inndriving av skattar og statleg kontroll. Denne omveltinga kom til å få stor betydning (Rekkedal, 2003:296). Den franske revolusjonen medførte at statens grep over befolkninga og inntektene auka, omgrep som massepolitikk og massekrigføring og stikkord som verneplikt og masseutskrivning er sentrale i denne militære revolusjonen. Dette kombinert med ideologi og gryande nasjonalisme innebar at krigføring vart alvorlegare for dei som deltok, folkeleg engasjement fekk konsekvensar for krigens form og størrelse (Rekkedal, 2003:297). Den tredje militære revolusjonen var den industrielle revolusjonen som gjorde det mogleg å utruste, forpleie, betale dei store massearmeane frå midten av 1800-talet. Dette fekk store konsekvensar for krigens skala og omfang. Første verdskrigen står trass dei første års stillingskrig sentralt i neste militære revolusjon. Verdskrigen kombinerte industriell masseproduksjon og logistikk med statsnasjonalisme, resultatet var ein langvarig og øydeleggande totalkrig. Alle tre domena vart for første gong kombinert med landkrig, luftkrig og sjøkrig inkludert ubåtar og fly (Rekkedal, 2003:297). Den siste militære revolusjonen var utviklinga av atomvåpen og etter kvart inter ballistiske missil til avstandslevering. Dei store arsenalane av atomvåpen som USA og Sovjetunionen bygde opp resulterte i det som vart kalla terrorbalansen, denne bidrog til at aust og vest trass store ideologiske motsetnader ikkje hamna i konflikt. Dei fem militære revolusjonane vert beskriven slik av Murray og Knox: "These five upheavals are best understood through a geological metaphor: they were earthquakes. They brought systemic changes in politics and society. They were uncontrollable, unpredictable, and unforeseeable. And their impact continues" (Knox og Murray, 2001:6-7). Tabellen gjev elles oversikt over ulike revolusjonar i militære affærar.

### 2.3.2 Framveksten av RMA debatten

Sovjetiske militære tenkarar på 70 og 80-talet byrja å tale om ein militær teknologisk revolusjon som var i emning, omfattande sovjetiske analysar av Vietnam-krigen særleg dei kraftige luftbombardementa av nord i krigens siste fase uroa sovjetiske strategar. Mellom anna peika tidlege utgåver av laserstyrte bomber mot at ny teknologi radikalt kunne endre

effekten av tradisjonelle konvensjonelle våpen. Sovjetarane var klar over at vesten var overlegen innanfor data og elektronikk, tilpassa militære føremål kunne datateknologien vere ein styrkemultiplikator med stort potensiale. Det vart frykta at denne utviklinga kunne utlikne den numerisk overlegne konvensjonelle styrken til Warszawapakta gjennom presise avstandsleverte våpensystem. Vidare at militære styrkar kunne operere på tvers av tradisjonelle frontar på ein slik måte at den klassiske forståing av slagmarka ikkje lenger var like relevant. Bakre område kunne angripast meir elle mindre samstundes som den etablerte fronten, vitale nøkkelpunkt kunne rammast via operasjonar på djupet eller ved hjelp av presisjonsangrep frå langt hald. Marskalk Nikolaj V. Ogarkov sjef for den sovjetiske generalstaben frå 1977 til 1984, var ein sentral pioner i tankane bak den militær teknologiske revolusjonen (Rekkedal, 2003:292-293).

## **Air Land Battle**

Den amerikanske hæren si Air Land Battle (ALB) doktrine frå 1982 har fått sær stor innverknad på utviklinga. Det var dette konseptet som fekk sin elddåp i den mykje omtala Golfkrigen i 1991. Utviklinga bort frå utmattingskonseptet til amerikansk hovudvekt på manøverkrigføring starta like etter Vietnam-krigen (Rekkedal, 2003:595). Rasjonale bak den auka mobiliteten i ALB var å kompensera for NATOs numerisk underlegne konvensjonelle styrke vis a vis Warszawapakta. Det nye konseptet innebar samstundes større krav til etterretnings og informasjonsinnhenting, luft og bakkestridskrefter måtte integrerast tettare. Avstandsleverte presisjonsvåpen fekk større fokus (Smedberg, 2004:294-295). Ideane har også hatt stor innverknad på dei nordiske forsvar, manøvertankegangen som spesielt kom inn frå midten av 90-talet av stammer frå denne doktrinen. Det å utmanøvrere motstandard sine styrkar slik at eigne avdelingar kan slå til når styrkeforhaldet er gunstigast mogleg, konsentrere eigne stridsvognavdelingar og mekaniserte stormavdelingar slik at desse saman med eldstøtte kan avgjere striden. Halde, utmanøvrere og slå. Dette er velkjent mellom anna frå norske utgivingar og doktrinar kring år tusenskiftet. Ei tidlig tilnærming mot robuste mobile feltavdelingar for ”slå” operasjonar i norsk samanheng finn ein frå dåverande major Sverre Diesen (Diesen, 1988). Luftforsvaret si tilnærming starta gjennom det såkalla prosjekt Fønix frå slutten av 90-talet, hensikta var å gjere luftforsvaret betre tilpassa manøverkrigføring og NATO sitt nye mobile konsept. For å auke slagkrafta og gjere flyvåpenet meir mobilt måtte strukturen reduserast (Skogstad, 1997:59). Både i det norske og svenske forsvar var manøver konseptet prioritet for hæren på slutten av 90-talet og innover

2000-talet. Manøver teorien er sentralt i NATO sine landmaktsdoktrinar (Smedberg, 2004:338).

## **Office of Net Assessment**

USA fokuserte utover 80-talet i større grad på ny teknologi og operasjonelle tilnærmingar på slagmarka som skulle sikre amerikanske styrkar initiativet gjennom effektiv informasjonsinnhenting, riktig vurdering av denne og evne til presisjonsanslag mellom anna frå lufta for å støtte eigne kampavdelingar til lands og til sjøs. Ut frå kjennskap til utviklinga i sovjetisk tenking byrja amerikanske militærteoretikarar å tale om at USA stod ovanfor ei slik utvikling. Spesielt innanfor "Office of Net Assessment" (ONA) tilhøyrande Pentagon vart det retta fokus mot dette, i overgangen til 90 åra er det her omgrepet RMA oppstår etter omfattande studiar av det sovjetiske materialet. Når me innleiingsvis ser på tidlegare tiders RMA så er omgrepet ei ny måte å beskrive eit fenomen som ikkje er nytt. Omgrepet revolusjon i militære affærar framhevar at det ikkje berre er teknologiske faktorar som er viktige, det spenner mykje vidare. Andrew W. Marshall som var sentral i ONA vart nesten ein kultfigur i det amerikanske forsvaret på grunn av RMA arbeidet. Marshall og hans miljø la hovudvekta på dei nye konseptuelle og doktrinære utviklingsbehov, og ikkje så mykje det tekniske som fleirtalet innanfor feltet har fokusert på (Rekkedal, 2003:293). Det siste samsvarar godt med det tyske lynkrigs dømet.

## **2.4 RMA og Debatten**

### **2.4.1 RMA**

Det definisjonsmessige er dekkja i avsnittet ovanfor, her er det korleis RMA vert forstått i praksis som er tema. Diesen omtaler den noverande RMA som sentrert kring mikroprosessen, på same måten som informasjonsteknologien har revolusjonert mange sider ved det sivile samfunn fører den til store endringar i militære forhold. Teknologien mogleggjer ein enorm tempogevinst for den sida som sit på evna til å innhente informasjon og fordele denne i tilnærma sanntid, samstundes som eigne avanserte våpenplattformer kan slå presist til mot dei til ei kvar tid høgst prioriterte mål. Evne til å koordinere innsatsen på tvers av alle system gjennom nettverksbaserte operasjonar, gjer at det kan opererast heilt annleis enn det som var mogleg i tradisjonell krigføring (Diesen, 2011:104-106). Sentrale komponentar i det som mogleggjorde den overbevisande amerikansk leia operasjon Dessert

Storm i Golfkrigen i 1991, var allereie utvikla i enklare variantar tidleg på 70-talet. Dette inkluderar tidlege laserstyrte bomber, satellittsystem, TV styrte missilsystem. Det var meir avanserte system som vart nytta under Golfkrigen, men tv bileta og fokuset på den smarte krigen endra ikkje at det reelt sett var ein krig der tradisjonelle våpensystem og ugaida rakett og frittfallsbomber utgjorde brorparten av ammunisjonen som vart nytta (Rekkedal, 2003:293-294). Satellitnavigasjon og overvaking var sentralt, men det var også viktig med tradisjonelle system og det Karl Von Clausewitz kalla krigens tåke (Strachan, 2007:5) medførte også i denne krigen tilfeller der eigne styrkar feilaktig vart angripne (blue on blue). Eit anna utslag av dette var at det førekom ”utilsikta” bombing av sivile mål. Ein del av tilnærminga innan RMA litteraturen har vore att det nettverksbaserte forsvaret med stor mengde informasjon i sanntid kombinert med evne til presisjons anslag skal kunne eliminere ”krigens tåke”, dette er ein del av debattstridens kjerne og noko det er usemje rundt (Smedberg, 2004:332-334-147).

Utviklinga har vore omfattande sidan Golfkrigen, nye sensorsystem er utvikla, nettverksbaserte styrkar opererer stadig betre informert, UAVar (droner) er sentrale ikkje berre som informasjonsinnhentarar, men også med våpenlast. Stadig fleire av våpensystema er fjernstyrte, laserstyrte, GPS-styrte, stealth-teknologien er enno meir raffinert og oversikten over slagmarka nærare ”sanntid” og betre enn nokon gong tidlegare inkludert evne til å slå til mot sentrale mål kort tid etter at dei er lokaliserte. All denne utviklinga inneber likevel framleis ikkje at krigens ”klassiske sanningar” har vorte ugyldige i møte med den nye teknologi slik som ivrige tilhengjarar innan RMA for nokre år sidan hevda.

Også høgteknologiske styrkar har vist seg sårbare for relativt enkelt utstyrte opprørsstyrkar i Irak, Libanon og Afghanistan dei ti siste åra. Desse har vist tilpassingsevne og sjølv om mestedelen av angrepa er utan resultat og tapstala på opprørssida langt overgår vestleg side, så er tapa over tid store nok til at det får innverknad i postmoderne samfunn med låg toleranse for tap av eigne menneskeliv. Dei siste par tiåra har vist er at vestlege styrkar har evne til å operere med lite eller nær ingen tap av eigne soldatars liv i konvensjonell strid mot andre konvensjonelle styrkar, særleg har luftoperasjonar vist seg å vere eit område der teknologien har kome særst langt samanlikna med tidlegare epokar.

## Revolusjon og evolusjon

Ordet revolusjon er forbunden med hurtige og valdsame omveltingar, når det gjeld RMA og tidsperspektivet sa A.W. Marshall i samband med ei kongress høyring følgjande (Rekkedal, 2003:294):

(...) the term "revolution" is not meant to insist that change will be rapid- indeed past revolution have unfolded over a period of decades- but only that the change will be profound, that the new methods of warfare will be far more powerful than the old. Innovation in technology make a military revolution possible, but the revolution itself take place only when new concepts of operation develop and, in many cases, new military organizations are created. Making these organizational and doctrinal changes is a long process.

Det teknologiske aspektet er med andre ord ein faktor, det å tilpasse organisasjonen for å realisere meir av potensialet til nye teknologiar er kanskje det som utgjer skilnaden mellom teknologisk evolusjon og ein RMA. Dette kan ta lang tid, spesielt i fredstid når viljen til større omvelting og satsing av store ressursar er mindre enn den er ved fare for eller under krig. Kor langt utviklinga har kome er vanskeleg å vurdere, det er likevel ikkje avgjerande viktig for denne tilnærminga, dersom utviklinga har vore sterkt influert av grunnpilarane innan RMA tematikken så har denne i praksis hatt innverknad uavhengig av kva man kallar denne.

Hadde det vorte hevda midt på 90-talet at Danmark og Noreg 15 år seinare på nokre dagars varsel skulle vere blant dei mest sentrale europeiske landa i ein offensiv luftmaktsoperasjon mot Libya med fleire månaders varigheit, ville det vore vurdert som nokså lite realistisk. Flya i begge flyvåpen er dei same i dag, men teknologiske oppgraderingar har omgjort desse til formidable multirolleplattformer. Parallelt har dei små luftforsvara gjennomgått særsofamtande organisatoriske omleggingar slik at dei på kort varsel kan drifte basesett der behovet måtte vere, eigne transportfly og logistikk er tilpassa slik at dei kan frakte forsyningar langt over tid. I det overordna internasjonale perspektiv er dette neppe revolusjonerande, men for det danske og norske luftforsvaret er det eit kvantesprang. Det kan sette det inn i ei ramme at det russiske flyvåpen med alle sine kapasitetar og plattformer, i Georgia konflikten etter vestleg standard demonstrerte manglande evne til å opprette luftherredøme. Det russiske flyvåpenet hadde problem med presisjonseld mot bakkemål, sjølv om Russland har slike våpensystem i sitt arsenal vart det i all hovudsak nytta tradisjonelle frittfalls bomber (Cohen A. og Hamilton:34-35,37).<sup>17</sup>

---

<sup>17</sup> GPS systemet vart kopla ut over området under konflikten og det russiske motstykket (GLONASS) var enno ikkje operativt over konfliktområdet, noko som utelukka ein del typar ammunisjon. PGM bomber var i liten grad tilgjengelege, samstundes som luft og bakkestyrkar var dårlig integrerte slik at nærstøtte til bakkestyrkar i kamp



## 2.4.2 Litteraturen og debatten

Michael Raska oppsummerar kort hovudtrekka i RMA litteraturen og debatten gjennom sitt ”paper” (The RMA theory, process, and debate: “Five waves”). Tabellen med utdjuping av dei ”fem bølgiene”, er forfatters systematisering av RMA debatten ved vidare utvikling av Colin Gray sine ”waves of RMA” gjennom å sjå dei i ei breiare ramme (Raska, 2010:1-2). Eg har oversett og reprodusert hans tabell ettersom den i grove trekk oppsummerar RMA debatten. Forfattern viser at han har oversikt over tematikken og dei aller fleste relevante hovudtrekk vert handsama i respektive ”epokar”.

**Tabell 2.3 Oversikt over RMA debatten/litteraturen gjennom fem RMA ”bølger” (Raska, 2010:2).**

	1980-talet	1990-94	1995-2000	2001-2005	2005-xxx
Bølge	Intellektuell oppdaging	Tidleg tilpassing i vest	RMA ”teknofili”	Skifte til forsvars transformasjon	”Second & third Thoughts”
Konsept	Sovjet; Militær teknisk revolusjon	Militære revolusjonar vs RMA`ar	Revolusjon i Militære affærar	Forsvars transformasjon	Modernisering ”pluss”
Fokus	Teknologisk paradigmeskifte; Sovjetisk doktrinell innovasjon	RMA historisk; Kjelder for mil. innovasjon	System av system; nettverk sentrisk krigføring	Effekts baserte operasjonar; Nettverks sentrert krigføring	Frå RMA paradigmeskifte Til ”skifte i framheving”
Debatt	Er det RMA? Kva er RMA? Når førekjem RMA?		Kva er RMA? Kvifor RMA?	Er RMA gjennomførleg, overkommelig og ønskjeleg?	

Dei to første periodane er dekkja tidlegare i kapittelet gjennom den sovjetiske militærteknologiske revolusjonen og ONA sin tidlege amerikanske tilnærming og overgangen til det nye omgrepet revolusjonen i militære affærar.

Den tredje epoken som var mellom 1995 til vel 2000 var prega av stor tiltru til at teknologien totalt ville endre tidlegare militære sanningar. I denne perioden etablerte RMA omgrepet seg og vart for amerikanske planleggarar nærast obligatorisk, fokuset skifta frå det historiske til implikasjonar for framtida. Sentralt i debatten var kva man skulle oppnå via RMA og korleis dette skulle gjerast (Raska, 2010:9). Admiral William Owens, viseformann ved staben, konseptualiserte det såkalla ”System of Systems” som ein del av kjernen i RMA. Det var særlig to sentrale komponentar informasjon og ”jointness”, for det siste vil fellesoperasjonar

---

var sjeldan. På toppen av dette medførte mangelen på UAV kapasitet at strategiske bombefly måtte nyttast til rekognosering, ettersom Georgisk luftvern var operativt heile konflikten vart fleire fly inkludert eit slikt fly skotne ned, samstundes resulterte trusselen mot russiske fly at flya måtte operere frå høgder med primært ”dumme” bomber til disposisjon medførte dette at mange bomber ramma utilsikta mål inkludert sivile (Cohen A. og Hamilton:34-35,38-39).

vere eit dekkande omgrep. C4I (Command, control, computers, communications and information) saman med ISR (intelligence, surveillance and reconnaissance) skulle sikre DBK (dominant battlespace knowledge). System av system konseptet skulle når kombinert med mellom anna presisjons våpensystem sikre amerikansk evne til å kontrollere stridsfeltet, dette innebar evne til å lokalisere, spore og uskadeliggjere fiendtlege styrkar nær utan risiko for eigne tap (Raska, 2010:10-11). I denne epoken vart det publisert mykje RMA litteratur og RMA vart institusjonalisert. Det mykje omskrive "Joint Vision 2010" som vart publisert i 1996, vart tolka som ein mal for korleis Owens system av system konsept kunne kanalisert inn i eit fellesoperasjonelt rammeverk. "Joint Vision 2010" vart hevda å vere ny teknologi inn i eksisterande rammeverk med klare linjer frå ALB1982 (Raska, 2010:12). Dette leier over mot den neste epoken, for at potensialet i RMA skulle nåast var det naudsynt med ei anna tilnærming, omgrepet transformasjon vart ein nøkkel i dette. det sterke teknologifokuset vart utvida med ei breiare tilnærming med nye strategiar.

Bush administrasjonen kom frå starten til å bli sentral i skifte mot transformasjon, i ein tale på Norfolk marinebase i februar 2001 framheva President George w. Bush behova for å ... "move beyond marginal improvements to harness new technologies that will support a new strategy...[and] begin creating the military of the next century." (Raska, 2010:13). Rasjonale for søken etter RMA skifta frå teknologiske revolusjonar til fokus mot endra strategisk og operasjonelle imperativ, framveksten av nye typar truslar som mellom anna terrorisme, irregulær krigføring og asymmetriske utfordringar vart ein del av dette. Terroråtaka mot USA 11. september 2001 sette fart i dette, forsvars transformasjonen vart no eit overordna rammeverk for utviklinga (Raska, 2010:13). Dette innebar ei brei tilnærming der ikkje noko var skjerna i ei overordna vurdering, framtidig styrke struktur, utstyr, doktrinar og strategi vart vurderte på ny. Nøkkelord i denne prosessen vart mellom andre "Network Centric Warfare" NCW og "Effects Based Operations" (EBO), desse konseptane skulle smelte saman informasjonsoverlegenheit, evne til multiple nettverksbaserte operasjonar og presisjonseldkraft og omsetje dette til både strategisk og operasjonelt nivå i strukturen (Raska, 2010:13).

Dei RMA relaterte transformasjons visjonane skapte høge forventingar som overgjekk tilgjengelege kapasitetar, ressursar og realistiske rammer. Kritikkarar hevda samstundes at RMA omgrepet hadde vorte eit slags moteord, eit tomt slagord som rasjonale for nytenking og nær alle nye forsvarsinitiativ og åttvara mot for einspora fokus på teknologiske faktorar mot komplekse strategiske utfordringar (Raska, 2010:21). Transformasjonen av forsvarssektoren

vart også underminert av dei veksande utfordringane frå Afghanistan og Irak, dette medførte eit skifte av ressursar over mot opprørarar og asymmetriske truslar i ein skala som det amerikanske forsvaret ikkje var førebudd for. Robert Gates som overtok forsvarsministerposisjonen etter Donald Rumsfeld, markerte eit skifte i transformasjonsfokuset bort frå RMA sentrert paradigmeskifte til vektlegging av veksande anskaffingskostnader for transformasjonsrelaterte våpensystem. Transformasjonsdebatten tok deretter opp spørsmål som overkommelege kostnader, om gjennomførleg og kva for system som var ønskelege (Raska, 2010:22). I denne "Second and third thoughts" fasen var spørsmåla som elles har prega heile debatten framme, nemleg om det har vore tale om ein RMA og i så tilfelle kva det inneber. Kva er nytt og revolusjonerande? (Raska, 2010:23).

Forfattaren konkluderar artikkelen med å løfte fram ei mogleg sjette RMA bølge. Sett bort frå opphavet frå sovjetiske tenkarar så har dei ulike RMA fasane vore amerikansk sentrerte, slik sett manglar det noko på det komparative studium på feltet. Raska løftar fram at korleis høgt utvikla små og mellomstore land har vorte påverka av utviklinga kring RMA og transformasjons tematikken ville vore interessant i denne fasen. I fortsettinga av dette ville det vere naturleg å sjå korleis små og mellomstore statar sjølv har påverka utviklinga (Raska, 2010:30).

## **2.5 Ytterpunkt**

Kapittelet har vore tredelt der den største delen har omhandla militære tenestemodellar, så litt grundigare handsaming av verneplikt og frivillig modell samt litt kort om forklaringsfaktorar bak val av tenestemodell, i del tre har RMA tematikken både heilt overordna historisk, og den nylege RMA debatten kort vorte presentert. Uavhengig av tenestemodellar har overordna tendens dei siste par tiåra vore ein overgang frå større til mindre forsvar, frå variabelt teknologisk utstyrte styrkar til større innslag av høgteknologi. Vernepliktsmodellen var rådande i vest-Europa ved slutten av den kalde krigen, avartar av AVF-modellen har sidan teke over i land etter land. Grunnane er nok samansette, dels behovet for mindre styrkar etter totalkonflikt vart lite sannsynleg, dels kostnadsvekst i samband med den aukande teknologiseringa av dei væpna styrkar som "tvingar" fram styrkereduksjonar, dels større krav om operative styrkar til internasjonaltjeneste og i ein del høve fallande legitimitet for vernepliktsmodellen fordi berre eit mindre utval vert kalla inn.

I analysekapittelet vil to hypotesar setjast fram, desse vil sentrerast kring ytterpunkt som trekker i kvar sin retning. Analysedelen vil grundig ta for seg utviklinga i dei tre landa sine forsvarsmodellar for å finne kvar det er tale om konvergens og kvar det er tale om divergens. Først er det naudsynt med ei presentasjon av forsvarsmodellane, dette er temaet for neste kapittel.

### **3. Forsvarsmodellane: likskapar og ulikskapar**

#### **3.1 Innleiing**

Danmark, Noreg og Sverige har i tida etter den kalde krigen alle reformert sine forsvarsmodellar frå invasjonforsvarsmodellen til innsatsforsvarsmodellen. Prosessane har vore ulike i dei tre landa, sjølv om det er mange likskapar mellom modellane er det og ein del ulikskapar. Invasjonsforsvarsmodellane var tufta på allmenn verneplikt med mobiliseringsavdelingar, dersom sett på krigsfot var det kvantitativt store forsvar i dagens målestokk. Styrkane var dimensjonerte for ein fullskalla invasjons trussel mot nasjonalt territorium for Noreg og Sverige sin del, medan Danmark sitt forsvar var integrert inn i NATO sitt fellesforsvar gjennom felles kommandoen med Vest-Tyskland frå 1961 (Danmark under den kolde krig, første bind, 2005:333-366).

Innsatsforsvaret kan definerast som kvantitativt lite, men høgteknologisk og tilpassa eit breitt spekter av oppgåver, både nasjonalt og internasjonalt. Det skal kunne setjast inn der det trengs på kort varsel. Innsatsforsvaret er også kjenneteikna av godt samtrena avdelingar, styrkane som tenestegjer utanlands er i all hovudsak verva mannskap på kontrakt. Avdelingane er ståande med lite innslag av mobiliserings avdelingar. Dette kapittelet skal ta for seg dei tre innsatsforsvara, det vert i siste del ei samanlikning for å vise både likskapar og ulikskapar mellom dei tre modellane, først ei presentasjon av kvart land sin forsvarsmodell.

#### **3.2 Danmark**

Av landa i Norden var det Danmark som raskast sette i gong med å modernisere og tilpasse sine væpna styrkar til den nye tida. Politikarane konkluderte allereie i desember 1993 med at Danmark var utan ein ytre trussel. I tråd med dette etablerte Danmark yrkesavdelingar i hæren som var ståande og kunne sendast på utanlandsoppdrag på kort varsel. Forsvaret er sidan

utvikla til eit sikkerheitspolitisk instrument for danske politikarar (Saxi, 2010:32-33). Danmark har no berre ei kort verneplikt basert på loddtrekning frå dei tenestedyktige fortrinnsvis dei villige, det einaste obligatoriske er å framstillast for ”forsvarets dag” som har erstatta den tidligare sesjonen (Dansk forsvarskommission af 2008, 2009:146). Den korte tenesta for dei som vert plukka ut kvalifiserar for heimevern (frivillige) og ei nasjonal beredskapsstyrke som kan kallast inn ved kriser og katastrofar, tenesta er om lag 700 timar over fire månader. Styrken får både grunnleggande våpen og feltteneste i tillegg til opplæring i mellom anna førstehjelp og brannvern, verneplikta er også ei rekrutteringsarena for yrkesavdelingane. Det danske forsvaret får assistanse til den grunnleggande opplæringa av heimevernet, politiet og redningstenesta. Dei som ikkje ønskjer vidare teneste ut over basisopplæringa står på beredskap i tre år og kan om behovet skulle oppstå kallast inn for inntil tre månader, mannskap som har hatt lenger teneste står ikkje på beredskap etterpå.<sup>18</sup> I tillegg vert vernepliktige kalla inn til kongeskipet, den kongelege livgarden og til ein del generelle funksjonar i hæren, marina og flyvåpenet, totalt saman med katastrofe beredskapen om lag 6500 mann årleg (Heurlin, 2007:72).

Danmark har gradvis etter den kalde krigen skreddarsydd sitt forsvar til eit sikkerheitspolitisk instrument for deltaking internasjonalt, gjennom aktiv deltaking spesielt saman med amerikanske og britiske kampavdelingar er målsetjinga å sikre danske interesser. Landet har gått frå å vere ein konsument av sikkerheit til å bli ein produsent av sikkerheit utanfor egne grenser (Heurlin, 2007:84). Danmark hadde ein strategisk frontlinjestatus under den kalde krigen som sikra innverknad, ettersom denne innverknaden forsvann med bortfallet av trusselen, har det vore viktig å bidra aktivt for å hindre marginalisering av Danmark (Heurlin, 2007:60,88).

Forsvarsbudsjettet er stramt og ei rekke val har blitt gjort gjennom fleire forsvarsforlik for å få størst mogleg operativ evne av dei tilgjengelege ressursane. Dette har gitt resultat og den danske hæren er over tid i stand til å halde større forband utanlands enn Noreg, også marina og flyvåpenet er tilpassa internasjonalt engasjement. Som ein konsekvens av streng satsing har ei rekke militære kapasitetar vorte avvikla (Saxi, 2010:80), og forsvaret er difor veldig avhengig av tett integrasjon med allierte i NATO for å kunne løyse ein del oppdragstypar både nasjonalt og internasjonalt. Faktisk er Danmark heilt avhengig av NATO for å kunne

---

<sup>18</sup> <https://www.borger.dk/Emner/politi-retsvaesen-forsvar/forsvar-og-beredskab/Sider/vaernepligt.aspx>  
Nytta 2012-07-30

forsvare dansk territorium om det skulle bli naudsynt (Heurlin, 2007:84), dette er i aukande grad tilfellet ettersom landet har vald bort fleire sentrale militære kapasitetar for å effektivisere og styrke evna til å levere operative avdelingar. Allereie tidlig vart det stasjonære bakkebaserte luftvernet og ubåtvåpenet lagt ned, det siste forsvarsforliket inneberer vidare ei nedlegging av langtrekkande panservern og korthaldsluftvern for hærens avdelingar medan feltartilleriet vart redda etter først vedteken nedlagt. Dette inneberer at ein del oppgåver som tidligare kunne utførast nasjonalt, no ikkje kan leverast (Forsvarsforliket, 2010-2014:22-23). Samstundes er integrasjon på tvers av forsvarsgreinene sentralt, både marina og kampfly kan levere eldstøtte til hæren og elles sikre oppgåver som luftvernet tidligare hadde. Dei nye danske fregattane er godt oppsett med rakettluftvern, inkludert rakettar med lang rekkevidde som kan dekke behov som det bakkebaserte rakettluftvernet tidligare hadde.

### **3.2.1 Innsatsforsvaret**

Det er blitt ein tradisjon i Danmark at det vert inngått forsvarsforlik for ein periode på om lag fem år, dette er ein avtale mellom eit fleirtal av dei politiske partia i folketinget om overordna budsjettammer og hovudlinjer for forsvaret for perioden (Heurlin, 2007:99-100). Det gjeldande forsvarsforliket er inngått i 2009 for perioden 2010 til og med 2014, budsjettamma er sett til 22.445 mrd danske 2010 kroner med eit mindre fast tillegg pr år for avtaleperioden som er øyremerka spesielle investeringar, totalt tre milliardar over perioden (Forsvarsforliket, 2010-2014:26). Forlika tek for seg dei store linjene for forsvaret for perioden, her inngår også erverv av nytt materiell og utfasing av materiell. I denne perioden er dei største endringane ein reduksjon frå 57 til 34 Leopard 2 stridsvogner, hærens korthalds luftvernmissil system vert nedlagt, hærens langtrekkande panservernkapasitet nedlagt og operative kampfly redusert frå 48 til 30 F-16 fly (Forsvarsforliket, 2010-2014:22-23). Dei låge forsvarsbudsjetta og den store innsatsen internasjonalt har ført til ei streng satsing på dei kapasitetane det er behov for i pågåande militære operasjonar.

Det danske forsvaret har stor fokus på den operative styrkestruktur, der vektlegging av å kunne bidra internasjonalt i heile det militære spekteret er sentralt. Skarpe militære operasjonar saman med allierte som USA og Storbritannia i både Irak og Afghanistan har dimensjonert den danske hæren. Danmark skal kunne stille inntil 2000 soldatar internasjonalt, av desse kan hæren samtidig delta i to ulike operasjonar med bataljonsstyrke samla 1400 mann pluss til saman 100 mann i enkeltmannsoppdrag og dei andre forsvarsgreiner 500 mann.

Både Luftforsvaret og sjøforsvaret skal kunne bidra i to geografisk åtskilde operasjonar samstundes, til dømes kampfly og humanitærtransport frå luftforsvaret eller fregattar, støtteskip eller inspeksjonsskip frå sjøforsvaret (Dansk forsvarskommission af 2008, 2009:136-137,280).

### **3.2.2 Forsvarsstruktur**

Det danske forsvaret er no i all hovudsak eit ståande forsvar med avdelingar som er under trening og avdelingar som er fullt operative. Ved sidan av denne strukturen fins totalforsvarets beredskapsavdelingar som presentert innleiingsvis og heimevernet.

#### **Hæren**

Hæren har ein divisjonskommando med to brigadar, der Første Brigade er ståande beredskapsavdeling med fast tilsatt personell og andre Brigade er ei øvingsavdeling med ei blanding av fast tilsett personell, vernepliktige og mannskap på kontrakt under opplæring. Første Brigade er allsidig utrusta og trena for eit breitt oppgåvespekter og står på kort beredskap for internasjonal teneste, i tillegg til denne beredskapen har brigaden ei sentral rolle i langvarige utanlandsoperasjonar som den i Afghanistan. Utover dette har hæren ei jegeravdeling, den kongelige livgarde, skuleavdelingar for befals og offisersutdanning og ein logistikkbataljon (Dansk forsvarskommission af 2008, 2009:125). Hæren hadde i 2011 vel 10150 mann, av desse var det omtrent 1800 vernepliktige, 200 sivilt tilsette, 4000 verva konstablar, 2600 befal og 1550 offiserar (Fakta om forsvaret, 2010:24).

#### **Sjøforsvaret**

Dei operative delane av sjøforsvaret er delt inn i to eskadrar, ei helikopter avdeling, frømanorpset (marinejegerkorps), ein taktisk stab og eit logistikksenter. Første eskadre har ansvaret for opplæring og nasjonale oppgåver, til dette vert det nytta inspeksjonsskip, miljøskip, isbrytarar og kongeskipet Dannebrog. Andre eskadre har ansvaret for opplæring til internasjonal beredskap, i denne inngår marina sine kampfartøy som dei store støtteskipa, fregattar og andre fartøy (Dansk forsvarskommission af 2008, 2009:126-127). Utforminga av marina sine to nye støtteskip i Absalon klassen og dei tre fregattane i Ivar Huitfeldt klassen, er tilpassa internasjonal teneste. Støtteskipa er av ein spesiell konstruksjon som kombinerar

eldkrafta til moderne fregattar med evna til å transportere soldatar og materiell opp til tung stridsvogns størrelse, i tillegg til besetninga er det plass til eit par hundre ekstra soldatar. På grunn av fleksibelt design kan skipet tilpassast etter oppdraget gjennom container modular. Fregattane har fått særskilt fokus på luftvern rolla med langtrevkande raketttluftvern, vidare er fartøya utstyrde med 127 mm kanon som med spesial ammunisjon har ei rekkjevidde på vel 100 km, missil mot andre overflatefartøy, moglegheit for bruk av langtrevkjande amerikanske kryssarmissil av typen Tomahawk og nærforsvarssystem. Begge fartøyklassane har helikopter.<sup>19, 20</sup> Det var om lag 3300 mann i sjøforsvaret i 2011, av desse var vel 150 vernepliktige, 330 sivilt tilsette, 1500 verva konstablar og resten befal og offiserar (Fakta om forsvaret, 2010:24).

### **Lufforsvaret**

Det danske flyvåpenet er delt inn i fem ulike vingar, desse nyttar mellom anna tre flybasar. Ein kampflybase, ein base for transport og overvakingsfly og ein for helikopter. Dei andre vingane er støttepersonell, radarbasert luftkontroll og ein ekspedisjonskomando. I den operative strukturen inngår 30 kampfly av typen F-16, fire Hercules C130-J30 transportfly, 3 Challenger CL-604 overvakingsfly, 8 lette Fennec C2 helikopter, 8 EH 101 Merlin redningshelikopter, 6 EH 101 Merlin taktiske transporthelikopter og 8 Lynx marinehelikopter (Fakta om forsvaret, 2010:36). Det var i 2011 om lag 3500 mann i lufforsvaret av desse var vel 100 vernepliktige, 120 sivilt tilsette, 1500 verva og resten befal og offiserar (Fakta om forsvaret, 2010:24).

### **Heimevernet**

Det danske heimevernet er ein frivillig organisasjon som hjelper både forsvaret og sivile myndigheiter ved behov. Heimevernet disponerar hærstyrkar, sjøheimevern og luftheimeverns avdelingar. Heimevernet har vel 48000 personell av desse er 20 000 aktive medan dei resterande 28000 er heimevernets reserve, 15 prosent av personellet er kvinner. Heimevernet har eit breitt spekter av oppgåver med mannskap over heile landet, mannskapa får ikkje lønn, men kan få dekka tapt arbeidsforteneste ved spesielle høve og har fri kost og losji under teneste. Hærheimevernet er den største av greinene med vel 37500 mann, i tillegg til infanteriavdelingar har denne eit politiheimevern som støttar politiet ved behov og eit

---

<sup>19</sup> <http://forsvaret.dk/2ESK/Enheder/PS/Documents/Fregat%20faktablad.pdf> Nyttå 2012-04-30

<sup>20</sup> <http://forsvaret.dk/2ESK/ENHEDER/FS/Pages/default.aspx> Nyttå 2012-04-30



verksemdsheimvern som hjelper med sikring av vitale samfunnsinstallasjonar.<sup>21</sup>

Flyheimeværnet har 5000 mannskap og hovudoppgåva er å assistere flyvåpenet med sikring av flyplassar og opplæring av personell, men også assistere mellom anna politiet ved ettersøk, naturkatastrofar, CBRN truslar og luft overvaking av land og havareal. Flyheimeværnet disponerer eit antal mindre propellfly av typen Cessna.<sup>22</sup> Sjøheimeværnet eller marineheimeværnet som det vert kalla løyser oppgåver i tett samarbeid med det danske sjøforsvaret, oppgåvene er primært innanfor overvaking, søk og redning, miljøvern og vakthald. Marineheimeværnet har om lag 30 fartøy utrusta med moderne navigasjonsutstyr, miljøvernustyr og hurtige gummibåtar, fartøya har ein times beredskap. Det er om lag 4900 mann i marineheimeværnet.<sup>23</sup>

### **Kap 3.3 Noreg**

Utviklinga i Noreg var når kvalitetsreformene for alvor kom i gong etter 2002 hurtig (Heurlin, 2007:52), likevel kan det hevdast at det norske forsvaret står med ein fot i det gamle og ein i det nye. Mobiliseringsforsvaret er avvikla til fordel for innsatsforsvaret, men i motsetnad til andre land med liknande forsvarsmodell er framleis verneplikta den primære rekrutteringsmodellen.

Hæren er reint kvantitativt redusert med over 90 prosent i høve mobiliseringshæren under den kalde krigen, mykje nytt utstyr er tilført (Ulriksen 2007:171). Avdelingar som Telemarksbataljonen, kystjeger kommandoen, spesialstyrkane, flyvåpenet og marinen har vist seg på høgde med vestlege allierte i internasjonale operasjonar dei siste åra. Utviklinga sidan 90-talet har vore imponerande, den gongen var det berre spesialstyrkane som var blant dei beste når dei var utanlands. Dei norske F-16 flya som deltok i Kosovo operasjonen hadde ikkje kapasitet til å levere laserstyrte bomber, og vart sjølv om det Serbisk Jugoslaviske flyvåpen etter den innleiande fasen ikkje utgjorde nokon trussel difor berre nytta til luftromkontroll. Den første telemarksbataljonen som i starten besto av vernepliktige som teikna kontrakt for beredskap og utanlandsoppdrag, var først på plass tre månadar etter andre land sine strykar (Matlary, 2005:221). Operasjonen i Libya i fjor illustrerar på ein god måte at reformene som lærdommen frå Balkan fekk sett fart i, har omdanna flyvåpenet til ein moderne

---

<sup>21</sup><http://www.hjv.dk/Om%20HJV/Sider/Fakta.aspx> Nytt 2012-04-10

<sup>22</sup><http://www.hjv.dk/FHV/Sider/forside.aspx> Nytt 2012-04-10

<sup>23</sup><http://www.hjv.dk/MHV/Sider/forside.aspx> Nytt 2012-04-10

og hurtig anvendeleg sikkerheitspolitisk kapasitet. Forsvaret leverer der dei operer enten det er på bakken og i lufta i Afghanistan, til havs med ubåtar, mineryddarar, MTBar og fregattar eller med luftstridskrefter over Libya. Men framleis er det ei ubalanse når det gjeld operativ evne og struktur. Det er ikkje krise slik som kring 2000 når det hadde oppstått eit stort etterslep grunna eit tiår med vesentlege avvik mellom mål og midlar, samt manglande evne til å oppfylle dei omstillingsmåla som var sett for reduksjon av personell. Krisa kom av at Noreg utover 90-talet held på den etablerte forsvarsmodellen sjølv om budsjetta relativt sett minka år etter år, politikarane vedtok ein struktur som ikkje var i samsvar med budsjetta dei løyvde Andre NATO-land med langt større budsjettkutt føretok omfattande omstillingar i perioden 1992-1996, via desse prosessane sikra dei seg operativ evne til å møte nye utfordringar (Ulriksen, 2002:18). Sjølv etter eit tiår med omfattande reduksjon og tilpassing av det norske forsvaret er det framleis manglande samsvar mellom mål og midlar, dette får utslag i redusert aktivitetsnivå, enten det er fregattar og andre fartøy som ligg til kai, eller heimeverns avdelingar som ikkje vert øva.

Lærdommen frå internasjonale oppdrag dei siste to tiåra viser at den gamle infanteristen som var tilpassa ein invasjonstrussel på norsk jord ikkje var godt nok trena og utstyrt for slike oppdrag . Det første møtet med dette kom på Balkan gjennom dei vanskelege FN operasjonane særleg i Bosnia, styrkane vart rekrutterte etter malen som hadde vore nytta til det mellom andre langvarige engasjementet i Libanon.<sup>24</sup> Rekruttering av tidligare soldatar og befall i frå mobiliseringshæren eller vernepliktige som nett hadde fullført førstegongsteneste var vanleg, desse søkte engasjement for kontingenten. Soldatane hadde ulik bakgrunn frå førstegongstenesta, før utreise fekk dei nokre vekers opplæring, utstyret var stort sett det same som vart nytta heime av infanteriet med eit visst tilleggsinnslag av pansra SISU vogner. Ein vesentleg del av kvar kontingent var som regel såkalla ”recap,” det vil seie at soldatar tok ein ekstra kontingent, gjerne 30-40 prosent av styrken (Ulriksen, 2002:252). Under den kalde krigen hadde oppdrag internasjonalt vore sett på som noko som var på sida av det eigentlege oppdraget, forsvar av norsk territorium mot ein mogleg Sovjetisk invasjon. Utanlands oppdrag var ikkje avgjerande karrierefremmande for befall eller offiserar, den store kompetansen som styrkane ute opparbeidde seg vart i liten grad systematisert og vidareført som nyttig lærdom for forsvaret (Børresen, 2005:137). Denne tilnærminga var framleis rotfesta i forsvarsmiljøet også ved oppdraga i det tidligare Jugoslavia, først langt ut på 90-talet forstod man at krava til

---

<sup>24</sup> Noreg hadde mellom anna ein infanteribataljon i Libanon gjennom FN operasjonen Unifil frå 1978 til 1998 (Børresen et al, 2004: 69-170).

soldatar og avdelingar i denne typen oppdrag var mykje meir omfattande enn treningsgrunnlaget dei fekk gjennom førstegongstenesta.

Ved opprettinga av den første telemarksbataljonen på 90-talet vart standarden på treninga og utstyret heva noko, spesielt samtrening som avdeling vart styrka. Erfaringane vart i større grad tekne vare på som grunnlag for læring og trening av nytt mannskap. Men framleis hadde ikkje Noreg same evne i den skarpe enden av konfliktskalaen som NATO-allierte, Kosovo konflikten blei ein vekkar (Ulriksen, 2002:18). Sjefen for styrkane den amerikanske generalen Michael Short karakteriserte det norske luftstyrkebidraget som utan militær verdi ettersom flya ikkje kunne levere ”smarte” bakkangreps våpen. Lærdomen var at luftforsvarets basesett må kunne deployerast hurtig for å forsyne kampflystyrkar på basar utanfor Noreg, og at laser kapabel luft til bakke kapasitet er ein naudsynt faktor for å delta internasjonalt (Haaland, 2008:211-216). I tillegg vart det avdekka mangelfull evne til krisehandtering for internasjonale operasjonar mellom forsvarsdepartementet og forswarets overkommando inkludert fleire sikkerheitsbrot grunna for dårleg kommunikasjonskrypteringsutstyr. Strukturen var først og fremst tilpassa den kalde krigens trusselbilete med tydleg skilnad mellom krig og fred, det var difor klare skilje mellom politisk og fagmilitær leiing. Som følgje av erfaringane oppretta forswarets overkommando ein eigen krisehandteringsorganisasjon (Børresen, Gjeseth og Tamnes, 2004:221-222). Samla bidrog lærdommen frå Balkan til å sette fokus på omstillingsprosessen av det norske forsvaret.

Terror angrepa på USA 11. september 2001 sette for alvor fart i transformasjonen av det norske forsvaret, operasjonane i Afghanistan følgde som ein direkte konsekvens av desse. Afghanistan har definitivt vorte ei læringsarena ikkje minst for den norske hæren. Operasjonane i landet er første gongen etter Tysklandsbrigaden frå 1947 til 1953 (Friis, 1999:76), at hæren over tid samverkar med allierte hæravdelingar. Dette inneber at det skjer ei tilpassing av utstyr og operasjonsmønster som ikkje kortare samøving under norske forhold vil frambringe. Nye typar utstyr og krav til eigenbeskyttelse av styrkane i det moderne stridsteater har medført vanskar i høve CFE avtalen, den avgrensar kor mange pansra køyrety Noreg kan ha. Den norske forhandlingsdelegasjonen til forhandlingane om CFE avtalen var ekstra ”velvillige”, noko som resulterte i ei av dei lågaste kvotene av alle landa i Europa, vesentleg lågare enn til dømes Danmark. Leiarane i hæren var på denne tida opptekne av eit scenario i Nord-Noreg og meinte at ettersom det der ikkje var behov for meir pansring, så ville ikkje kvotane bli noko problem (Ulriksen, 2002:231).

## Kap 3.3.1 Innsatsforsvaret

### Rekruttering

Det norske forsvaret er i dag ein blandingsmodell med verneplikt og eit mindre antal verva. Sjølv om Noreg har allmenn verneplikt med obligatorisk sesjon for både kjønn, vert berre vel tredjedelen av dei mannlege årskulla innkalla. Det er friviljug for kvinner om dei vil tenestegjere. Forsvarets behov styrer talet på innkalla til førstegangsteneste, i praksis er systemet dermed ei selektiv verneplikt som i minkande grad er allmenn i ordets forstand. Det er i samband med lanseringa av ny langtidsplan ytra vilje frå regjeringspartia til å gjere verneplikta kjønnsnøytral ved at ho også vert obligatorisk for kvinner, dette er dels av likestillings omsyn og dels ut frå ønske om å sikre forsvaret dei best kvalifiserte kandidatane frå heile årskulla framfor berre den mannlege halvdel. Stortinget har ein målsetnad om minst 20 prosent kvinnelege befal og 15 prosent kvinner i førstegangstenesta innan 2020 St.meld. nr. 36 (2006-2007). Innslaget av verva har auka i dei seinare år, men er lågt samanlikna med andre land. Verneplikta er også ein viktig rekrutteringsbrønn til verva avdelingar, befal og offisersskular. I tillegg til rekrutteringa via førstegangstenesta, har forsvarets befalsskular og den gjennomgåande krigsskulen eigne opptak av aktuelle kandidatar som mellom anna kjem rett frå vidaregåande skule.

### Hæren

Grunnstamma i hæren er den sjølvstendige mekaniserte Brigade Nord. Denne har tre kampbataljonar derav to mekaniserte manøverbataljonar, panserbataljonen på setermoen i Bardu og Telemarkbataljonen (heretter Tmbn) som er lagt til Rena leir i Østerdalen og ein lettpansra manøverbataljon andre bataljonen på skjold. Brigaden rommar elles brigadeleining med stab, ein artilleribataljon, ein ingeniørbataljon, ein sanitetsbataljon, ein etterretningsbataljon, ein sambandsbataljon, ein Combat og support bataljon og eit militærpolitikompani (Fakta om Forsvaret, 2012:30). Ei sjølvstendig brigade innehar integrert alle dei kapasitetane som er naudsynte for å føre landstrid.<sup>25</sup> Saman med FSK/HJK som er hærens spesialstyrkar utgjer Brigade-Nord hærens primære kampevne. I tillegg til dette har hæren dei to ståande avdelingane GSV (grensevakta) og HMKG (Garden). Hæren har også befalsskular og krigsskulen som utdannar avdelingsbefal og offiserar (Fakta om Forsvaret, 2012:30). Totalt er hæren vel 9500 mann, derav 4500 vernepliktige og resten yrkesbefal og

---

<sup>25</sup> Her må føyast til at i det moderne stridsteater, er samvirke med luftstridskrefter og marinefartøy ein styrkemultiplikator, gjennom til dømes eldstøtte eller transport.

fast tilsette.<sup>26</sup> Hæren er dermed trass liten framleis relativt balansert, men manglar ein vesentleg kapasitet, eigenbeskyttelse i form av luftvern<sup>27</sup>. Rett nok kan luftforsvarets luftvernsystem NASAMS deployerast, men talet på batteri er redusert og desse skal allereie sikre luftforsvarets kampflybasar (Diesen, 2011:202). Sjølv om dei ulike avdelingane vert kalla bataljonar så varierar det kor store desse bataljonane er, nokre er i minste laget for å kunne kallast bataljon.

Tmbn er ein verva bataljon beståande av yrkesmilitære og hæren si innsatsstyrke (Forsjord, 2009:24), FSK sine operatørar er verva for sju år av gongen (Hammersmark, 2010:17), dei andre avdelingane er i all hovudsak vernepliktsavdelingar med nokre få verva grenaderar. I den komande langtidsmeldinga er det vedteke å etablere ein verva grunnstamme også i panserbataljonen i Nord-Noreg, medan det skal inn ein mindre del vernepliktige også i Tmbn. Dette for å betre beredskapen ettersom vernepliktsavdelingane ikkje er operative heile året, men også for å gjere hæren meir robust både nasjonalt og internasjonalt. Det er særleg oppdraget i Afghanistan som tærer på Tmbn, og dei andre avdelingane sine offiserar ettersom dei yrkesmilitære må ta hyppige deployeringar fordi hæren er så liten. Langtidsmeldinga kan så langt tolkast slik at den venta uttrekkinga av Afghanistan, vil gje hæren moglegheit til å fokusere meir på den nasjonale rolla (Prop. 73 S (2011-2012):90). Det er signalisert at det frametter vert tale om mindre omfattande internasjonale oppdrag enn det som har vore tilfellet i Afghanistan. Hæren skal framleis kunne stille med ei bataljonsstridsgruppe for korte oppdrag, medan det over tid berre vil vere aktuelt med kompanistridsgrupper (Prop. 73 S (2011-2012):51). Utanlandsoppdraga har for Tmbn etter Kosovo i 1999 ikkje vore heile bataljonen (Forsjord, 2009:31), men kompanivis og særst hyppige, noko som har medført at avdelinga sjeldan eller aldri har fått moglegheita til å trene seg fullt opp som avdeling i større forband enn kompanistridsgrupper. Kjell Rune Forsjord peikar i si masteroppgåve ved forsvarrets stabskule på at medan eit kompani er utanlands, er nr to under trening for neste kontingent og eit tredje kompani under trening eller har permisjon etter heimkomst frå utanlandsoppdrag (Forsjord, 2009:35). Årsaka til at slitasjen er så stor på Tmbn er ifølgje Sverre Diesen at hæren berre har denne eine verva bataljonen å spele på, denne vert difor særst etterspurt med den tilleggskonsekvens at den nasjonale hærberedskapen svekkast (Diesen, 2011:178).

---

<sup>26</sup> <http://forsvaret.no/om-forsvaret/organisasjon/haren/Sider/Om-H%C3%A6ren.aspx> Nyttå 2012-04-17

<sup>27</sup> Dette er no avgjort utbetra i den nye langtidspanen, brigaden skal få eige luftvern (Prop. 73 S (2011-2012):91).

## **Sjøforsvaret**

Tradisjonelt var sjøforsvaret todelt med marinen og kystartilleriet, ved utvidinga av den økonomiske sona vart kystvakta etablert og lagt under sjøforsvaret i 1977 (Børresen, 2011:264). Som ein kombinasjon av stasjonære anleggs sårbarheit mot den form for høgteknologisk krigføring Golfkrigen i 1991 med all tydelegheit demonstrerte, samt det nye trusselbiletet med bortfallet av den tradisjonelle invasjonstrusselen vart kystartilleriforta lagt ned og erstatta med kystjegerar. Kystartilleriet sine siste fort som hadde vore i møllposar frå 2001 vart formelt lagt ned i 2006 (Terjesen, Kristiansen og Gjelsten, 2010:512). Noreg var sein med å tilpasse kystartilleriet den nye tida, medan andre land innførte mindre sårbare lastebilbaserte rakettbatteri, ferdigstilte Noreg omfattande planar frå den kalde krigen. Dette var store kystfort med forlegning, kanonbatteri, torpedobatteri og kontrollerbare minefelt. Bygginga starta på 80-talet med første fort klart i 1989 og resten tidleg på 90-talet, anlegga til milliardkostnad var knapt operative før dei vart sett i møllposar. (Andersen, 2011:59,89). Etableringa av kystjegeravdelinga starta i 1997, ved hjelp av hurtige stridsbåtar var konseptet at dei skulle operere i kystsona med lette mobilerakettbatteri. Etableringa av det som frå 2001 skulle bli den verva kystjegerkommandoen (KJK) blei ein suksess, og dei har seinare vist seg anvendelege i fleire roller spesielt har dei utmerkt seg i strid i Afghanistan og elles samarbeider dei tett med marinejegerkommandoen (MJK) (Andersen, 2011).

## **Marina**

Dragkampen mellom kystforsvarsmarine og havgåande marine har prega den norske marina etter bortfallet av fellesflåten med flåteranet i københavn1807,<sup>28</sup> og den hardna til etter Noreg fekk ansvaret for eiga marine under personalunionen med Sverige frå 1814 (Ulriksen, 2002:232-233). Begge tradisjonane pregar framleis marina. kystkorvettane i skjold klassen kan stå som eit uttrykk for kystforsvarstradisjonen, medan fregattane i Nansen klassen som er dei største kampfartøya Noreg nokon gong har operert, representerar den havgåande marinetradisjonen.

Marina er bygd opp kring fire fartøyklassar, Fregattvåpenet, MTB-våpenet, mineryddarvåpenet og ubåtvåpenet (Diesen, 2011:185). Etter utfasinga av Hauk klassen

---

<sup>28</sup> Fransk blokade av Storbritannia fekk britane til å frykte at nøytrale Danmark/Noreg med sin store flåte skulle ende opp på fransk side, store deler av den britiske flåten vart sendt til Austersjøen, då danskane av slo forslag om allianse vart København bombardert og tvungen til å utleve heile flåten (Nåvik, 1996:94-95).

(MTB) og omdøypinga av skjoldklassen til kystkorvettar, er MTB-våpenet no erstatta med kystkorvettar. Marina sine fartøy inngår i den såkalla kysteskadren. Marina har eller held på å innfase følgjande fartøy: Fem Fridtjof-Nansen-klasse fregattar, seks Ula-klasse ubåtar, seks kystkorvettar av skjoldklassen, tre Oksøy-klasse minejaktfartøy og tre Alta-klasse minesveiparar (Fakta om Forsvaret, 2012:32).

Gjennom eit foredrag av generalinspektøren for sjøforsvaret kontreadmiral Haakon Brunn Hanssen i 2010 framgår det at det er ei stor utfordring for sjøforsvaret å drifte fartøya. Fregattane som er prioriterte fartøy seglar 20 prosent mindre enn anbefalt minimum for NATO, medan mindre prioriterte fartøy er nede i 60 prosent av NATO-standard. Årsaka er ein kombinasjon av løyvingar og problem med å rekruttere nøkkelpersonell. (Foredrag i Oslo Militære Samfund: 22 nov. 2010). Sverre Diesen hevdar at sjøforsvaret har erverva fleire fartøy og fartøyklassar enn realistiske budsjetterrammer kan drifte i åra som kjem. Gjennom taktisk tilnærming vart det først fokusert på fregattar som var avgjerande viktig for eit land med våre havareal og ressursar, så vart den nye skjoldklassen arbeida fram, sidan desse skulle byggjast i Noreg visste sentrale sjøoffiserar at dei ville vere lettare å få og ved å kalle det MTBar var det også ei vidareføring av eksisterande kapasitet (Diesen, 2011:186-187). Diesen foreslår etter ein gjennomgong av dei ulike fartøya sine eigenskapar at sjølv om skjoldklassen har store kapasitetar, så er det ettersom marina ikkje vil ha råd til å drifte alle fartøya den kapasiteten som får dei minste konsekvensane om den vert lagt ned. Ubåtvåpenet er ein strategisk ressurs som åleine kan påverke ein motstandars evne eller vilje til å bruke flåtemakt i norske farvatn, dagens ubåtar vil måtte skiftast ut ein gong kring 2020 og det dreiar seg om ei milliard investering. Fregattane er moderne multirollefartøy og sjølve bærebjelken i den norske marina. Utan evne til minerydding vil norske farvatn fort kunne bli utrygge både for sivile og eigne militære fartøy under ei konflikt (Diesen, 2011:188-192).

Det kan nemnast at Jacob Børresen i si bok ”forsvar uten trussel” i staden er bekymra for at marina har fått for få fartøy, kombinert med utanlandsoppdrag og for låge driftsmidlar gjev dette for lite nærvær i Nord (Børresen, 2005:221-222). Ei master studie ved forsvarrets stabsskule som omhandlar prosessen kring skjold klassen, peikar på at enklare fartøy som meir tradisjonelle MTBar kunne vore gode nok i dei rollene fartøyet skal fylle. Det vert konkludert med at industrielle omsyn både framtida til Umoe Mandal skipsverft og volumet for kongsbergs NSM-missil har vore sentrale motiv ved sidan av ønskje frå sjøforsvaret (Vetaas, 2011:67). Skjold klassen har sterk støtte blant sentrale offiserar i sjøforsvaret på grunn av sine

mange eigenskapar, stealth-teknologien gjer den mindre synleg for radar, den er sær s hurtig og kan segle i både grunne kystnærefarvatn og på havet. Fartøya er tungt væpna med både langtrekkande nye NSM-overflatemissil og 76 mm multirolle kanon samt korthaldsluftvern for sjølvforsvar (Terjesen et al., 2010:509). Om løysinga for marina er å avvikle skjold klassen, eller om denne faktisk er ei framtidsretta investering ligg utanfor ramma til denne oppgåva å ta stilling til. I følgje føreslått langtidsmelding er det ikkje planlagd vesentlege endringar i sjøforsvaret struktur i langtidsperioden. Når det gjeld Ubåtkapasiteten og helikopterberande fartøy i kystvakta, vil det vere naudsynt å ta stilling til vidareføring ettersom desse nærmar seg slutten av si levetid (Prop. 73 S (2011-2012):95). Marina vil med dagens struktur når dei nye fartøya vert fullt operative være blant dei mest moderne i Europa.

## **Kystvakta**

Kystvakta er delt inn i indre og ytre kystvakt, indre kystvakt har dei kystnæreområda og fjordane og disponerer fem mindre fartøy av Nornen klassen, medan ytre kystvakt er delt inn i kystvaktskvadron nord og kystvaktskvadron sør med ei rekke større fartøy. Av desse er fire helikopterberande, Nordkapp-klassen frå 1980 og sjøforsvarets største fartøy Kv Svalbard på 6300 tonn med mellom anna isbrytar, slepe og brannslukkingskapasitet. Dei tre nye fartøya i Barentshav-klassen på 4000 tonn har kombinert gass og dieselframdrift noko som gjev både miljø og økonomisk drivstoff gevinst, desse har ei rad kapasitetar mellom andre oljeoppsamling, brannslukking og slep. Kystvakta utfører eit spekter av oppgåver innanfor områda suverenitetshevdning, fiskerioppsyn, miljøvern, tollvern og søk og redning.<sup>29</sup>

## **Basestruktur og logistikk**

Etter Nedlegginga av Olavsværn er alle fartøya til marina heimehøyrande på Haakonsværn marinebase ved Bergen, kystvakt-skvadron nord er lagt til Sortland. Det var ein tung debatt kring avviklinga av NATO sin nordlegaste marinebase Olavsværn, kritikken gjekk mellom anna på at Noreg mista mykje av si evne til nærvær i dei nordlegaste farvatna over tid.

Sjøforsvaret disponerar to logistikkfartøy, i 2016 er det planlagd at desse skal erstattast av eit stort nytt logistikkfartøy som blant anna skal kunne etterforsyne Nansen og skjoldklassen slik at desse kan opere til havs over tid (Forsvarssjefens fagmilitære råd, 2011:41).

---

<sup>29</sup><http://forsvaret.no/om-forsvaret/organisasjon/sjoforsvaret/Sider/kystvakten.aspx> Nytt 2012-04-20



## Luftforsvaret

Luftforsvaret har ei rekke oppgåver i fred, krise og krig. Blant dei daglege oppgåvene er overvaking av Noregs store havareal med overvakingsfly, støtte til kystvakta med helikopter, ei rekke transportoppdrag med både transportfly og helikopter, døgnbemanna helikopter redningsteneste og kontinuerlig beredskap med kampfly for avskjering av fly og luftvernberedskap. For å kunne halde dei ulike maskinene operative er luftforsvaret avhengige av ei mengde teknikkarar og bakkepersonell, samt basesikringstroppar for å vakte flyplassane. Følgjande skvadronar er operative, tala på fly og helikopter er henta frå (Fakta om Forsvaret 2012:34): 330 med tolv Seaking redningshelikopter, 331, 332 og 338 opererer til saman 57 jagarfly av typen F-16 og desse er stasjonerte på Hovudflybasane i Bodø og på Ørland, 333 på Andøya med seks P-3 Orion overvakingsfly, 334 vert reaktivert når NH90 helikoptera til fregattane vert leverte, 335 held til på gardemoen med fire transportfly av typen Hercules C130-30J, 337 på Bardufoss seks Lynx kystvakthelikopter som snart skal erstattast med NH90, 717 på Rygge flystasjon opererer tre fly av typen DA-20 Jet Falcon som er nytta til vip transport og elektronisk krigføringsfly og til sist 339 og 720 som til saman opererer 19 Bell 412 taktiske transporthelikopter, 339 på Bardufoss og 720 på Rygge.<sup>30</sup> Luftforsvaret disponerer ei avdeling med Nasams2 rakettluftvern. I tillegg inngår radar og varslingsstasjonar, eit basesett med eksplosivryddarar, sanitet, ABC vern og vakt og sikringsavdeling med hund (Fakta om Forsvaret, 2012:34). Det er fatta vedtak om at framtidias hovudflybase skal vere Ørland med Evenes som framskoten operasjonsbase, dette inneber at hovudflybasen i Bodø vil bli avvikla (Prop. 73 S (2011-2012):82).

## Heimevernet

Heimevernet vart opprette liket etter andreverdskrigen og motstandmenn frå Milorg var sentrale. Sjølv om det var lite utstyr i starten var det stor oppslutnad frå frivillige som gjorde det beste ut av det tilgjengelige. Planlegginga starta allereie i London under krigen, målet var å skape ein desentralisert styrke som kunne verne vital infrastruktur mot overraskande angrep etter lærdommen frå 1940. Styresmaktene såg det elles som viktig å få etablert eit heimevern så raskt som mogleg for å få kontroll på dei ulike motstandsgruppene, frykta var at det skulle vere grupperingar som ikkje var under myndigheitenes kontroll. Den same problemstillinga var enno meir sentral i Danmark der dette var avgjerande for etableringa av det danske

---

<sup>30</sup> <http://forsvaret.no/om-forsvaret/organisasjon/luftforsvaret/skvadroner/Sider/vare-skvadroner.aspx>  
Nytta 2012-04-22

heimevernet. Milorg og befalskorpset frå kompani Linge inkludert motstandsmenn som var lært opp under krigen vart sentrale i heimevernet. Som illustrasjon av banda mellom heimevernet og Milorg, kan nemnast at HV sine 18 distrikt var identiske med Milorg distrikta fram til omorganiseringa i 2004. Sjølv om det offisielt var sikring mot kupp og overraskande angrep som var HV sitt oppdrag, kom også Milorg offiserane til å fokusere mykje på geriljaopplæring i perioden fram mot slutten av 60-talet (Hansen, 2007:58-60). Eit par prinsipp var gjeldande opp til 90-talet, fokus på det enkle og delegasjon nedover i hierarkiet, dette hadde samanheng med kort utdanningstid av befall og mannskap (Hansen, 2007:61).

Frå byrjinga av 70-talet vart HV sitt fokus meir straumlinjeforma, som ein slags hærens vesle bror. Støttevåpen var få, men auka mot 70-talet, rolla til HV var antiinvasjonsforsvar med vekt på sikring av depot, mobiliseringsviktige objekt og sperrestillingar mot angrep frå større fiendtlege avdelingar (Hansen, 2007:66). Hv anno 1970 hadde to motstridande trekk, det eine var operasjonar i større forband i landstrida, det andre som hadde vore med frå starten var gerilja taktikk i småforband (Hansen, 2007:72).

Sidan 2004 har HV gjennomgått ei større omorganisering med reduksjon frå 83000 til 45 000 soldatar. Styrken er no tredelt med ein mindre innsatsstyrke der soldatane er deltidstilsette med inntil 25 dagars årleg teneste, desse utgjer om lag 3000 soldatar og befall. Resten er fordelt mellom forsterking og oppfølgingsstyrkar. Desse har ideelt sett ei årleg trening med fire dagar for mannskapa og 6 dagar for befall, i praksis er etterslepet på trening stort og det er berre nokre få prioriterte nøkkelområde som trenar årleg. Målsetnaden frametter er å trene minimum 50 prosent av styrken årleg, med ei stabilisering på trening annakvart år som gjennomsnitt. Oppgåvene til det nye HV er objektsikring av samfunnsviktig infrastruktur inkludert sentrale nøkkelområde som oljeindustri, straum og vassforsyning med meir. Utover dette har den såkalla handhevingsbistanden til politiet ved terroråtak vorte eit nytt område, dette er ytterlegare skjerpa i kjølvatnet av terrorhandlingane 22. juli 2011. denne bistanden gjeld samhandlinga mellom forsvaret og politiet, det er politiet som rettar bistand til forsvaret dersom behov. Hv kan bidra på ei rekke felt, spesielt er det innsatsstyrkane som er aktuelle sidan dei har høgare treningsstandard, betre utstyr og kortare beredskapstid enn strukturen elles. Til sist er HV ein ressurs som på kort tid kan stille med mange mannskap til dømes ved brann og naturkatastrofar eller andre store hendingar der samfunnet treng hjelp.

## Kap 3.4 Sverige

Sverige starta omorganisering av forsvaret andre halvdel av 90-talet, men hadde framleis i dagens målestokk eit stort mobiliseringsforsvar ut tiåret (Hedin, 2011:122). Under den kalde krigen kunne det svenske forsvaret mobilisere 800 000 mann (Taylor, 1985:129). Svensk forsvarsindustri er internasjonalt anerkjend og har i vesentleg grad forsynt landet med eigeprodusert materiell av høg standard i alle kategoriar. Også ved importert materiell har industrien spela ei rolle gjennom oppgradering og tilpassing til svenske behov, eller ved å inngå avtalar om lisensproduksjon (Dørfer, 2007:121). Då reformene vart sett i gong gjekk det fort og Sverige er no det Nordiske landet som har kome nærast opp mot AVF-modellen.

Landet er inne i ein forsvarsreform som har avskaffa verneplikta og erstatta ho med ein modell der all teneste er friviljug, tenestedyktige lyt søkje om dei vil inn i det svenske forsvaret. GMU er felles start for alle som skal inn i det svenske forsvaret inkludert offisersutdanning, GMU er ei grunnleggande militær utdanning over tolv veker. Etter godkjent GMU kan den enkelte søkje seg vidare til teneste og spesialisering, heimevernet med fire til 13 dagars teneste kvart år eller vere ferdige med tenesta i forsvaret.<sup>31</sup>

Offisersutdanninga har i tillegg vanlege opptaksprøvar, all vidare engasjement etter GMU er behovsstyrt. Frå og med 2011 tek ikkje forsvaret inn vernepliktige, all teneste er basert på verva mannskap. For å unngå at det vert det som i proposisjonen vert referert til som eit reint yrkesforsvar, er det avgrensa lengd på vervingsperioden og soldatane vil hovudsakleg vere yngre menn og kvinner som etter ei tid som verva skal over i andre yrker. Dei verva soldatane skal kunne nyttast med stor fleksibilitet både nasjonalt og internasjonalt. Lengda på kontraktperioden er inntil seks år, men to periodar er mogleg. Førebuing til sivile yrker skal tilretteleggast ved sidan av tenesta, også ein aktiv veteranpolitikk vert ein del av systemet (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):80-81).

### 3.4.1 Innsatsforsvaret

Då riksdagen i 2009 avvikla verneplikta var det samstundes slutten for ein forsvarsmodell som landet hadde hatt i 109 år. Den svenske forsvarssjefen Sverker Göranson trekker i ein tale fram at dette følgjer av ei kompleks globalisert verkelegheit der endringar skjer på kort varsel. Det er færre reine militære truslar i dag, i kriser og konflikt er andre faktorar samanvevd med den militære dimensjon, dette medfører at forsvaret berre er eit av verkemiddela i

---

<sup>31</sup> [http://www.forsvarsmakten.se/upload/Rekrytering/broschyre/fm\\_nittiodagar\\_web\\_01.pdf](http://www.forsvarsmakten.se/upload/Rekrytering/broschyre/fm_nittiodagar_web_01.pdf) (s-23 og 25).  
Nyttå 2012-03-10

verktøykassa. Vernepliktsforsvaret vert erstatta med ein operativ militærstyrke av friviljuge med evne til hurtig reaksjon.<sup>32</sup> Russland har gjennom Georgia konflikten vist at landet er villig til å bruke militære maktmidlar dersom det kan tene viktige strategiske interesser for landet. Sjølv om ikkje Sverige sitt nærrområde vert sett på som ein trussel av Russland og landet heller ikkje har den same viljen til bruk av militære midlar mot EU og NATO-medlemmar, så må det svenske forsvaret forholde seg til at det fins eit land med stormaktsinteresser i eige nærrområde. Georgia konflikten involverte truleg ikkje meir enn kring 20 000 russiske soldatar samstundes, men det skjedde veldig hurtig og krigen vart avgjort i løpet av dei to innleiande dagane (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):28).

Det nye innsatsforsvaret vil bestå av om lag 50 000 mannskap, fordelt på Hæren, sjøforsvaret, flyvåpenet og heimevernet. Alle forsvarsgreinene vil nytte kontraktstilsette soldatar, avdelingsbefal og yrkesoffiserar. Heimevernets mannskap vil etter den felles grunnutdanninga vere deltidstilsette mannskap med ei viss årleg plikt. Den nye forsvarsmodellen vil gradvis byggast ut med målsetnad om å vere fullt operativ i 2019. Ettersom forsvaret allreie no er profesjonalisert, er modellen operativ i mindre skala, men med lenger beredskap før eventuelle oppdrag utanlands enn det som vert tilfelle når den nye innsatsforsvarsmodellen er fullt utbygd, allereie i 2014 skal dei fleste avdelingane kunne inngå på kort beredskap også for utanlandsoppdrag og modellen er då innleiande operativ. Den gradvise utvidinga mot det nye systemet er mellom anna for å fordele kostnadane over tid.

## Hæren

Den nye svenske hæren vert i 2014 sentrert kring åtte manøverbataljonar, av desse vert sju organisert som enten mekaniserte, lett mekaniserte og lette bataljonar og ein bataljon med evne til amfibieoperasjonar. Alle manøverbataljonane skal kunne setjast saman til bataljonsstridsgrupper, det vil vidare vere mogleg å setje saman ei rekke kapasitetar inkludert ein helikopterbataljon. Manøverbataljonane vil få ei mest mogleg lik utdanning slik at dei hurtig kan setjast inn som stridsgruppe med det utstyret som oppdraget tilseier der behovet skulle vere. I tillegg til desse manøverbataljonane fins ei rekke andre bataljonar og avdelingar: to brigadestabar, to artilleribataljonar, to luftverns bataljonar, ein jegerbataljon, ein

---

<sup>32</sup> Tale av den svenske forsvarssjefen april 2012, s-1.

<http://www.forsvarsmakten.se/upload/dokumentfiler/tal/2012/20120410%20Planning%20for%20the%20unknown%20LAOS.pdf> Nyttå 2012-04-24

etterretningsbataljon, to ingeniørbataljonar, ein sikkerheitsbataljon, tre stridsvognskompani, to militærkompani, eit CBRN kompani og eit tungtransportkompani (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):63-64).

Den svenske hæren er utstyrt med noko av det mest moderne materiellet i verda og er velbalansert når det gjeld kombinasjonen av kapasitetar. Ustyrsparken kan på papiret verke framand ettersom alt frå handvåpen til stridsvogner har fått namn etter svensk mønster, i det norske forsvaret er det unntaket heller enn regelen at materiellet får andre namn enn produsentnamnet. Svensk produsert materiell vert i oppgåva kalla ved det svenske namnet, resten produsent namn. Hæren opererer svenskmodifiserte Leopard 2 A5 stridsvogner(Tysk) som er meir avansert enn den utgåva Noreg har, svenskproduserte CV 90-40 stormpanservogner, lett rakettluftvern RBS 70 (svensk) som og fans i norsk teneste fram til 2000-talet (Gjeseth, 2008:223-224), 155 mm svenskprodusert artilleri, bombekastarar, diverse pansra og upansra kjøretøy eller beltevogner og ei heil rekke mindre våpensystem.<sup>33</sup>

Den pågåande reforma er også djuptgripande for yrkesoffiserskorpset, fokus er operativ evne. Dette medfører at spesialistar og avdelingsbefal vil det bli fleire av, medan talet på høgare offiserar vil reduserast. Eit kjenneteikn ved mobiliseringsforsvaret var stort offiserskorp i fredstid som hadde roller i mobiliseringsstrukturen, dei med faste stillingar som ikkje hadde direkte ansvar for utdanning av dei vernepliktige hadde kontorstillingar der felt og øving var eit mindre avbrekk frå kvardagen. I tillegg til desse kom eit stort reservebefalskorp. Dette var heilt naturleg når organisasjonen på krigsfot gjerne vaks meir enn ti gongar, i eit ståande innsatsforsvar vil det i staden vere størst behov for lågare offiserar og avdelingsbefal med ein relativt mindre del høgare offiserar for å leie større operasjonar. Det vert vurdert at behovet i 2014 er 5200 spesiallistbefal og 3300 offiserar i innsatsforsvaret, til samanlikning var det i 2009 når langtidsplanen vart vedteken 9100 offiserar og vel 300 spesialistbefal (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):81-82). Etter det nye systemet skal dei soldatane det er behov for tilsetjast på kontrakt på heiltid eller deltid etter godkjent GMU, for hæren skal ikkje meir enn 25 prosent av soldatane få fulltidskontrakt og tenestegjere kontinuerleg med resterande på deltid og utvida ved behov (Prop. 2011/12:1 (2011-2012):22). Hæren hadde i 2011 totalt 15100 soldatar og befal (Försvarmakten i fick format, 2011:19).

---

<sup>33</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/> Nytt 2012-04-30

## Sjøforsvaret

Marina skal kunne operere i heile spekteret frå låg intensive truslar til fullskala krig, den er utrusta for Sveriges nærrområde, men kan og setjast inn internasjonalt. Alle fartøyklassane er ståande avdelingar for å sikre tilgjengelegheit på kort varsel (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):66). Marina er inndelt slik: ein ubåtflotilje, to korvett divisjonar, to mineryddardivisjonar, to vedlikehaldsdivisjonar, ein røykdykkardivisjon, ein sjøinformasjonsbataljon, ein amfibiebataljon som skal overførast til hæren, ein basebataljon og eit vaktbåtskompani med mindre hurtiggåande fartøy (Prop. 2011/12:1 (2011-2012):38).

Dei to korvettklassane Visby og Göteborg er marina sine overflate kampfartøy, desse har evne til å bekjempe både overflatefartøy, ubåtar og kan gje eldstøtte til landavdelingar. Visby klassen brukar stealth teknologi slik at dei er vanskelegare å oppdage for radar og infraraude sensorar. Dei svenske korvettane er tungt væpna med både langtrekkande RBS 15 rakettar, 57 mm multirolle kanon, antiubåt torpedoar og luftvern til eigen sikring. Begge er svenskproduserte. Korvettane er betydelig mindre enn fregattane som Noreg og Danmark opererar, men Visby klassen er med sine 73 meter og ein tonnasje på 640 tonn større enn den norske skjoldklassen. Visby kan også bringe helikopter, noko som for tida er under utprøving.<sup>34</sup> Visby klassen vil i 2014 vere fulltalig med fem fartøy. Marina opererar framleis to fartøy av Göteborg klassen, desse er noko mindre omtrent på størrelse med skjold klassen vel 50 meter lange med ei tonnasje på 380 tonn, dei har tilsvarande væpning som Visby.<sup>35</sup> Mineryddar divisjonane rår over fem mineryddarfartøy av kosterklassen (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):67). Røykdykkardivisjonen har to fartøy av Spåröklassen, dette er ombygde fartøy frå ein tidlegare mineryddarklasse.<sup>36</sup>

Ubåtflotiljen opererar to svenske ubåtklassar Södermanlandklassen og Gotlandklassen med to ubåtar frå kvar klasse (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):67). Begge klassane er blant dei fremste diesel-elektrisk drivne ubåtane i verda. Södermanlandklassen på 1500 tonn vart overhaldt på 2000-talet og har som Gotlandklassen eit luft uavhenging Stirling maskineri i tillegg til hovudmotorsystemet, dette gjer at ubåten kan halde seg neddykka i fem veker i strekk.<sup>37</sup> Ubåtane i Gotlandklassen var dei første som frå grunnen av var konstruert med luft uavhengig system, dei er utstyrte med både tunge torpedoar mot overflatefartøy og lette

<sup>34</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Korvett-Visby/> Nytt 2012-04-26

<sup>35</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Korvett-Stockholm/> Nytt 2012-04-26

<sup>36</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Rojdykfartyg-Sparo/> Nytt 2012-04-26

<sup>37</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Ubat-typ-Sodermanland/> Nytt 2012-04-26

torpedoar til sjølvforsvar mot andre ubåtar. Dei svenske ubåtane er stillegåande og vanskelege å oppdage.<sup>38</sup> Det er sett i verk eit prosjekt for anskaffing av neste generasjons ubåtklasse førebels kalla A26, kontrakt er inngått med Kockums som har produsert tidlegare svenske ubåtar og ei rekke skipsfartøy, to avanserte stealth ubåtar på 1800 tonn skal etter planen leverast i 2018/19.<sup>39</sup> Den svenske marina rår elles over ei rekke fartøy inkludert støttfartøy, skuleskip, vakt og patruljefartøy, luftputefartøy og stridsbåt 90H som er amfibiebataljonen sin viktigaste farkost.<sup>40</sup> Sjøforsvaret hadde i 2011 om lag 3100 personell (Forsvarsmakten i fick format, 2011:19).

## Luffforsvaret

Det svenske flyvåpenet har tradisjonelt vore sterkt, på byrjinga av femti talet var det rekna som verdas fjerde største med om lag 1000 fly.<sup>41</sup> Flyvåpenet er høgteknologisk med ei rekke ulike kapasitetar innanfor følgjande område: kampfly fire skvadronar JAS-39 Gripen om lag 100 fly (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):68-69), JAS står for jakt, attack og spaning og er eit multirolle kampfly som beherskar luftkamp, angrep mot bakke og sjømål samt rekognosering. Transportflyskvadron med åtte C130 Hercules fly. Helikopterskvadronane disponerar ein omfattande helikopterpark: ti super puma for i all hovudsak fly og sjøredningsteneste, men og havovervaking og troppettransport. NH90 eit tungt multirollehelikopter som det er bestilt 18 av, dei første er levert og systemet teken i bruk, Noreg har også bestilt helikopteret som er forsinka med fleire år. 20 Agusta-Westland A109LUH lette helikopter for diverse roller inkludert helikopterflygarutdanning. Sverige har bestilt 15 middelstunge amerikanske Blackhawk UH-60M helikopter og dei første er allereie teken i bruk, desse vil primært bli nytta til materiell og troppettransport samt medisinske evakueringshelikopter til dømes i internasjonal teneste. I tillegg til dette har flyvåpenet overvåkingsfly og radarfly som saman med bakkeradar bidrar til å gjere biletet over luftrommet meir komplett, samt ei rekke fly til pilotutdanningsføremål og dronar eller såkalla UAV til informasjonsinnhenting.<sup>42</sup> Luftforsvaret har elles basesikring, bakkepersonell, befalsskule og pilotutdanning. Luftvernets bakkebaserte rakettar er under hæren, denne disponerar ei oppgradert utgåve av mellomdistanserakett typen Hawk<sup>43</sup> som var i bruk i det norske luftforsvaret<sup>44</sup> før Nasams

<sup>38</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Ubat-typ-Gotland/> Nytt 2012-04-26

<sup>39</sup> <http://www.kockums.se/produkter-tjanster/ubatar/projekt-a26/> Nytt 2012-04-27

<sup>40</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/> Nytt 2012-04-27

<sup>41</sup> [http://www.ffk.se/PDF/ffknytt/ffknytt\\_2006\\_4.pdf](http://www.ffk.se/PDF/ffknytt/ffknytt_2006_4.pdf) Nytt 2012-12-10

<sup>42</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/Flyg/> Nytt 2012-04-27

<sup>43</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/Vapen/Robotsystem-97/> Nytt 2012-04-28

systemet tok over mellom 1995-1998.<sup>45</sup> Luftforsvaret hadde i 2011 vel totalt 3400 mannskap (Forsvarsmakten i fick format, 2011:19).

## Heimevernet

Heimevernet vart oppretta gjennom vedtak i riksdagen 29 mai 1940 etter Nazi-Tysklands overraskande åtak og okkupasjon av Danmark og Noreg 9. april 1940. vernepliktsforsvaret vart vurdert som for svakt rusta og måtte raskt styrkast med ein desentralisert styrke som kunne sikre landet mot overraskande angrep. Planen var at det skulle vere på 50 000 mann når fullt oppsett, men forsvarsviljen var stor og hausten 1940 hadde Heimevernet 90 000 innrullerte rett nok med enkel utrustning i starten. Heimevernet vart etter kvart ein sentral del av forsvaret og talte på slutten av kalde krigen 120 000 soldatar inkludert både ein kystforsvarsdel og luftheimevernsdel. På 2000-talet vart det som i Noreg etablert innsatstyrkar med lenger trening, vel 5000 av totalt 40 000 mann i 2007. Heimevernet fekk tilnamnet ”nationella skyddsstyrkorna”.<sup>46</sup> Slik sett vert det rett å løfte fram det svenske heimevernet som forløparen til heimeverna i nabolanda Danmark og Noreg, sjølv om begge viser til motstandsørslene under krigen som sine opphav. Det skal likevel ikkje vere tvil om at Milorg og den danske motstandsørsla sine folk var sentrale i etableringa og bemanninga av heimeverna i starten.

Dagens heimevern består av friviljuge på kontrakt og dei nasjonale beskyttelses styrkane er på 22000 soldatar og befal, desse skal kunne utføre oppdrag frå assistanse til samfunnet ved kriser og behov i fred til væpna strid i krig (Forsvarsmakten i fick format, 2011:19).

Det svenske forsvaret har etter den kalde krigen gradis gått frå FN baserte fredsbevarande innsatsar, til deltaking i langvarige skarpere operasjonar. Gjennom PFP programmet og bilateralt har landet utvikla eit tett samarbeid med NATO (Hærnvist, 2008:13-17). Sverige har delteke i NATO leia operasjonar både på Balkan, i Afghanistan og Libya.<sup>47</sup> I Afghanistan har Sverige sidan 2006 hatt ansvaret for ein såkalla PRT (Provincial Reconstruction Team)

---

<sup>44</sup> Det norske systemet Norwegian adopted hawk var i bruk frå 80-talet til 1998 og var av avansert utgåve, med ein del funksjonar som det svenske systemet ikkje har som å skilje eigene frå fiendtlege fly .

<sup>45</sup> <http://articles.janes.com/articles/Janes-Land-Based-Air-Defence/Kongsberg-Defence--Aerospace-Norwegian-Adapted-HAWK-NOAH-low-to-medium-altitude-surface-to-air-missile-system-Norway.html> Nytt 2012-04-28

<sup>46</sup> <http://hemvarnet.se/?action=visaartikel;artikelid=264> Nytt 2012-04-28

<sup>47</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Internationella-insatser/Avslutadeinsatser/Truppinsatser/Libyen-UP/> Nytt 2012-12-14



med hovudsete i Mazar-e-Sharif i nord Afghanistan.<sup>48</sup> Svenske styrkar inngår elles i EU sitt sikkerheitspolitiske samarbeid, der landet har leia den Nordiske kampgruppa. Sverige har både sendt spesialstyrkar til Afrika og marineskip til Adenbukta saman med andre EU-land. Landet har lang tradisjon for internasjonale militære operasjonar, samla sett har drygt 100 000 svenskar delteke mestedelen gjennom ulike FN innsatsar.<sup>49</sup>

## Kap 3.5 Likskapar og ulikskapar

### Cyberforsvara

Den hurtige og omfattande utviklinga innan it sektoren har medført mange endringar i måten det moderne samfunnet fungerer på. Datateknologien har vorte ein del av kvardagen. Dette har mogleggjort ei enorm effektivisering. Samstundes har det moderne samfunnet vorte meir avhengig av velfungerande datasystem, bakkdelen er auka sårbarheit ovanfor anslag mot desse datasystema. Ein sentral av denne utviklinga er internett, internett har radikalt endra fleire felt deriblant informasjonstilgang, samhandling og moglegheita til å fjernstyre ulike prosessar. Det enorme omfanget på internett, byr også på sikkerheitspolitiske utfordringar. Det såkalla ”Cyberspace” er eit eige virtuelt univers der også potensielt farlege aktørar opererar. Ettersom stadig fleire vitale samfunnsfunksjonar er datastyrte, er også desse sårbare for angrep frå både statlege og andre aktørar (Hackarmiljø) som måtte ønske å påføre skade via ”cyberkrigføring” (Dansk forsvarskommission af 2008, 2009:11,58). Danmark, Noreg og Sverige har som mottrekk mot denne utviklinga oppretta egne cyberforsvar.<sup>50</sup> Militære it spesialistar overvaker kontinuerlig vitale militære og offentlege samfunnsfunksjonar for å sikre desse mot åtak.<sup>51</sup>

Eit openbart fellestrekk er at omstruktureringane dei siste 20 åra har vore djuptgripande og kvantitativt omfattande. På byrjinga av 90-talet var vernepliktsbaserte mobiliseringsforsvar, med ei blanding av noko høgteknologi og mykje eldre materiell eit fellestrekk. Det norske og danske forsvaret terte på det amerikanske våpenhjelps materiellet frå femti og seksti talet, medan det svenske forsvaret terte på stor rustinga fram til seksti talet. Forsvara har gjennom reformene utvikla seg til å bli høgteknologiske forsvar med moderne ustyrte styrkar. Store reduksjonar i styrke talet har vore naudsynt, tabell 3.1 viser dette. I tillegg til brigadane hadde

---

<sup>48</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Internationella-insatser/Afghanistan--Isaf/Om-insatsen/> Nyttå 2012-12-14

<sup>49</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/sv/Internationella-insatser/Avslutadeinsatser/> Nyttå 2012-12-14

<sup>50</sup> [http://www.svd.se/nyheter/inrikes/hemligt-forband-ska-skydda-fran-it-hot\\_7723550.svd](http://www.svd.se/nyheter/inrikes/hemligt-forband-ska-skydda-fran-it-hot_7723550.svd) Nyttå 2012-12-19

<sup>51</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fd/aktuelt/nyheter/2012/cyber.html?id=699271> Nyttå 2012-12-19

hærene styrkar som var organiserte i mindre forband til dømes bataljonar i territorial og lokalforsvars avdelingar med meir, desse bestod gjerne av enklare utstyrte infanteristar som også nytta feltbefestningar, tyngre materiell var av eldre modellar.

	Brigadar 1990	Brigadar 2012	Reduksjon
Danmark	6-7	2	71%
Noreg	13	1	92%
Sverige	21 <sup>52</sup>	2	90%

**Tabell 3.1. Reduksjon av brigadar sidan 1990**

Soldatane i desse avdelingane var også i større grad frå dei eldre årsklassane av mobiliserings kulla, desse avdelingane var overlatne dei enklare oppdraga medan brigadane, særskilt dei mekaniserte og pansra skulle føre den avgjerande striden. Den norske felthæren kan tene som døme av dei 160 000 soldatane ved inngangen til 90-talet var 65000 i brigadane, resten disponerte territorialhæren i ulike funksjonar (Gjeseth, 2008:33). Opplistinga i tabell 3.2 viser forsvar som er kvantitativt samanliknbare, tala er gjeldande for 2012. Strukturen har store likskapar alle tre har også eige heimevern.

	Hæren	Luftforsvaret	Sjøforsvaret	Heimevernet	totalt
Danmark	10150	3500	3300	20 000 (28000)	64950
Noreg	9500	3500	3700	45000	61700
Sverige	15100	3400	3100	22000	54000 <sup>53</sup>

**Tabell 3.2. Oversikt våpengreinene i tal, parentes reserve.**

Land	Kampfly	fregattar	Korvettar	Ubåtar	stridsvogner	artilleri
Danmark	30 F-16	3 IVAR HUITFELDT		-	34 Leo 2A5	12 <sup>54</sup>
Noreg	57 F-16	5 Nansen	6 Skjold	6 Ula	52 Leo 2A4	24 Archer <sup>55</sup>
Sverige	104 JAS-39	-	5 Visby Göteborg	4 Gotland Södermanland	120 Leo 2A5	24 Archer <sup>56</sup>

<sup>52</sup> Henta frå (Hedin, 2011:139).

<sup>53</sup> Inkludert omlag 10 000 logistikk og leining på tvers av forsvarsgreinene.

<sup>54</sup> <http://www.artilleriet.dk/artikel/4058-SKH-Selvkoerende-Haubits--nye-haubitser-redder-varde-kaserne.htm>  
Nytt 2012-05-02

<sup>55</sup> Systemet vert det nye artilleriet i Noreg og Sverige, innan fullt operativt nyttar Noreg framleis oppgraderte M109 og Sverige Felthaubits 77.

<sup>56</sup> <http://www.fmv.se/sv/Nyheter-och-press/Nyhetsarkiv/Nyheter-2010/Archer-klar-for-serietillverkning/>  
Nytt 2012-05-02

### Tabell 3.3 Samanlikning tyngre materiell.

#### Ulikskapar

Den fremste skilnaden mellom forsvara er rekrutteringsmodellen, verneplikt kontra heil eller deltidstilsette mannskap. Med det vert det ikkje forenkla til at modellane elles er like, men at det er den skilnaden som har størst konsekvens i høve operativ bruk av styrkane som elles kvantitativt er nokså samsvarande. Ein annan vesentleg ulikskap er allianse kontra nøytralitet, Danmark og Noreg er begge NATO-medlemmar, medan Sverige i moderne tid har vore nøytral. Likevel er dette i endring EU medlemskapen har også vorte ein sikkerheitspolitisk pilar for Sverige dei seinare år der landet leiar Nordic Battlegroup. På kvar sine vis har Noreg og Sverige ”dobleband”. Noreg er knytt mot EU sin styrkestruktur med ein liten kontingent på 150 mann i den svensk leia EU kampgruppa for på denne måten å ha ein fot innanfor det sikkerheitspolitiske samarbeidet til EU (Rottem et al., 2008:95). Sverige har eit tett samarbeid med NATO gjennom PFP programmet inkludert det såkalla MAP prosjektet, rådgjevarar frå NATO har gjennom dette samarbeidet vore sentrale i omstruktureringa av det svenske forsvaret etter den kalde krigen (Heurlin, 2007:50). Danmark er trass sitt tidlege EU medlemskap, ikkje ein del av det sikkerheitspolitiske aspektet innan EU etter at det danske folket gjennom folkerøysting i 1993 sa nei til Maastricht traktaten.

Den danske modellen er åleine om å ha ein totalforsvarsstyrke basert på kort verneplikt der grunnleggande våpentrening vert kombinert med opplæring i handtering av katastrofehjelp til det danske samfunnet ved kriser av ulike slag. Tradisjonelt har sivilforsvaret hatt ansvaret for vern av sivilbefolkninga i krig og regelmessige bidrag til samfunna ved behov i fred, desse har vore kjenneteikna som uvæpna ikkje stridande hjelpemannskap for sivilbefolkninga. Ein del av mannskapene har søkt sivilforsvaret av personleg pasifistisk overtyding. I Noreg er sivilforsvaret ikkje underlagt forsvarsdepartementet, men direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB).<sup>57</sup> Det er ifølgje sivilforsvarsstudia frå 2007 berre sivilforsvaret som formelt kan ha ansvaret for det vern som sivilbefolkninga etter folkeretten har krav på i krig etter dei føringar som Genèvekonvensjonen har sett, difor vert sivilforsvaret framleis oppretthalde i Noreg.<sup>58</sup> I Sverige og Danmark som begge hadde sivilforsvar av liknande format som det norske under den kalde krigen, er desse rollene omorganisert. Det er den

<sup>57</sup> <http://www.sivilforsvaret.no/> Nytt 2012-05-05

<sup>58</sup> Sivilforsvarsstudien (2007), Forsterkning, beskyttelse og samvirke. DSB: 13. Henta frå <http://www.sivilforsvaret.no/Global/DSB-sentralmappe/Andre%20dokumenter/Sivilforsvarsstudien2007.pdf> Nytt 2012-05-05

såkalte beredskaps styrelsen som har ansvaret i Danmark,<sup>59</sup> medan det i Sverige er MSB (Myndigheten för samhällsskydd och beredskap) som har fått ansvaret.<sup>60</sup>

Danmark skil seg ut med at militærmakt har blitt eit instrument som først og fremst skal nyttast for å fremje danske interesser internasjonalt, gjennom tette band med nære allierte som USA og Storbritannia skal danske styrkar kunne setjast inn over heile verda. Professor i statsvitskap og ekspert på forsvars og sikkerheitspolitikk Bertel Heurlin karakteriserar tre utviklingslinjer ved den nye danske forsvarspolitikken: denasjonalisering av forsvaret, militarisering av utanrikspolitikken og demokratisering av forsvaret. Med denasjonalisering meiner han at forsvarets rolle ikkje lenger er nasjonal i snever forstand, det har gått frå å vere ein garantist for nasjonalt territorium til å bli ein produsent av sikkerheit internasjonalt gjennom ad hoc koalisjonar. Militarisering av utanrikspolitikken ved at militære verkemidlar i aukande grad er vorte ein integrert del av den danske utanrikspolitikken, saman med utviklingsarbeid, miljøtsatsing og freds og stabilitetsarbeid skal dette fremje Danmark som global aktør. Demokratiseringa av forsvaret kom etter bortfallet av den kalde krigens faste trusselsenario, fråveret av objektivt definerte konvensjonelle truslar mot dansk territorium har gitt reell handlefridom for bruken av det danske forsvaret. Landets eksistens er ikkje på spel og Danmark kan dermed velje kvar og når dansk militærmakt skal nyttast, slik sett er landets stilling i høve NATO også friare (Heurlin, 2007:72-73). Dansk internasjonalisme har inkludert vilje til å bruke militærmakt også der det ikkje føreligg FN mandat som når Danmark sende kampavdelingar til Irak krigen (Heurlin, 2007:74). Danmark er blant landa som etter kontingent og innbyggjartal har dei høgste tala på falne i Afghanistan (Chesser, 2012:2), danske styrkar som er stasjonert i sør har vore sentrale i fleire av konfliktens hardaste kamphandlingar.

I norsk forsvarspolitik er det framleis den nasjonale beredskapen og forsvar av Noreg som er primær oppgåva, sjølv om internasjonal innsats har vorte ein sentral del av forsvaret sine oppgåver dei seinare år er det likevel ei sekundær oppgåve. Medan danske myndigheiter tilhøyrrer landa i NATO som vil ha auka fleksibilitet for NATO innsatsar utanfor det tradisjonelle området, er Noreg blant dei mest restriktive og konservative medlemslanda på dette feltet. Seinast i eit foredrag for Atlanterhavskomiteen sitt årsmøte i mai 2012 hevda då verande forsvarssjef Espen bart Eide at NATO har fått redusert evne til å sikre den kollektive

---

<sup>59</sup><http://brs.dk/Pages/Forside.aspx> Nytt 2012-05-05

<sup>60</sup><https://www.msb.se/sv/Om-MSB/> Nytt 2012-05-05

sikkerheita til medlemslanda og at det no er viktig å rette fokus ”heimover”.<sup>61</sup> I motsetnad til Danmark som klart seier at det ikkje eksisterar sikkerheitspolitiske truslar mot landet i tradisjonell forstand, vert det frå norsk side om enn mindre enn i første perioden etter den kalde krigens slutt vist til at naboskapet til stormakta Russland utgjer ein potensiell sikkerheitspolitisk risiko (Saxi, 2010:64-65). Det difor framleis viktig for Noreg å framheve nordområda som utfordrande i NATO samanhengar.

Sverige har i moderne tid hatt sitt hovudfokus mot Russland og Sovjetunionen som den største sikkerheitspolitiske trusselen. Under den kalde krigen var landet som nøytralt lokalisert mellom dei to alliansane i eit strategisk viktig område, men det var trass den strenge offisielle nøytraliteten Sovjetunionen som var trusselen det svenske forsvaret førebudde seg mot. Etter den kalde krigens slutt og omlegginga av det svenske forsvaret, vert dei tradisjonelle konvensjonelle truslane mot landet vurderte som små. Sverige har difor fått eit større utanrikspolitisk handlerom. (Henriksen, 2010:21; Heurlin, 2007:45).

I analysedelen omhandlar ein av seksjonane geopolitisk posisjon, det vil der kome meir om forsvars og sikkerheitspolitiske tilpassingar ut frå denne.

## 4. Konvergens eller Divergens

### Hypotesar

Ut frå teori og empirikapittelet kan to hypotesar vere eit utgangspunkt for analysedelen. Dei siste to tiåra har vore prega av store omveltningar, dette gjeld sikkerheitspolitisk, men også ein djuptgripande teknologisk debatt der RMA og forsvarstransformasjon har stått i fokus.

Parallelt har Danmark, Noreg og Sverige delteke i stadig skarpere militære innsatsar, spesielt innsatsen på Balkan og i Afghanistan har fått konsekvensar. Med utgangspunkt i dette har eg følgjande hypotese: **Eksterne faktorar som sikkerheitspolitiske rammer, teknologisk utvikling og internasjonale operasjonar har våre medverkande årsaker til konvergens mellom dei nordiske innsatsforsvarsmodellane.**

---

<sup>61</sup><http://www.regjeringen.no/nb/dep/fd/aktuelt/nyheter/2012/veien-videre-for-nato.html?id=683832> Nyttå 2012-06-05

Førstedelen av teorikapittelet omhandla militære tenestemodellar. Cohen løfta fram to forklaringsfaktorar som spesielt utslagsgjevande for val av tenestemodell, lengda på grensene mot potensielt fiendtlige nabostatar og størrelsen på populasjonen relativt til omkringliggende land. Meir generelt er geopolitisk plassering viktig, øystatar og land som er trygt plasserte blant vennlegsinna statar har tendert til å velje frivillig bemanna forsvarsmodellar. Kontinentalmakter omslutta av historisk fiendtlege stormakter har tradisjonelt valt vernepliktsmodellen. I tillegg vil uavklarte konflikt eller grensespørsmål vere av relevans.<sup>62</sup> Dette er heilt kort overordna trekk. Gjennom empiridelen framgjekk det at norsk val av verneplikt som primær rekruttering til innsatsforsvaret skilde seg ut. Elles var det tendensar til ulike sikkerheitspolitiske prioriteringar, men her er det samstundes viktig å vere klar på at dette vert nokså detaljerte samanlikningar. Dersom vurderingane vert meir overordna vil utanrikspolitikken framstå som mykje likare. Sikkerheitspolitisk prioritering er av relevans for problemstillinga i den grad denne får utslag for prioriteringar i dei nasjonale forsvarsmodellane. Dette leier mot ei hypotese for divergens. H2: Institusjonaliserte tenestemodellar og geopolitisk plassering har vore divergerande faktorar og har fungert som ei motvekt mot konvergens mellom forsvarsmodellane.

Hovudfokuset i analysedelen vert å samanlikne modellane for å kartlegge dei overordna konvergerande trekka mellom modellane og årsakene. I tillegg vil divergensen i rekrutteringsmodellane få ei grundig tilnærming gjennom ei kort studie av årsakssamanhengane til at Noreg held fast på verneplikta. Her kunne det også vore studert kvifor svenskane vel å innføre frivillig modell og kvifor Danmark i praksis har frivillig modell i kampstyrkestrukturen. Eg har vald å fokusere på norsk verneplikt sidan dette er avviket og dermed føl av årsaker til divergens. Vidare er det lettare å vise at svensk og dansk utvikling følgjer den vestlege trenden med overgang frå verneplikt til frivillig rekruttering, dermed kan dette setjast inn i den same overordna retninga som er hovudårsaka til konvergens mellom dei vestlege forsvarsmodellane. Det er difor meir interessant å sjå på den mindre vanelge norske kombinasjonen. Komparative vurderingar for å sjå om det er mogleg å peike på nokre årsaker som kan kaste lys over norsk verneplikt er vektlagt. Gjennom denne samanlikninga vil Danmark og Sverige i vekslande grad inngå i den norske verneplikts seksjonen.

---

<sup>62</sup> NATO-landa Hellas og Tyrkia held framleis store dels moderniserte vernepliktsforsvar, det er uavklarte konfliktspørsmål mellom landa både grenser og Kypros. Israel sine grenser og nabolilhøve er i varierende grad avklara, tidlegare, pågåande og potensielle framtidige konflikhtar gjer at landet har eit velutbyggt vernepliktsforsvar.

## 4.1 Konvergens

H1 fokuserar på konvergens mellom dei tre forsvarsmodellane og årsakene bak denne. Kapittel to inneheld ein grunnleggande presentasjon av RMA, det vart fokusert på tilpassing og transformasjon av det militære for å møte ny rammer og utfordringar. RMA var først veldig teknologi fokusert, rundt tusenårsskiftet vart RMA vevd saman med omgrepet transformasjon. Konkrete amerikanske militære endringsprosessar spreidde seg til allierte spesielt NATO og nære samarbeidspartnarar. Noreg og Danmark som NATO-land og Sverige gjennom PFP og bilateralt samarbeid med NATO. Landa fekk dei same overordna signala om korleis styrkestrukturen måtte utviklast for å oppnå interoperabilitet (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):20-21). NATO-styrkar måtte vere i stand til å opere saman med amerikanske styrkar, dette innebar satsing på ein meir ekspedisjonsbasert styrkestruktur med større innslag av høgteknologisk utstyr. Joint vision 2010 var sentralt i transformasjonen av det amerikanske forsvaret, samstundes vart det sendt eit tydeleg signal til Europeiske NATO-allierte om forsvarsreform. ”Defence Capabilities Initiative” (DCI)<sup>63</sup> var ein sentral del av det nye strategiske konseptet som vart vedteke ved 50 års jubileet for NATO i 1999 (Heier, 2006:1). DCI vart lansert for at europeiske NATO-land skulle kome meir på høgde med USA, særleg manglande Europeisk evne til å handtere Balkan konfliktane som trass alt var i Europas bakgard tydeleggjorde behovet for reform (Landsford, 2002: 46-47). Høgare amerikanske forsvarsløyvingar hadde over tid førte til eit veksande kapasitetsgap innan NATO, europeiske budsjettkutt i ei tid med rivande teknologisk utvikling forsterka denne utviklinga (Oswald, 2006:70-71; Sloan, 2005:82,108).<sup>64</sup> DCI var omfattande og dei mange delmål vart seinare reduserte, men fem sentrale hovudområde kan nemnast: (a) Strategisk deployering og Mobilitet: evne til deployere i rett tid til rett stad; (b) Uthaldenheit og logistikk: evne til å oppretthalde og forsyne styrkane langt frå eigne basar over tid; (c) Effektiv engasjement: å anvende rett styrke til rett tid, over heile konfliktskalaen (d) Overlevingsevne: evne til å beskytte styrke og infrastruktur mot kjente og framtidige moglege truslar; (e) Interoperative kommunikasjonar: kommando, kontroll og informasjons system som er kompatible med andre, fleirnasjonal effektiv samoperasjonsevne (Landsford, 2002:167; Heier, 2006:11).

---

<sup>63</sup> I norsk samanheng, initiativ for forbedret forsvarsevne (Rekkedal, 2003:184)

<sup>64</sup> Kapasitetsgapet i NATO og debatten var ikkje ny, men i motsetnad til på femtitalet då Europa også økonomisk var ein ”dverg” samanlikna med USA, tiltok debatten med den europeiske økonomiske veksten (Oswald, 2006:71).

## 11. september 2001

Terroråtak mot USA 11. september 2001 fekk følgjer også for dei tre nordiske forsvarsmodellane. For det første sette dette fart i den amerikanske omstillinga gjennom den tidlegare nemnde transformasjonsprosessen. I fortsettinga av dette vaks amerikansk press for omstilling av NATO-landas forsvarsstyrkar. Ei anna konsekvens av terroråtak var den amerikanske invasjonen av Afghanistan. Terroråtak utløyste den første og førebels einaste artikkel fem situasjonen i NATO-historia, NATO-rådet aktiverte artikkel fem berre 24 timar etter åtaket, dette vart stadfesta av NATOs generalsekretær andre oktober 2001. Artikkel fem slår fast at eit angrep på ein av medlemslanda skal sjåast som eit angrep på alle. Ut frå artikkelen skal medlemslanda bistå gjennom dei tiltak som landa finn naudsynte (Sloan, 2005:214). I praksis innebar dette at ulike medlemsland signaliserte ovanfor USA sine aktuelle bidrag, USA valde ut nokre relevante bidrag frå det som kom til å bli referert til som koalisjonen av viljuge der også nokre amerikanske allierte utanfor NATO inngjekk. Danmark og Noreg bidrog begge med spesialstyrkar og Noreg deltok med mineryddarar i denne koalisjonen. Engasjementet i Afghanistan vedvarer framleis og Danmark, Noreg og Sverige er gjennom ISAF tungt inne i landet.

Krevjande internasjonale operasjonar som læringsarena, kombinert med djuptgripande reformer i tråd med eksterne utviklingstrekk har fått stor innverknad på tilpassinga av dei tre forsvarsmodellane mot innsatsforsvarsmodellen. Meininga er ikkje å gå i djupna, poenget er i staden å knyte desse hendingane saman med RMA og Transformasjonsprosessane ettersom alt dette har vore medverkande faktorar til konvergerande utvikling i dei tre forsvarsmodellane.

Dersom dei fem nøkkelpunkta innanfor DCI vert vurderte opp mot karakteristikkane på innsatsforsvarsmodellen, er overordna trekk påfallande like. Prosessane har gått i retning av dei kapasitetane som vart etterlyste gjennom DCI. Dette er eit komplekst bilete og det er ein kombinasjon av fleire samverkande årsaker til at forsvarsmodellane har gått i denne retninga. Dei tre forsvarsmodellane har blitt meir mobile og styrka evna til deployering, Libya konflikten i 2011 står som ein god illustrasjon på dette. Dei små forsvara er fleksible og evnar å levere operativt over tid. Det lange engasjementet i Afghanistan og Libya innsatsen har like mykje vore ein demonstrasjon av logistikk, som av skarpe militære kapasitetar av internasjonal klasse. Dei tre landmaktene har utvikla seg mykje dei to siste tiåra, i mobiliseringsforsvara var infanteristen dårleg beskytta og enkelt utstyrt, mekaniseringsgraden variabel og pansring noko som hovudsakleg fans i kavaleriavdelingane. Dei tre hærane er no



høgteknologisk utstyrte mobile avdelingar, ein større del av køyretya er pansra, soldatane har skotsikrevestar og eit stort spekter av teknologiske hjelpemiddel. Overlevingsevna til avdelingane er vesentleg betra. Nettverksbaserte kommunikasjonssystem inngår på tvers av avdelingar i samtlege våpengreiner. Systema lettar ikkje berre kommunikasjonen mellom nasjonale avdelingar, NATO-standar inneber at kommunikasjon med allierte og samarbeidspartnarar under operasjonar som dei i Afghanistan fungerer.

Det er også avvik i høve måla, i norsk samanheng gjeld dette særskilt uthaldenheita. Hæren har blitt så liten at det trass alt avgrensa norske bidraget i Afghanistan over tid har slitt på offiserskorpset og den vesle verva strukturen (Ulriksen 2007:161-162). Den danske hæren har hatt liknande problem, men då må det samstundes nemnast at dansk innsats har vore større og i periodar omfatta både Afghanistan, Irak og Kosovo (Saxi, 2010:48-50). Manglande samsvar mellom overordna rammer og struktur har likeins vore eit gjennomgåande problem, dette er betra, men det er framleis avdelingar og fartøy som øver og seglar mindre enn målsetnaden.

Etablering av ståande beredskapsavdelingar i både NATO og EU, har vore ein sentral del av transformasjonsprosessane for å sikre alliansen og EU kapasitet til å raskt kunne setje inn kapable styrkar der behovet måtte oppstå. NATO sine NRF (NATO Response Force) styrkar er sett saman av rullerande nasjonale bidrag og styrken er i dag vel 13000 soldatar frå alle bransjar (Sloan, 2005:113).<sup>65</sup> Krav i samband med dei nasjonale bidraga har influert transformasjonsprosessane i deltakarlanda. På same måten har EU sine kampgrupper vore sentrale for deltakarlanda. (Dansk forsvarskommisjon 2008:81). Medan Sverige har leia den nordiske kampgruppa der også Noreg trass manglande EU medlemskap har delteke,<sup>66</sup> har Danmark som EU medlem grunna folkeavrøysting vald å stå utanfor unionen sitt militære samarbeid. Den danske regjeringa vil no som tidlegare nemnd ha ny avrøysting om spørsmålet.

## **Oppretthalde NATO sin relevans**

Ved den kalde krigens slutt gjekk verda frå eit bipolarart internasjonalt politisk landskap til eit unipolart, dette innebar ein fundamentalt ny geostrategisk verkelegheit. I det bipolarare verdsbiletet utgjorde dei to supermaktene Sovjet og USA med sine respektive alliansar og

---

<sup>65</sup> [http://www.nato.int/cps/en/natolive/topics\\_49755.htm](http://www.nato.int/cps/en/natolive/topics_49755.htm) Nytt 2012-12-14

<sup>66</sup> <http://www.forsvarsmakten.se/en/Organisation/Nordic-Battlegroup/> Nytt 2012-12-14

vennlegsinna statar ei maktbalanse, andre statar sitt rom for handling var avgrensa av denne overordna internasjonale strukturen (Heurlin, 2007:23-24). Ved den kalde krigens slutt var USA verdas einaste supermakt, den amerikanske militærmakta er så stor at det ikkje eksisterar andre statar eller blokker av statar som kan balansere ho, i tillegg til at USA er totalt militært overlegen har landet også verdas største økonomi. USA si rolle i det internasjonale politiske system er så sentral at det er gunstig for andre statar og ha gode relasjonar til USA, motsett er det ugunstig å handle i strid med amerikanske interesser. Det vert difor tala om ei unipolar verd.

For småstaten er det viktig å balansere mot potensielle fiendtlege stormakter, for Danmark og Noreg sin del har dette sidan 1949 vore sikra gjennom NATO-alliansen (Olesen og Villaume, 2011:339). Under den kalde krigen hadde USA grunna motsetningsforholdet mellom aust og vest store strategiske interesser i Europa. Den nye strategiske situasjonen inneber at den relative strategiske betydninga av det europeiske området er mindre. Den amerikanske senatoren Richard Lugar uttalte tidleg på 90-talet: "NATO has to go out of area or out of business" (Oswald, 2006:60). Heilt kort har det difor vore i eigneinteresse for dei mindre land å transformere forsvara for å kunne bidra med etterspurte militære kapasitetar. Det enkelte medlemsland må yte for å oppretthalde NATO sin relevans (Matlary, 2005:200). Matlary omskriv Descartes kjende utsagn "Cogito, ergo sum" til i dagens internasjonale politikk å innebære "jeg deltar internasjonalt, derfor er jeg". I NATO vert såkalla "solidarisk oppførsel" vurdert som viktig (Matlary, 2005:236). Også for Sverige som ikkje er NATO-medlem har utviklinga etter den kalde krigens slutt auka behovet for samarbeid, trass at landet reint geopolitisk er tryggare. Sverige ser USA som viktig for Europeisk sikkerheitspolitikk, eit godt svensk bilateralt samarbeid med USA er ein sentral del av dette (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):18). Seinast under Kosovo krigen i 1999 var større amerikansk militært engasjement avgjerande for at det skulle vere mogleg å hindre sivile lidningar i Europa. USA stod for 70 prosent av flya og 80 prosent av all ammunisjonen som vart nytta (Lansford, 2002:84). Europeiske militære kapasitetar har utvikla seg mykje sidan, men Libya kampanjen avslørte at alliansen framleis er prisgitt ei rekke amerikanske militære kapasitetar. Spesielt luftovervakingsfly, lufttankingskapasitet, satellittnavigasjon, elektroniske krigføringsplattformer, droner, kryssarraketar og smart ammunisjon (Etzioni, 2012).

For Noreg var det å tilpasse seg amerikanske transformasjonskrav gjennom NATO slik at alliansen framleis skulle vere relevant avgjerande viktig (Græger, 2007:81). NATO er

hjørnesteinen i norsk sikkerheitspolitikk. For Danmark vart det sentralt å etablere etterspurte militære kapasitetar for å kunne bidra internasjonalt, rasjonale var aktiv og tett samarbeid med USA og andre nøkkellallierte for å hindre dansk marinalisering i den nye sikkerheitspolitiske verkelegheita. For Sverige forsvann også grunnlaget for det store mobiliseringsforsvaret med den potensielle trusselen frå aust. Landet erfarte på Balkan til liks med Noreg at vernepliktssoldaten tiltenkt nasjonal konflikt, korkje var utstyrt eller trenar for komplekse internasjonale operasjonar med aversjon for eigne falne. Gjennom PFP programmet fekk det svenske forsvaret tette band til NATO-systemet i ei tid der eige forsvar også måtte reformerast. Landet møtte dei same utfordringane som Danmark og Noreg.

Når det vert uttala at nasjonale interesser vert forsvart i Afghanistan, er dette todelt, kamp mot terror og ustabilitet, men også eit nasjonalt bidrag for å sikre framtidig hjelp ved nasjonalt behov. Dersom det enkelte medlemsland ikkje bidrar over tid, vil dette svekke alliansens relevans. Dermed er det i det nye sikkerheitspolitiske landskapet indirekte i nasjonal eigneinteresse å bidra militært langt unna nasjonalt territorium. I tillegg til alliansebygging er det etablerte internasjonale system viktig for småstaten.

### **Internasjonalt regelverk og folkeretten**

Småstatane og spesielt dei nordiske har tradisjonelt vore oppteken av internasjonale lovar og at FN systemet ligg til grunn, dette er forståeleg ettersom slike statar berre i samarbeid med større aktørar eller fleire kan sikre nasjonale interesser. Dermed er det rasjonelt å arbeide for at internasjonale interaksjonar følgjer eit sett overordna reglar, her er det spesielt FN, folkeretten og traktatar som er sentrale ikkje minst havtraktaten som sikrar havstatane råderett over store økonomisk soner. Samstundes er det slik at eit fora som FN sitt sikkerheitsråd med fem faste vetomakter med vesentleg ulike innfallsvinklar, i mange samanhenger vert lammas av vetobruk i vanskelege saker. Dei fem faste medlemmane er der i kraft av den posisjonen dei hadde ved etableringa av FN på tampen av andre verdskrigen, det er fleire land deriblant India, Japan og Tyskland som ville vore naturlege medlemmar om systemet hadde blitt etablert i dag. FN-systemet med sikkerheitsrådet vert dermed frå tid til annan eit dilemma for småstaten, dersom det er eit ufråvikeleg krav at det føreligg FN mandat vil humanitære intervensjonar som til dømes den i Kosovo 1999 sjeldan kunne gjennomførast. Samstundes vil ei utholing av systemet med mange unntak, i eit seinare høve kunne true regelverket som sikrar at småstatane kan nå fram med sine krav i vanskelege spørsmål der stormakter er

motpart. Andre stormakter vil kunne bruke liknande argumentasjon som vestmaktene nyttar for ”humanitære intervensjonar” for å rettferdiggjere eigne handlingar, det var klare referansar frå russisk side under Georgia krigen i 2008 til Kosovo intervensjonen og at russarane intervenerte for å beskytte befolkninga i Ossetia (Cohen A. og Hamilton:14,46).

Frå norsk side vert havretten og det internasjonale regelverk forankra i folkeretten halde fram som avgjerande for norske interesser, seinast på ein sikkerheitspolisk konferanse i Bodø 25-26 oktober 2012 vart dette av utanriksminister Espen Bart Eide kalla Noregs ”første forsvarslinje”.<sup>67</sup> Det er brei semje i Noreg om at folkeretten og spesielt havretten er viktig for norske interesser, men det er delte meiningar om dette betyr at FN sin avgjerdsstruktur deriblant sikkerheitsrådet utan unntak må følgjast for å ikkje underminere denne avgjerdsstrukturen. Kosovo krigen i 1999 der Noreg tok del etter brei politisk oppslutning, hadde grunna veto i sikkerheitsrådet ingen avgjerande FN mandat. Primært er det slik at Noreg og Sverige i all hovudsak krev FN mandat (Matlary, 2005:223-226). Danmark skil seg ut ved at FN mandat ikkje er ein naudsynt føresetnad for dansk militær innsats, tidlegare statsminister Anders Fogh Rasmussen som for tida er generalsekretær i NATO fekk arbeida fram nye prinsipp for dansk militær innsats. Internasjonal militær innsats er ikkje lenger ei tilleggsrolle i det danske forsvaret, det er den rolla det danske forsvaret primært er utstyrt, treng og tilpassa for.

### **Tettare samarbeid mellom land**

Styrkestrukturane har vorte reduserte med bakgrunn i fleire faktorar deriblant sterk kostnadsvekst for avansert militært materiell, nye og samansette roller for soldatane og endra trusselbilette med tilhøyrande lågare totalramme. Strukturen er i ferd med å bli så liten at samarbeid med andre land er naudsynt for at små land som dei nordiske skal kunne oppretthalde eit breitt spekter av militære kapasitetar. Danmark og Noreg er som NATO-medlemmar vande med samarbeid, men dette har elles ikkje vore så tett som kunne ventast. Det fins likevel felt der det over tid har vore fellessynergi, til dømes var Danmark og Noreg med frå starten av blant dei Europeiske landa i felles prosjektet F-16. Dette kom til å bli større enn det som var mogleg å forutsjå 70-talet, dei nyleg oppgraderte flya er framleis ryggraden i dei to flyvåpen. Danmark har dei seinare åra søkt omfattande samarbeid med andre lands militære styrkar, hovudsakleg med nære partnarar frå internasjonale operasjonar som USA,

---

<sup>67</sup><http://sikkpol-konferansen.org/> Nytt 2012-10-25

Storbritannia, Canada og Nederland og i minkande grad dei nordiske land. Derimot er det eit veksande nordisk militært samarbeid mellom Noreg, Sverige og innanfor ein del område Finland. Landa har fått nye moglegheiter for omfattande samtrening mellom dei respektive flyvåpen, det medfører at flyvåpna kan nyte godt av samtrening i større formasjonar med ulike flytypar frå eigen heimebase året rundt.

Samarbeidet mellom Noreg og Sverige har utvikla seg mykje dei siste åra med ei rad ulike samarbeidsprosjekt spesielt innanfor hæren, den felles utviklinga av artilleri systemet Archer som er under innføring i begge forsvar er eit døme på dette. Den omtalte ”Stoltenberg-rapporten” frå 2009 skisserte ei lang rekke samarbeidsprosjekt som kunne vere fruktbare for dei nordiske forsvara.<sup>68</sup> Denne rapporten la fram 13 særskilte område der det vart føreslått samarbeid (Archer, 2010:51-52).

Forsøk på forsvarssamarbeid i Norden går langt attende, mest kjend er nok forsøket på å få til eit tett samarbeid etter andre verdskrigen, dette stranda av ulike årsaker ved at Noreg og Danmark valde NATO medan Sverige held fram som alliansefri i fred og nøytral i krig.<sup>69</sup> Nordisk samarbeid har vore fruktbart innanfor ei rekke felt som ikkje har relevans i denne samanheng, mens det sikkerheitspolitiske og militære området i liten grad har vore gjenstand for tunge samarbeidsprosjekt. Landa har spesielt innanfor landforsvaret fått mykje samsvarande materiell, både stridsvogner, stormpanservogner og for Noreg og Sverige artilleri, dette opnar nye moglegheiter i ei tid der kostnadane medfører langt færre einingar innanfor kvar kategori. Om dette verkeleg vil medføre tett integrert samarbeid ut over enkelt prosjekt, sporadiske øvingar og munne ut i tettare kopling innan det sikkerheitspolitiske området gjenstår å sjå.

Ein av faktorane som motverkar tettare militært samarbeid er at dei nordiske landa har relativt ulike prioriteringar. Danmark har vorte ein ”internasjonalist” med eit tydeleg steg i retning av

---

<sup>68</sup> <http://www.regjeringen.no/upload/UD/Vedlegg/nordiskrapport.pdf> Nytt 2012-10-30

<sup>69</sup> Det var spesielt det svenske kravet om nøytralitet og det norske kravet om tilknytning til USA og Storbritannia som gjorde ein nordisk allianse vanskeleg, i tillegg kunne ikkje Sverige garantere for alle delar av norsk territorium mellom anna Svalbard. USA ville ikkje prioritere amerikansk militært materiell til ein allianse utan formalisert samarbeid med USA, dette hadde også stor betyding for eit norsk forsvar som mangla mykje materiell. Den såkalla VSP pakta mellom Sovjet og Finland frå 1947 og Sovjetiske forslag om felles norsk sovjetisk styre av Svalbard skapte bekymring, når det samstundes frå 1947 av vart tala om at eit jernteppe mellom aust og vest Europa var i ferd med å senke seg valde Noreg og Danmark NATO framfor nordisk samarbeid (Danmark under den kolde krig, første bind, 2005:123-154).

eit ekspedisjonsbasert forsvar, Noreg har under Stoltenbergs raudgrøne regjeringar framheva nordområda som det fremste satsingsområde for norsk utanrikspolitikk, men samstundes vert det uavhengig av retorikken i praksis oppretthalde ei relativt robust utanlandssatsing i tråd med forventingane frå NATO og USA. Sverige er under den største omstillinga i landets væpna styrkar sidan vernepliktsordninga av 1901, trass periodar med store omveltingar i førre modellens over 100 år, låg verneplikta fast. Overgangen til AVF-modellen vil gje landet eit anvendeleg forsvar som på kort varsel kan setjast inn ikkje berre i eige nærrområde, men der politiske myndigheiter til ei kvar tid måtte ønskje å bruke svenske militære styrkar. Utviklinga innanfor det sikkerheitspolitiske område i EU har kome langt, Sverige har leia ein av EU sine kampgrupper der også Noreg har hatt ein mindre kontingent. Danmark har i tråd med folkerøysting i 1993 vald å stå utanfor det militære samarbeidet til EU (Heurlin (red) 2007:49).<sup>70</sup> Fokuset for svensk sikkerheitspolitikk har i moderne tid i alt det vesentlegaste vore sentrert kring sikring av eige nærrområde, etter den kalde krigen har dette framleis vore fokus med gradvis mindre styrke samstundes som ein internasjonal tilleggsdimensjon har vakse fram. Dette kan indikere at svensk sikkerheitspolitikk er under utvikling mot ytterlegare fokus utanfor eige nærrområde.

Det er konvergens i retning auka samarbeid, men samarbeidet i Norden ikkje er einsarta og i same retning. Danmark søkjer tettare integrasjon med nære allierte internasjonalt, medan Noreg både søkjer samarbeid mellom Tmbn og det Tysk-Nederlandske korps (Matlary, 2005:213), samstundes som Noreg og Sverige er undervegs med felles materiell prosjekt samt øvingssamarbeid i alle tre domena. Sverige deltok både med hærstyrkar, ein korvett og fly under Cold response øvinga 2012 der også svensk territorium for fyrste gong vart nytta under ei NATO øving. Danmark deltok også på øvinga med spesialstyrkar, helikopter og marineskip. Dansk militært samarbeid inkluderar Norden, men landets hovudfokus er retta mot internasjonale samarbeidspartnarar. I Arktis er det eit auka samarbeid med Canada, i mars 2012 vart det gjennomført felles øving mellom danske og Canadiske styrkar på Grønland.<sup>71</sup>

---

<sup>70</sup> Den sittande regjeringa ønskjer å endre dette og det er tale om ei ny folkeavrøysting kring temaet. <http://www.fmn.dk/forsvarsministeren/taleroartikler/Pages/Viafskaeresfraverdensbraendpunkter.aspx> 2012-11-07

<sup>71</sup> <http://forsvaret.dk/SOK/Nyt%20og%20Presse/nationalt/Pages/ARCTISTRAINING060312.aspx> Nytt 2012-11-07

Det er altså ein kombinasjon av ei rekke eksterne faktorar som dreg utviklinga i same retninga. Dei mest sentrale årsakene til konvergens er: nytt sikkerheitspolitisk rammeverk med lågare militære løyvingar, hurtig teknologisk utvikling med påfølgjande kostnadsvekst, krav om forsvars reformer frå USA/NATO/EU og lærdom frå langvarige komplekse internasjonale operasjonar.

## **4.2 Divergens**

**H2: Institusjonaliserte tenestemodellar og geopolitisk plassering har vore divergerande faktorar og har fungert som ei motvekt mot konvergens mellom forsvarsmodellane.** Det vil prioriterast ei kort presentasjon av geopolitisk posisjon. Ut frå denne vil dei respektive lands sikkerheitspolitiske prioriteringar og tilpassingar i forsvara i tråd med prioriteringa handsamast kort. Hovuddivergensen er som det framkom i empiridelen rekrutteringsmodellen, eg har innleiingsvis i kapittelet gjort greie for kvifor det er den norske kombinasjonen med verneplikt og innsatsforsvar som vert hovudfokuset i denne seksjonen. Først kjem nokre korte trekk frå forsvara under den kalde krigen, deretter heilt kort tilpassinga ved den kalde krigens slutt.

### **Sentrale trekk ved forsvara under den kalde krigen**

Under den kalde krigen var Danmark og Noreg som NATO-medlemmar ein integrert del av den amerikansk leia sida, medan Sverige offisielt var strengt nøytralt. Avsløringar dei siste åra viser at Sverige hadde hemmelege band til den vestlege sida, gjennom strengt hemmelege bilaterale kontaktar med USA var det lova amerikansk bistand i tilfelle Sovjetisk angrep. I dette biletet inngjekk og tett kontakt med Danmark og Noreg, felles norske og svenske planar var etablert i samband med arbeidet kring nordisk forsvarsallianse og tidleg på femtitalet var Noreg eit mellomledd for svensk kontakt i det høgst sensitive samarbeidsspørsmålet (Agrell, 2006:150-156).

Det norske og svenske forsvaret hadde klare felles trekk under den kalde krigen, nær alle tenestedyktige vart kalla inn til teneste, forsvara hadde ein velutbygd mobiliseringsstruktur og mykje ueinsarta utstyr av varierende alder (Dørfer, 2007:133). Dei viktigaste brigadane hadde litt meir moderne utstyr enn feltavdelingane, men jamt over var det underskot på køyrety, i den norske hæren var det slik at fleire av brigadane mangla mestedelen av sitt tyngre utstyr

(Børresen, et al., 2004:76-77). Det svenske forsvaret terte på den sterke opprustninga frå andre verdskrigen til 60-talet, medan det norske forsvaret terte på tyske anlegg, etterlaten tysk materiell og ikkje minst den omfattande amerikanske våpenhjelpa som mogleggjorde opprustninga av det norske forsvaret fram til slutten av 60-talet. Sjølv sagt var det tilførsel av moderne materiell undervegs, men dette var jamført med mobiliseringshærane små kvanta slik at mestedelen av desse var oppsett med eldre materiell gjennom heile etterkrigstida. Begge flyvåpen var relativt moderne utstyrte, det svenske med eigenproduserte fly og i nordisk målestokk eit stort flyvåpen. Den norske marina var ei kombinert kystforsvarsmarine som hadde antiinvasjon som hovudrolla med ei mindre evne til eskorte og ubåtkrigføring langs norske kysten, den svenske var frå 60-talet i all hovudsak ei kystmarine med antiinvasjonsrolle.

Sverige sin offisielle nøytralitetspolitikk medførte at forsvaret måtte vere i stand til å verne om Sverige på eiga hand, medan Noreg trass NATO-alliansen måtte evne å halde ut den innleiande fasen meir eller mindre på eiga hand inntil forsterkingar frå NATO kunne kome. Omgrepet haldetid var eit velkjent kjenneteikn for den norske strategien (Børresen, et al., 2004:52). På slutten av 70-talet lukkast Noreg å få til ei avtale om Amerikansk førehandslagring av tyngre militært utstyr i Trøndelag (signert 1981), dette utstyret var på plass frå 1982. Denne ordninga gjorde hurtig overføring av ein amerikansk marine brigade meir turverdig, fleire andre land hadde i tillegg avsett kontingentar til innsats i Noreg, men desse var ikkje ein del av førehandslagringsordninga. Avtala gjeld framleis og vart fornya i 2005 (Græger, 2007:63-64). Noreg og Sverige hadde uavhengig av dette liknande forsvarsmodellar ettersom begge førebudde operasjonar i eige nærrområde mot ein tenkt sovjetisk invasjon. Det var framleis mykje som var ulikt, men det er her tale om overordna trekk.

I motsetnad til Noreg og Sverige, hadde Danmark frå 1961 felleskommando med Vest-Tyskland der landa samarbeida om ansvaret for Danmark og spesielt Schleswig-Holstein, dette medførte at den danske hæren fekk samtrening med tyske styrkar som igjen var interoperative med dei NATO-landa som hadde styrkar på sentralavsnittet (Danmark under den kolde krig, første bind, 2005:333-366). Desse styrkane øvde saman i fredstid og var dermed interoperative, dei store utviklingstrekk nådde difor raskt den danske hæren. Dette kombinert med det flate danske landskapet gjorde at den danske hæren var vesentleg meir mekanisert enn den norske og svenske. Det danske forsvarsbudsjettet var stramt og i det nedre



NATO-sjiktet (Saxi, 2010:28), men det at hæren var vesentleg mindre medførte likevel at den var betre mekanisert. Også danskane tærte på våpenhjelpa, ettersom det danske forsvaret ved fleire høve var redusert, mellom anna via loddtrekningssystem og ei relativt høg godtgjersle til dei vernepliktige frå 70-talet var det danske systemet likevel nokså forskjellig frå det norsk og svenske. Den danske modellen vart dermed tidleg oppfatta som i overgang mot verva modell, eller i det minste som ein mellom modell samanlikna med dei ”allmenne vernepliktsmodellane” (Thune og Peterson, 1985:15).

### **Tidleg omstilling i Danmark**

Danmark erklærte tidleg at den ytre trusselen mot landets sikkerheit var borte og etableringa av den danske internasjonale brigade var eit frampeik på at Danmark no var klar for å sjå utover eigne grenser. Grovt sett har den danske vernepliktsmodellen vorte tilpassa ytterligare slik at det no berre er eit lite mindretal av fortrinnsvis frivillige som vert kalla inn til verneplikt. Det danske forsvarets kampavdelingar er sett saman av verva soldatar, dei vernepliktige er derimot ei nyttig rekrutteringsbrønn for desse avdelingane (Heurlin, 2007:81).

### **Sein omstilling i Sverige og Noreg**

Det kan hevdast at først på 90-talet fekk det svenske forsvaret realisert ein fullt mekanisert hær, godt tilpassa trusselbiletet frå den kalde krigen. Implisitt kom omstillinga av det svenske forsvaret til den nye sikkerheitspolitiske situasjonen seint. Dei første nedtrekka var for å avslutte ein praksis der vernepliktige etter fullført opplæring gjekk inn i ein veksande reserve utan krigsoppsetning ved mobilisering (Wolcke, 1999:287). Omlegginga av det svenske forsvaret var over fleire etappar og lenge sentrert kring verneplikt og eige territorium om enn i mindre skala enn tidlegare. Først i 2009 vedtok riksdagen ei radikal omlegging til frivillig forsvar med eit nytt fokus som i vesentleg grad også omfattar internasjonal innsats.

Som vist i empiridelen så held det norske forsvaret også fram med det same om enn i litt mindre format utover 1990-talet. Forsvarskommisjonen av 1990 la fram sin rapport i 1993 denne anbefalte ein reduksjon frå 13 til 6 brigadar (Børresen, et al., 2004:135), men dette var mindre som følgje av den nye utviklinga enn at etterslepet i materiellinvesteringar i Hæren hadde vorte så stort at dei 13 brigadane var ein ”papirtiger” (Børresen, et al., 2004:73-77).

Den norske hæren fekk realisert fleire etterlengta materiell prosjekt på 90-talet inkludert svenske stormpanservogner, tiåret kom elles i lys av dagens struktur til å innebere ei rekke feilinvesteringar av desse er nok bygging av seks større kystfort av dei største (Andersen, 2005:110-116). Ambisjonane frå forsvarskommisjonen var store, men ettersom det også i Noreg kom kraftige kutt i forsvarsbudsjettet erfarte forsvaret år for år ein veksande ubalanse mellom mål og midlar, manglande evne til å nedjustere organisasjonen i tråd med anbefaling var også ein del av årsakssamanhengen her (Hovland, 2008:129-133). Først når det norske forsvaret var i full krise kring 2000 vart ei større omorganisering starta, denne gjekk etter 2002 fort.

### **4.3 Geopolitisk posisjon -sikkerheitspolitisk tilpassing**

Store delar av verda er samanbunden gjennom eit velfungerande handelssystem på tvers av kontinenta, militær konflikt internt i dette systemet vil vere øydeleggande for alle partar, konflikt er difor eit alternativ som landa i eigen interesse vil unngå. I randsona av dette etablerte systemet fins framleis aktørar både statlege og andre som ikkje har same sterke gjensidige økonomiske avhengigskap til det etablerte moderne handelssystem. I denne randsona eksisterar både vilje til og bruk av tradisjonell militærmakt, også statar frå det etablerte systemet nyttar militærmakt i denne randsona når eigne interesser tilseier det eller dersom det er vilje til og behov for bruk av militærmakt av humanitære årsaker. Det er stort spenn i integreringsgrada i den ”etablerte verdsorden”, enkelte land er nokså integrert i det overordna systemet, samstundes som delar av eigne nærområde inngår i det som kan omtalast som randsona. Russland er døme på ei slik stormakt, konflikt med EU, NATO eller andre integrerte stormakter er nokså usannsynleg, samstundes nytta Russland så seint som 2008 militærmakt mot Georgia i eit for Russland sentralt interesseområde (Diesen, 2011:54-55). Dagens russiske styresmakter føretrekker at tradisjonelle russiske interesseområde ikkje vert for tett integrerte i det opphavleg vestlege handelssystem. Årsakene er multiple inkludert geopolitiske og strategiske forhold.

#### **Danmark**

Eit lands geopolitiske situasjon har innverknad på utanrikspolitisk handlerom. Danmark har historisk sett lagt utsett til mellom stormakter, det var særleg Tyskland som under og etter samlinga utgjorde ein trussel. Under den kalde krigen ville Danmark ved storkonflikt etter all

sannsyn vorte involvert tidleg, polske og austtyske arkiv frå 60-talet avslører at invasjon av dansk territorium inngjekk i krigsplanane for å sikre mellom anna austersjøflåten. Som ein del av sentralfronten var landets geostrategiske situasjon under den kalde krigen av danske myndigheiter vurdert som utsett.

Danmark har i dag ein sikrere geopolitisk posisjon enn nokon gong tidlegare, trygt plassert mellom venleagsinna allierte statar kan danske politikarar sjølv legge føringane for landets utanrikspolitikk. Samstundes inneber endra sikkerheitspolitisk ramme at innverknaden som følgde landets frontlinjestatus forsvann med den kalde krigen, utan grep ville dette kunne føre til ei marginalisering av Danmark internasjonalt. Som ein konsekvens av både friare dansk stilling og fare for relativt svekka dansk posisjon, har dansk tilnærming vore ein aktiv utanrikspolitikk, inkludert ei militarisering av utanrikspolitikken. Som eit lite land med avgrensa resursar, har danskane vurdert at det vil tene danske interesser med eit godt utvikla samarbeid internasjonalt, spesielt med USA (Heurlin, 2007:88). Gjennom strenge prioriteringar av operativ evne, har dei lukkast med å transformere forsvaret til ein relevant kampstyrke tilpassa internasjonale operasjonar. I empiridelen framgjekk det at marina har prioritert fleksible fartøy som kan tilpassast aktuelle oppdrag. Dei nye nasjonalt produserte fregattane og støtteskipa har stor slagkraft, samstundes kan støtteskipa frakte tyngre utstyr og soldatar til landsettingsoperasjonar. Alle tre forsvarsgreiner kan kombinert eller kvar for seg yte relevante styrkar for høgintensive operasjonar globalt.

Grønland og Færøyane inneber at Danmark også har store interesser i Arktis og fiskeri og havforvaltning. Det er primært oppsynsskipa og luftforsvarskapasitetar som tek seg av desse oppgåvene, men nye havgåande marineskip styrkar dansk kapasitet på området. Sjølv om Danmark har betydelege interesser i Arktis inkludert uavklarte grense spørsmål med Canada, så er desse spørsmåla ikkje framheva i dansk utanrikspolitikk på same måten som nordområda er i den norske. Det er tale om å auke fokuset mot Arktis. Med bakgrunn i Grønland sin spesielle status som autonom del av Danmark, er arktiske spørsmål i brytninga mellom innanrikspolitikk og utanrikspolitikk (Forskar Kristian Sjøby Kristensen universitetet i København, dansk perspektiv på nordområde konferansen dag to).<sup>72</sup> Det nye forliket som i skrivande stund er vedteken, inneber ei styrking av dansk satsing i Arktis inkludert ni nye

---

<sup>72</sup> <http://sikkpol-konferansen.org/> Nytt 2012-10-26

maritime patrulje helikopter.<sup>73</sup> Danske militære ressursar er små og NATO er difor ein sentral del av dansk sikkerheitspolitikk.

## Noreg

Noregs geopolitiske posisjon er trygg samanlikna med den kalde krigen, offisielt eksisterar det ingen tradisjonelle ytre truslar mot landet i noverande vurdering. Samstundes fins det betydelege militære kapasitetar i norsk nærrområde. Sjølv om militære verkemiddel er lite sannsynlege i det etablerte system, inneber potensialet at Noreg må ha militære kapasitetar til å kunne møte eventuell bruk av militærmakt mot norske interesser.

Norsk militært fokus er primært innretta som eit terskelforsvar i norsk område, med internasjonale operasjonar som ein viktig tilleggskapasitet. Naboskapet til stormakta Russland har i nyare tid vore dimensjonerande sikkerheitspolitisk spesielt under den kalde krigen. Det er hovudsakleg det asymmetriske aspektet, Noreg som eit lite land mot Russland/Sovjet som ei global stormakt/supermakt som har prega relasjonen. Dei to landa har aldri vore i krig trass vel 1000 års felles grense, berre i perioden 1918-1939/44 då Finland hadde råderett over Petsamo området har Noreg vore utan felles grense med Russland (Bakstad, 2010:32; Kan og Nilsen, 2004:24).

Statane som grensar mot nordpolen er for tida i ferd med å få kartlagt sine kontinentalsoklar slik at dei kan gjere krav på områder til FN sin kontinentalsokkelkommisjon (Tamnes, 2009:268-269). Noreg er førebels det einaste landet som har fått fastsett ny sokkel i nord av FN sin sokkelkommisjon (Lien og Strand, 2011:11). Nordområde satsinga er halden fram som ein pilar for regjeringa. Den norske geopolitiske situasjonen med felles grense med Russland, store ressursar i tilknytning til Arktis og inntil nyleg uavklarte grense spørsmål, kan vere ein sentral forklaringsfaktor i denne samanhengen (Lindeman, 2009).

Delelinje avtalen som vart underteikna i 2010, er uavhengig av kva man måtte meine om utfallet for Noreg, ei viktig avklaring på eit fleire tiårs gammalt uløyst spørsmål mellom Noreg og Sovjet/Russland.<sup>74</sup> Avtala er eit nyleg internasjonalt døme på korleis ein grensetvist kan løysast og har fått mykje merksemd. Samarbeidet med Russland er veksande og har aldri vore

---

<sup>73</sup>[http://www2.forsvaret.dk/viden\\_om2/Pages/forsvarsforlig\\_2013-.aspx](http://www2.forsvaret.dk/viden_om2/Pages/forsvarsforlig_2013-.aspx) Nyttå 2012-12-16

<sup>74</sup><http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/kampanjer/delelinje.html?id=614002> Nyttå 2012-12-17

betre, men det er framleis sentrale punkt i norsk område som Noreg og Russland er usamde om. Svalbard og omkringliggende farvatn med ei eventuell norsk økonomisk sone er det største av desse, Noreg har førebels berre innført ei fiskevernsonesone kring Svalbard. Norsk suverenitet over Svalbard er slått fast i Svalbardtraktaten av 1920 og tilhøyrande avgrensingar i denne, det er tolkinga av desse avgrensingane det ikkje er semje om. Den norske tolkinga er heller ikkje internasjonalt avklart, ei av utfordringane er at våre tradisjonelle allierte har andre tolkingar av Svalbardtraktaten. Spørsmålet omhandlar om Noreg har rett til eksklusiv økonomisk sone rundt øygruppa, Noreg tolkar det slik. (Lindeman, 2009:57-67,101-107). Sjølv om det norske synet ikkje er internasjonalt anerkjend, er andre land sine haldningar i liten grad samsvarande, dermed eksisterar det heller ikkje eit samordna motstykke til norsk tolking (Tamnes, 2009:283-291).

Nordområdespørsmåla er komplekse ettersom det er ein kombinasjon av klima, ressurs og strategiske faktorar i området. Arktisk råd har vorte eit viktig og populært fora som både EU og Kina ønskjer observatør status i, sidan nordaustpassasjen ved isfritt Arktis vil redusere frakttida betrakteleg mellom Asia og Europa er interessa stor. Både Danmark og Sverige er medlemmar i Arktisk råd, Danmark er saman med Noreg ein av dei fem landa som rår over arktiske havareal, medan Sverige er eit av dei tre medlemslanda som ikkje har slike arktiske havareal.

Analyser indikerar at ein betydeleg del av verdas uoppdaga petroleumsressursar er å finne i nordområdet, nokre av felta i Arktis er alt i produksjon (Rottem, Hønneland og Jensen, 2008:12). Ein fellesnemnar for dei arktiske havområda er at det er klimatisk og teknologisk utfordrande å utvinne førekomstane (Lindholt, 2007). Barentshavet har også mykje takka felles kvoteregulering av fisket mellom Noreg og Russland som går attende til 70-talet og ikkje minst den norske fiskeriforvaltinga med kystvakta nokre av verdas rikaste fiskebestandar (Hønneland, 2006:8-15; Skogrand, 2008:9).

### **Småstat med stormakts interesser**

Vesle Noreg er gjennom petroleumsproduksjonen ei energistormakt (Rottem et al., 2008). Olje og gass førekomstane kombinert med landets store fiskerikehavareal, påverkar også landets geopolitiske posisjon. Saman med nordområdespørsmåla gjer dette ifølgje Jacob Børresen Noreg til "ein småstat med stormaktsinteresser" (Børresen, 2005:51-54). Med

bakgrunn i Noregs plassering og nasjonale interesser, har det i heile perioden etter avsluttinga av den kalde krigen vore ei sterk gruppe innan forsvar og sikkerheitspolitisk miljø som har løfta fram det nasjonale framfor internasjonal innsats som norsk forsvars rolle. Grappa har grovt sett vore todelt, dei som ville behalde forsvarsstrukturen mest mogleg slik den har vore gjennom modernisering av invasjonforsvaret og dei som har vilja reformere forsvaret i større eller mindre grad etter prinsippa i samtida. Ein sentral representant frå første grappa er pensjonert Generalmajor Torkel Hovland, boka hans "Aldri mer" er eit nyttig referansepunkt her (Hovland, 2008). Pensjonert Flaggkommandør Jacob Børresen er i ein sentral representant for den andre grappa, boka hans "Forsvar uten trussel" er dekkande her (Børresen, 2005). Børresen deler aktørane i den norske forsvarsdebatten grovt inn i tradisjonalar og modernistar, Hovland er representant for tradisjonalarane, medan Børresen sjølv er representant for modernistane. Det andre hovudskiljet er mellom det nasjonale og det internasjonale (Børresen, 2005:17-18). Børresen utelukkar ikkje internasjonal innsats, men denne må kunne utførast med styrkar som er bygd opp med den nasjonale rolla som rasjonale (Børresen, 2005:19).

Norsk sikkerheitspolitisk prioritering har ut frå geopolitisk posisjon fått konsekvensar for forsvaret på fleire måtar. I utvalet er den norske marina sterk, dei seinare år er den havgåande kapasiteten sterkt styrka. Fregattane er utstyrde med det avanserte amerikanske AEGIS radarsystemet (Terjesen et al., 2010:507), desse kan koplant saman med amerikanske marineskip og dekker eit stort område. Avgjerda om anskaffing av inntil 52 nye F-35 Stealth kampfly som er forsvarets og landets største investering nokon gong, må også sjåast som ei brikke i dette. Når dei nye F-35 kampflya er operative, vil radarbilete og informasjon frå fregattane kunne sendast i sanntid til flya. Systema kan integrerast på ein måte som tidlegare ikkje har vore mogleg med andre system. Desse nye kapasitetane vil betre norsk evne i eige og internasjonale roller betrakteleg (Forsvarssjefens fagmilitære råd, 2011:4,10,17). Det var den nasjonale rolla som stilte dei høgste krava, svenske Gripen vart vurdert som tilfredstillande for NATO-rolla, men ikkje den nasjonale (Saxi, 2010:71) Det er sentralt for Noreg å kunne sikre energiressursane, forsvarets spesialkommando (FSK) vart oppretta i 1982 for mellom anna å trygge oljeinstallasjonane mot eventuell terror (Melien, 2012:199-214). Elles har kystvakta ei viktig rolle i å sikre norske havressursar i fred, samt som tidlegare nemnd eit spekter av andre tilleggsroller (Jansen og Blichfeldt, 1998:101-106). NATO har sidan 1949 vore ein hjørnestein i norsk sikkerheitspolitikk, som ein småstat er Noreg heilt avhengig av allierte og dette er sikra gjennom NATO. I tråd med seksjonen over

har medlemslanda måtta tilpassa forsvara etter den kalde krigens slutt for å kunne bidra med etterspurte kapasitetar i felles NATO-operasjonar, dette har vore ein del av det å reformere alliansen for å sikre framtidig relevans. Den periodevis noko ambivalente norske haldninga til utviklinga innan NATO-alliansen inkludert utviding, operasjonar utanfor område kontra den tradisjonelle rolla, har vore norske tema undervegs i tilpassinga. Samstundes var Noreg som tidlegare nemnd aktiv i tilnærminga til den amerikansk leia transformasjonsprosessen. Dette går me ikkje i djupna på her. Derimot skal det kort visast at kravet om interoperativitet med allierte enten det er i internasjonale operasjonar eller nasjonalt ved eventuell konflikt, har medført behov for modernisering av forsvaret til innsatsforsvaret. Reformene har resultert i eit lite forsvar som er avhengig av alliert samvirke også ved nasjonal konflikt. Eit moment som er løfta fram her, er at den beste måten for Noreg å sikre bistand dersom behovet skulle oppstå i framtida, er gjennom eigne bidrag når dette vert etterspurt av NATO. Norsk innsats til internasjonale operasjonar skal ikkje med det forenklast til at det er ein slags kontingent for eigen sikkerheit, biletet er meir komplisert enn det. Det handlar om ei rekke faktorar, inkludert det å føre ein aktiv utanrikspolitik i tråd med norske interesser og verdiar. Forsvaret har vorte eit sikkerheitspolitisk verkemiddel som norske politikar kan anvende saman med andre allierte når behovet tilseier det.

Kva rolle styrkane skal tilpassast er også viktig, dersom militærmakt vert optimalisert for pågåande asymmetriske konfliktrar vil dei om behovet skulle oppstå i verste fall ikkje vere i stand til å vinne større konvensjonelle konfliktrar. Her er det sentralt at robuste og godt trena militære kapasitetar alltid kan utføre oppdrag lågare nede på intensitetsskalaen, medan enklare forband berre kan operere i lågintensiv spekteret. Skal ein berre ha ein type styrkar er dermed valet openbart, først ved ei blanding kan det vere aktuelt med enklare forband. Som ein liten stat med avgrensa ressursar, kan ikkje Noreg tillate å ha eit forsvar for nasjonale oppgåver og eitt for internasjonale operasjonar. Her kan ein modell over aktuelle konflikttypar som Sverre Diesen presenterer i norsk samanheng vere illustrerande, har sjølv oversett den til nynorsk (Diesen, 2011:94). I tre av fire konflikttypar er det behov for styrkar med avansert materiell og treningsstandard, berre i asymmetrisk konflikt nasjonalt kan avdelingar med relativt låg treningsstandard og enkelt utstyr som HV utføre oppdraget. Utstyret og organiseringa av styrkane er annleis i dei tre, men det er snarare tale om tilleggdimensjonar for dei same styrkane som elles ville nyttast til høgintensive symmetriske konfliktrar. Dette er fordi mange av dei individuelle ferdigheitene og kunnskapane som trengs er like innan skyting, feltopptreden, samband, observasjonsutstyr og ei rekke andre disiplinær (Diesen, 2011:96).

Det kan slik sett lett bli ei interessekonflikt mellom dei ulike typane, for utanlands operasjonar er det spesielt hæren som er belasta og denne kan sjølv om rett dimensjonert for det nasjonale oppdraget, vere for liten for internasjonale engasjement over tid. Forsvaret bør i framtida kunne handtere alle desse konflikttypene, men i tråd med alvorsgraden er det den symmetriske konflikttypen som bør vere dimensjonerande, fordi denne har dei potensielt største konsekvensane (Diesen, 2011:97-99).

	Symmetrisk (Konvensjonell) Trussel eller konflikt	Asymmetrisk Trussel eller konflikt
Noreg og norske nærrområde	Ståande styrkar, høg beredskap og reaksjonsevne, høgintensivt stridsmiljø, større vekt på sjø- og luft domene enn i det gamle invasjonforsvaret.	Vakt- og sikrings-Avdelingar med kapasitet til å overvake og beskytte Samfunnsviktige installasjonar og verksemdar over heile landet, uthaldande over tid.
Internasjonale operasjonar	Som for symmetriske konflikttar i egne nærrområde, i tillegg ekspedisjonskapasitet	Styrkar for opprøys bekjempelse (counter Insurgency) eller annan lågintensiv konflikt, vekt på land og til dels luftdomenet.

**Fig. 4.1. Samanhengen mellom konflikttipe og styrkebehov (Diesen, 2011:94).**

Modellen ovanfor er like dekkande for Danmark og Sverige, ettersom prinsippa vert dei same. Det kan argumenterast for at den norske geopolitiske situasjonen kan kaste lys over nasjonal sikkerheitspolitisk prioritering, og at forsvarrets struktur til ei grad avspeglar dette. Nordområdesatsinga er logisk ut frå norske nasjonale interesser og Russlands militære kapasitetar, kombinert med store havareal er den relativt tunge satsinga på marina ei logisk tilnærming. Anskaffinga av F-35 kampfly til luftforsvaret vil styrke norsk evne til å sikre nasjonale interesser. Eit samspel mellom norske politiske myndigheites ønske om militære kapasitetar for internasjonal innsats og behovet for å vise flagget for USA og NATO, medfører at det er naudsynt med evne til å bidra militært internasjonalt. Det at Noreg har tunge nasjonale sikkerheitspolitiske interesser gjer at norske myndigheiter må balansere desse



to, dette kjem me attende til i verneplikts seksjonen. Danmark har i større grad kunna satse på ei internasjonal rolle.

## **Sverige**

Sverige var historisk sett den dominerande austersjømakta, landet var på 16 og 1700-talet for stormakt å rekne med interesser på alle sider av austersjøen. Under stormaktstida hadde Sverige ei betydeleg militærmakt også i Europeisk målestokk (Larsson, 2009:13-23). Landet som ikkje har vore i krig i på 200 år, har i nyare tid vore nøytralt, understøtta av eit i nordisk målestokk sterkt forsvar. Under dei farlegaste epokane vart forsvaret rusta kraftig opp, første verdskrigen, andre verdskrigen og under den kalde krigens kaldaste fase. Spesielt under andre verdskrigen var situasjonen strategisk utfordrande då Sverige etter den tyske invasjonen av Danmark, Noreg og det Tyske felttoget austover via Finland var omringa på alle kantar. Landet rusta kraftig opp, og hadde heile krigen ein stor beredskap med vanlegvis mellom 150 000 og 200 000 innkalla mannskap samstundes med ein topp på kring 300 000 mann i beredskap når transittavtalen for tysk jernbane trafikk gjennom Sverige vart sagt opp i 1943 (Wolcke, 1999:137). For Sverige har Russland vore den historisk utfordrande stormakta med fleire større konflikter mellom dei to, den siste medførte at landet tapte Finland som var under Sverige fram til 1809 (Henriksen, 2010:15). Sjølv om det var mange konflikter mellom Danmark/Noreg og Sverige fram til 1814 (Dyrvik, 2005:13), eksisterte det ein viss balanse mellom maktene i Norden som det også var interesse av at vart oppretthalden frå Europeiske stormakter. Som døme kan nemnast at København vart redda i 1660 av den Nederlandske flåten for å hindre at den dåverande svenske stormakta skulle få kontroll på begge sider av det strategisk viktige Øresundet og dermed kontrollere handels trafikken over austersjøen (Jespersen, 1989:147,239).

Under den kalde krigen var landet som nøytralt lokalisert mellom dei to alliansane i eit strategisk viktig område, men det var trass den strenge offisielle nøytraliteten Sovjetunionen som var trusselen det svenske forsvaret førebudde seg mot. Etter den kalde krigens slutt og omlegginga av det svenske forsvaret, vert dei tradisjonelle konvensjonelle truslane mot landet vurderte som små (Henriksen, 2010:21; Heurlin, 2007:45). Dei siste åra har tettare militært samarbeid spesielt innan EU, men og med NATO gjennom felles internasjonale operasjonar der Sverige har tilknytning i PFP programmet vorte viktigare (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):20-21). Den svenske regjeringa si solidaritetserklæring ovanfor EU-landa, Noreg og

Island må sjåast som eit oppgjer med nøytraliteten (Prop. 2008/09:140 (2008-2009):29). Sverige er no så tett integrert sikkerheitspolitisk spesielt med EU, men også bilateralt mellom anna innan Norden at det er vanskeleg å sjå den tradisjonelle svenske nøytraliteten som styrande for dagens svenske sikkerheitspolitikk.

Sverige har teke på seg ei sentral rolle mellom anna har det svenske forsvaret hatt ansvaret for ei av EU sine kampgrupper, eit ansvar landet rullerar på å ta. Der har Sverige stilt ein robust kapasitet på 1600 soldatar, bidrag her og gjennom NATO-operasjonar har vore dimensjonerande for den svenske omlegginga mot eit frivillig forsvar. Landet har dei seinare år fått ein meir aktiv utanrikspolitik der også militære verkemiddel inngår. Utviklinga mot mindre strukturar inneber at også Sverige offisielt vurderar det som naudsynt med samarbeid og hjelp frå andre land i militære spørsmål, dette inneber likevel ikkje eit svensk medlemskap i NATO, men vert søkt gjennom tettare samarbeid med andre og gjennom Eu sitt sikkerheitspolitiske samarbeid.

#### **4.4 Norsk verneplikt**

Langtidsplanen for perioden 2012-2016 inneberer ei vidare utviding med verva mannskap i begge manøverbataljonane i brigade nord, samstundes vert det egne kompani med vernepliktige i begge. Det vert slått fast i denne planen at verneplikt også i framtida skal ha ei sentral rolle i det norsk forsvaret, det ligg vidare an til innføring av kvinnelig verneplikt. Eit forslag hausten 2012 inneber at det for nokre få skal prøvast ut ei lenger vernepliktsteneste i kampavdelingane med 18 månaders samanhengande teneste (Forsvarssjefens fagmilitære råd, 2011:62).<sup>75</sup> Det siste er ei utprøving for å finne løysing på det store problemet med låg operativ nytteverdi av vernepliktige i kampstrukturen.

Dei største svakheitene med dagens norske vernepliktsmodell er fallande operativ nytteverdi av den vernepliktige grunna lang opplæringstid og kort teneste. Kombinert med at verneplikta har implikasjonar for kor stor del av styrken som er under opplæring og om styrken kan setjast inn utanfor egne grenser, inneber dette lågare operativ evne samanlikna med tilsvarande avdeling av verva soldatar. Ved ni månaders opplæring som fleire roller i hæren i dag krev, inneber dette altså at den vernepliktige berre har operativ nytteverdi 25 prosent av samla tenestid (Diesen, 2005:179). Sidan berre eit lite mindretal i dag utfører verneplikt, vil

---

<sup>75</sup>[http://fofo.no/forsvaretsforum.no/Pr%C3%B8ver+lenger+tjeneste.b7C\\_w7HK08.ips](http://fofo.no/forsvaretsforum.no/Pr%C3%B8ver+lenger+tjeneste.b7C_w7HK08.ips) Nytt 2012-11-02.

utviding av tenestetida måtte avvegast mot rettferdsprinsippet for mindretalet som tenestegjer. Vidare vert brorparten av dei vernepliktige etter fullført førstegongsteneste i dag overført HV med periodevise repetisjonsøvingar. I fredstid er verneplikta fastsett til 19 månadar (Stubberud, 2004:10), noko som inneber at soldatar med 18 månaders teneste ikkje kan overførast HV. Tida vil vise om prøveprosjektet vert permanent og omfanget. Ei omlegging av utdanninga av soldatar til mellom anna HV vil vere ein logisk konsekvens av 18 månaders verneplikt i kampavdelingane.

Sjølv om alle landa har konvergert når det gjeld bruken av verva til utanlandsoppdrag, er det difor divergens i utviklinga på dette området. Skilnaden er størst mellom hærane, alle har ei klar overvekt av verva og fasttilsette spesialistar innanfor sjø og luft domenet. Det siste heng saman med at det tradisjonelt har vore faste operative strukturar innanfor sjøforsvara sine fartøy og luftforsvarets sine fly og helikopter. Så avanserte plattformer må bemannast av spesial utdanna fagpersonell i ulike roller inkludert pilotar, styrmenn og ingeniørar, vernepliktige har utover støttepersonell gjerne vore yrkesfagutdanna i roller som elles måtte fyllast av tilsett fagpersonell.

### **Kvifor verneplikt?**

Eit interessant spørsmål i denne samanhengen er kva bakgrunnen kan vere for at det i Noreg framleis er verneplikta som er kjernen, medan dei to andre landa har gått over til modellar der frivillige soldatar utgjer stordelen. Dette temaet kunne det vore skrive mykje om, her er det prioritert ein seksjon. Interesse kring dette skriv seg for det første av at alle modellane ved inngangen til 90-talet var vernepliktsmodellar, for det andre har utviklinga i utvalet gått i retning av det kvantitativt mindre, men kvalitativt høgare innsatsforsvaret som grunna høgteknologisk utstyr er kapitalintensivt, ståande og samanlikna med mobiliseringsforsvaret lite personellintensivt. Der det i massearmeens tidsepoke var fokus på kor mange vernepliktige som var tilgjengelege for militærtjeneste, er spørsmålet i innsatsforsvaret kor stor prosentdel av dei tenestedyktige det er behov for. Dette behovet vert mellom anna påverka av kor mange det innanfor det tildelte budsjett fins midlar til å utruste med stadig dyrare militært materiell, men og at teknologisk utvikling medfører at ein mindre styrke kan gjennomføre oppdrag det tidlegare krov større styrkar for å oppnå. Til illustrasjon var det tradisjonelt behov for titals og i enkelte høve opp mot hundretals bombefly for å slå ut sentrale nøkkelmål utan at

dette nødvendigvis lukkast, med dagens avanserte presisjonsbomber kan eit eller to multirolle kampfly øydelegge fleire slike mål med minimalt utilsikta skadeomfang.

Det har i oppgåva kome fram at ein av svakheitene ved vernepliktsmodellen er at lang opplæringstid medfører fallande operativ utbytte av dei vernepliktige. I tillegg er det slik at sjølv dei operative vernepliktsavdelingane kan nyttast mindre fleksibelt enn tilsvarande verva avdelingar, internasjonale operasjonar er utelukka for vernepliktsavdelingar. Desse forholda gjeld like fullt for det norske forsvaret som for andre lands forsvar. Samstundes har det i oppgåva også kome fram at rekruttering av frivillige mannskap kan vere utfordrande, det er ventande at kvaliteten på mannskapa i eit land med stramt arbeidsmarknad som det norske ved AVF-modellen vil falle samanlikna med dagens selektive vernepliktsuttak. Verneplikt er ei forfordeling av forsvaret i arbeidsmarknaden, ei dansk studie løftar fram at dersom man avviklar verneplikta heilt vil det vere vanskeleg å gjeninnføre denne seinare om behovet skulle oppstå (Jørgensen, 2009:53). Det er for forsvaret spesielt nokre oppgåver det også i framtida er gunstig å nytte vernepliktige til, blant desse er HMKG, grensevakta, diverse støttefunksjonar og ikkje minst HV som har relativt enkle, men personell krevjande oppgåver (Diesen, 2011:160).

Er dette tilstrekkelig til å forklare ein forsvarsmodell som ut frå analyser utført av FFI operativt ikkje er i stand til å løyse det mest krevjande aktuelle senarioet forsvaret kan stå ovanfor? Rapporten frå FFI gitt ut i september 2012, avslører gjennom omfattande analyser både av eksisterande og aktuelle militære hærmodellar for det norske forsvaret, at dagens modell ikkje er robust nok til å møte eit eventuelt strategisk overfall. Eit strategisk overfall er eit angrep med ståande styrkar for å nå eit avgrensa strategisk mål, dette kan militært sett utførast nær utan varslingsstid. Strategisk overfall vert rekna som den farligaste moglege handlemåte mot Noreg fordi eit større angrep må førebuast over tid, dette er vanskeleg å skjule og dermed lite rasjonelt ettersom NATO sine samla ressursar langt overgår andre statars militære potensiale (Johansen, Sundfør og Hoff, 2012:19-20). Denne analysen anbefaler ein kadermodell på høgberedskap med ein månads årleg trening for reserven, femti prosent av den totale hærstyrken er ei ståande verva avdeling. Det vert for denne modellen anbefalt å auke både talet på tyngre stridsvogner og artilleri samanlikna med dagens nivå for å auke kampkrafta. Modellen er utover konfliktsenarioa i stand til å løyse alle fredsoppdraga det norske forsvaret har i dag (Johansen et al., 2012). Dette er naturlegvis eit område med stor usemje. Mediedekninga til rapporten har så langt vore vedrøyrande anbefalinga om å avvikle førstegongstenesta slik den fungerer i dag, kommentaren frå dåverande forsvarsminister

Espen Barth Eide var at førstegangstenesta med vernepliktige har brei politisk oppslutnad, verva forsvar vart samstundes omtala som ”eit høgrisiko-prosjekt” med tanke på å behalde dei ”sunne og reflekterte” haldningane som norske vernepliktige soldatar i dag er bærare av. Også noverande forsvarssjef Harald Sunde er i same samanheng sitert som skeptisk til verva forsvar som han fryktar vil føre til eit konjunktur forsvar som også er sensitivt for populisme og manglande deltaking, han uttalar vidare at det gjennom framlagt fagmilitært råd er teke grep som vil betre situasjonen.<sup>76</sup> Desse endringane inneber som kjent ei viss auke av verva personell i kampbataljonane, men elles ein sterk stilling for vernepliktig tenestemodell basert på streng seleksjon frå dei tenestedyktige. Med utgangspunkt i desse to kommentarane frå sentrale politiske og militære leiarar og ikkje minst den politiske handsaminga av langtidsplanen for perioden 2012-2016, er det klart at det ikkje ligg an til større endringar i den norske tenestemodellen kva gjeld verneplikt i nær framtid (Iversettingsbrev for langtidsplanen, 2012:52).

Det er rett at fagmilitært råd gjennom langtidsplanen inneber ei vidare styrking av forsvaret inkludert hæren, men dette er samanlikna med det som kjem fram i rapporten til Johansen et al. ein relativt liten tilpassing av hærstrukturen. Det kan synast som om rapporten i grove trekk er i tråd med retninga som tidlegare forsvarssjef general Sverre Diesen arbeida mot, denne retninga møtte etter kvart politisk motbør fordi det var tale om ei større reduksjon av vernepliktmodellen til fordel for ein modell som i større grad inneheld verva soldatar. Det kan ikkje utelukkast at forsvarsleiinga no ønskjer å reformere forsvaret innanfor dei rammevilkåra som synes å vere politisk moglege, ein kombinert modell der verneplikt også i framtida skal vere sentral i hærens kampavdelingar. Det er også mogleg at verneplikta framleis har sterke tilhengarar i den militære leiinga, desse vil i så fall søke å reformere vernepliktsmodellen ytterligare slik at den passar betre med innsatsforsvarsmodellen. Forsøket med 18 månaders teneste og gjeninnføringa av reservistar kan tale for dette. Ein del av dette biletet kan vere at det i motsetnad til i Sverige og Danmark vert tala om å vende heim att mot primæroppgåva i Noreg. Diesen utelukkar ikkje vernepliktige, men verneplikta må reformerast grunnleggande for å vere tilpassa dagens behov, dette inkluderar verva kampavdelingar i hæren og ei kortare verneplikt for andre funksjonar som til dømes heimevernet (Diesen, 2011:156-164).

---

<sup>76</sup> <http://www.nrk.no/nyheter/norge/1.8328758> Nyttå 2012-11-02.

Det kan vere grunn til å spørje seg om det er rimeleg å hevde at verneplikta er meir rotfesta i Noreg enn i Danmark og Sverige. Det verkar lite sannsynleg at verneplikta skulle vere oppfatta vesentleg annleis av dei tenestedyktige i Danmark og Sverige enn oppfattinga blant norske tenestedyktige. Landa har praktisert ei form for vernepliktig utskrivning gjennom heile siste to hundre års periode før den svenske overgangen til AVF-modellen i 2010, dette er så lenge at det ikkje er logisk at verneplikta er så sær eigen i norsk samanheng. Skulle linjene likevel trekkast lenger attende og desse ha forklaringskraft så langt attende i tid, er det ein del skilnader som er tydelege. Både Danmark og Sverige var som regionale stormakter å rekne i si stordomstid, ikkje minst Sverige som på 16 og 1700-talet var ei Europeisk stormakt. Fram til 1800-talet praktiserte Sverige eit spesielt system med verva soldatar og offiserar som disponerte jord og eigedom mot militærtjeneste (Thisner, 2009:162-168), sjølv om det vart skriva ut vernepliktige i Sverige frå 1809 var det først med modellen av 1901 at Sverige fekk allmenn verneplikt (Thisner, 2009:170-171). Danmark held seg i det vesentlege med verva og leigesoldatar med eit vist innslag av vernepliktige fram til slutten av 1700-talet, allmenn verneplikt vart innført først frå 1849 (Wolter, 1992:26-27).

## **Forsvaret som nasjonsbygger**

Sjølv om det har vore dei vernepliktige norske bondehærane som historisk har fått mest merksemd, var ein sentral del av den norske armeen verva under unionen med Danmark. Napoleonskrigane innebar ei sterk militarisering av Danmark/Noreg og bruken av vernepliktige auka (Ulriksen, 2002:30-31,68-72). Grunnlova av 1814 sin §109 slår fast prinsippet om verneplikt (Friis, 1999:10,34), men det var opp til stortinget og seinare vurdere kva dette betydde i praksis. Den norske hæren vart slanka i tida etter 1814, og prosentdelen verva auka igjen litt av totalen. Først mot slutten av 1800-talet og med innføringa av verneplikt også i den nordlege landsdelen frå 1897, kan det talast om ei allmenn verneplikt i Noreg (Nåvik, 1997:123).<sup>77</sup> Det er likevel ting som kan tyde på at den posisjonen forsvaret fekk som nasjonsbygger for den unge nasjonen spesielt i oppbygginga mot sjølvstende i 1905 og den næraste tida etter var viktig. Denne epoken var sentral ettersom det var i tida forut for og rett etter lausrivinga frå personalunionen med Sverige at den nye nasjonens historie vart skriven. Den sterke opprustninga av forsvaret og spesielt hæren var sentral fram mot 1905, den sterke posisjonen 1905 forsvaret hadde i Noreg var ifølgje Ulriksen formande for den

---

<sup>77</sup> Ved streng tolking er det berre i perioden 1911-1920 og 1950-1962 at alle tenestedyktige i Noreg vart skriven ut (Stubberud, 2004:11).

norske forsvarsidentiteten. Den vernepliktige norske infanteristen og historisk sett den norske bondesoldaten vart idealsoldaten, det var denne sin historie som vart skriven.

Under første verdskrigen var framleis det norske forvaret moderne og den væpna nøytraliteten kunne om naudsynt forsvarast. Mellomkrigstida var prega av nedrustninga og neglijsjering av forsvaret, forsvaret var difor i ein dårleg forfatning under felttoget i 1940. Andre verdskrigen kom til å bli skjelsettande for landet, etter krigen var det nye slagordet i forsvarssamanheng aldri meir 9. april. Danmark som sjølv vart okkupert 9. april 1940 kom også til å få ein liknande reaksjon, der også heiter det aldri meir 9. april (Thune og Peterson, 1985:1; Lauridsen et al, 2011:24). Medan Danmark vart besett på nokre få timar, kom det norske felttoget trass at dei viktigaste byane fall 9. april til å vare i to månader. Dette er ikkje tema her, men sjølv om felttoget i sør var prega av tilbaketrekking, spreidde trefningar og mindre slag, så var felttoget med dei allierte ved Narvik fronten nokså velfungerande. Det var hendingane på kontinentet som gjorde at dette måtte avsluttast (Olsen (red) 2011:418-422). Dette medførte at forsvaret i all elende kunne vise til organisert motstand, mange av dei mindre trefningar vart også løfta fram og til dels mytebelagt. Innsatsen ute gjennom handelsflåten og forsvarsgreinene, spesielt marine og flyvåpen gav også Noreg ein plass på det allierte bord. Krigen verka samansveisande og forsvaret fekk i tida etter krigen fornya folkeleg oppslutnad (Friis, 1999:75).

Forsvaret under den kalde krigen var fokusert kring den norske hæren som vart historisk stor (Friis, 1999:83), både marina og flyvåpenet fekk i det vesentlegaste sine eigne tilpassa antiinvasjonsroller. Marina skulle i kystnære farvatn saman med kystforta forsvare den sentrale kystlinja mot invasjonssflåten og i tillegg utøve ei viss eskorte. Fram til innfasinga av det som kom til å bli ”århundredes” våpenkjøp F-16, hadde luftforsvarets kampfly hatt mange roller inkludert nærstøtte mot bakkemål, angrep på sentrale mål og fotorekognosering. Ei grundig analyse utført av FFI over Sovjetiske luftstridskrefters auka kapasitet i samband med kampflystudia, medførte innføring av nytt fokus for luftforsvarets kampfly frå slutten av 70 talet. Analysen konkluderte med at jagarflyvåpenet i det rådande trusselbiletet måtte konsentrere seg om to hovudoppgåver, antisjøinvasjon og framskutt luftforsvar for å beskytte norske bakkestyrkar frå desimering av sovjetiske jagarbombeflyviste. Fordelinga mellom dei to skulle vere 30 prosent av kapasiteten mot sjøinvasjonsrolla og resterande 70 prosent på luft til luft rolla (Duvsete, 2004:256-261,280).

Hæren si oppgåve skulle vere å halde ut til alliert hjelp kunne kome til unnsetning, heimevernet sitt rasjonale var innleiingsvis å sikre mobiliseringa slik at eit nytt overraskande overfall ikkje skulle overrumpla landet etter eventuell tap av norsk territorium skulle HV halde fram som fritt stridande avdelingar bak fiendens linjer. Men det norske forsvaret var ikkje noko fundamentalt annleis organisert enn det danske eller svenske samtidsforsvaret. Det danske var som tidlegare nemnd fokusert på ei rolle saman med allierte spesielt Vest-Tyskland, men organiseringa var elles liknande. Sverige kunne ikkje offisielt basere seg på bistand frå andre land, det svenske forsvaret var då også det klart sterkaste i Norden med ein hær som var større enn den danske og norske til saman understøtta av eit mektig flyvåpen som var om lag det dobbelte av det danske og norske kombinert (Taylor, 1985:129-130).

Det argumenterast for at den norske forsvareidentiteten har vore litt annleis sidan forsvaret har hatt ei sentral rolle i den blant utvalet unge norske nasjonen. Dei to andre landa har ei lang historie som sjølvstendige nasjonar, stats og nasjonsbygginga har vore gradvis og det militære har i nyare tid lita eller ingen rolle i denne samanheng. For Noreg har dette vore vesentleg annleis, landet kan skrive si historie langt attende, men det er likevel ikkje meir enn knappe hundre år sidan norsk sjølvstende. I denne prosessen var den norske hæren ein sentral faktor.

Noreg som den historisk sett svakaste makta av dei tre landa, vart tidleg underordna dansk overherredøme gjennom den fire hundre år lange union med Danmark fram til 1814 (Gustafsson: 2007, 68-69), før landet vart tvungen inn i ein personalunion med Sverige etter Kiel-traktaten og den påfølgande korte konflikten sommaren 1814. Det halve året mellom traktat og invasjon, vart nytta effektivt slik at Noreg med grunnlov og eige parlament, forsvar og banksystem fekk eit godt utgangspunkt for personalunionen med Sverige (Dyrvik, 2005). Då Svensk press midt på 1890-talet overbeviste norske politikarar om at berre eit sterkt forsvar kunne sikre norsk forhandlingsposisjon (Friis, 1999:59), låg dermed alt til rette for at dette innanfor ei relativt kort tid kunne gjennomførast med lovlege norske midlar.<sup>78</sup>

For den sjølvstendige norske nasjonen var ikkje berre forsvaret ein ”fødselshjelpar”, men også ein ”garantist” for sjølvstende og eit slags symbolsk samlingspunkt (Heurlin, 2007:20). I dag er nok dette noko meir distansert og uklart, men det er grunn til å anta at dette var sentralt i stats og nasjonsbygginga i samtida. Trua på det sterke forsvaret overlevde ikkje

---

<sup>78</sup> Her er sjølvstendige utfallet i striden om parlamentarismen i 1884 også sentralt då det gav stortinget kontroll med regjeringa. Den norske bank vart oppretta i 1816 og ikkje 1814.



klassekampane spesielt frå 20-talet og mellomkrigstida var prega av forfall (Nåvik, 1996:178-181; Friis, 1999:63-74) Krigen med sine fem års okkupasjon vart ein kostbar vekkar.

Forsvaret fekk i etterkrigstida igjen ein sterkare posisjon som nasjonens vern, samstundes vart det nøytrale sporet forkasta til fordel for nære og sterke allierte. Under den kalde krigen var NATO kombinert med eit sterkt norsk forsvar den militære sikringa, medan Noreg samstundes søkte avspenning i eige nærrområde ved hjelp av ein politikk med sjølvpålagte restriksjonar og der mogleg ein forsiktig norsk tilnærming i FN systemet. Sidan Noreg var geografisk avskjerma frå andre allierte kunne det norske forsvaret utviklast nokså sjølvstendig etter hovudlinjene i det som Ulriksen kallar den norske forsvarstradisjonen.

### **Tru på forsvarsmodellen**

Inntil nyleg var danskane sitt forhold til forsvaret prega av det som Heurlin omtaler som manglande tru på at det kunne lukkast. Som eit lite land blant stormaktene var danske ressursar marginale, og den nesten "likegyldige" haldninga vaks stegvis fram etter nederlaget og tapet av Sleswig Holstein i 1864 på ei tid der det danske forsvaret tross alt var relativt sterkt. Overfallet i 1940 forsterka denne oppfattinga, sjølv om det også i Danmark vart fornya satsing på forsvaret etter krigen under mottoet aldri meir 9. april. Den reelle haldninga til dansk forsvar har sannsynlegvis vore noko meir nyansert, men det er å merke seg at det danske forsvaret fram til den kalde krigens slutt ikkje kunne vise til noko vellukka krig eller opptreden i felttog sidan 1848/1864. Nederlaget i 1864 fekk store følgjer for Danmark. (Petersen, 1985:225-230,299-304). Dette har endra seg radikalt dei siste to tiåra, og det danske forsvaret er i dag eit aktivt sikkerheitspolitiskreiskap.

Det norske forsvaret kunne derimot vise til ei sentral rolle i 1905 og eit felttog i 1940, mest av alt var kongehus og regjering i eksil i London med handelsflåten som eit betydeleg krigsbidrag. I motsetnad til Danmark og Noreg, har Sverige lukkast med å halde seg utanfor krig sidan Napoleons krigane. Årsakene til dette er nok samansette, men opprusting og høg beredskap i urolege periodar har vore ein medverkande faktor til at landet lukkast med nøytralitetspolitikken. Reint geostrategisk har Sverige vore mindre utsett enn dei to andre spesielt under andre verdskrigen. Det kan dermed argumenterast for at det både i Noreg og Sverige var ei oppfatning av at forsvarsmodellen var veltilpassa på byrjinga av 90-talet, medan danskane var meir mottakelege for endring. Ein tilleggsfaktor her kan ha vore eit dansk offiserskorps som var vand med samarbeid og at desse tidleg såg impulsane frå andre NATO-land.

## Politisk institusjonalisering

Institusjonsteori tilseier at det som er institusjonalisert tenderar til å vere motstandsdyktig mot endring, dersom endring er naudsynt vil tilpassing innanfor eksisterande system vere å føretrekke (Thelen, 2003:210,220-221). Den seine tilpassinga til den nye sikkerheitspolitiske verkelegheita i Noreg og Sverige kan i begge tilfeller dels vere eit utslag for det første. Det var også ganske parallell tilpassing av det eksisterande systemet i begge landa etter omstruktureringa kom i gong, først etter mykje omstilling valde Sverige å gå over til AVF-modellen. Også andre land held lenge fast på vernepliktsmodellen av dei større maktene er Tyskland det siste som har gått frå verneplikt til AVF-modellen (Diesen, 2011:163-164).

Dersom forklaringa om at det som er institusjonalisert held stand mot endring og nye modellar, så må det kunne visast til at den norske verneplikta har vore meir rotfest og institusjonalisert enn i dei to andre nordiske landa. Eg har ikkje grunnlag for å hevde at så er tilfelle, men det kan heller ikkje utelukkast at det institusjonelle er ein del av forklaringa for at verneplikta står så sterkt i Noreg. Det som utan tvil er eit faktum er at verneplikta står sterkt i det norske politiske landskapet, alle større norske parti slår ring rundt verneplikta som ein viktig del av den norske forsvarsmodellen. Sannsynlegvis er det ein kombinasjon av fleire faktorar som er forklaringa, både den norske forsvarsidentiteten der verneplikta er løfta fram som ein av dei bærande bestanddelar, men også andre element. At verneplikta er ein del av det beståande og såleis vert oppretthalden i kraft av ei slags institusjonalisering. Ideen om at den norske vernepliktige held på verdiar som den frivillige nødvendigvis ikkje vil ha med seg vert frå tid til annan nytta som argumentasjon. Alf Åge Hansen peika som tidlegare omtala på mytane om det norske vernepliktsforsvaret og at desse stod spesielt sterkt blant politikarane, byråkratane og ei gruppe titulert som ”forsvarslobbyister” (Hansen, 1999:106-107). Om den norske verneplikta reelt står sterkare i det norske folket enn tilfelle er i Danmark og Sverige har eg ikkje grunnlag for å uttale meg om. Derimot synes det å vere plausibelt at den politisk har større oppslutnad i Noreg ettersom spørsmålet om verneplikt ikkje eingong er eit tema i den politiske debatten.

Vernepliktsdebatten er oppe i både Danmark og Sverige. Sistnemnde har sett verneplikta i ikkje aktiv status, og det er no også fornya debatt i Danmark etter at Regjeringa i oktober 2012 kunngjorde at den ønskjer å suspendere verneplikta og berre nytte frivillige. I Sverige er det eit tverrpolitisk fleirtal for den nye frivillige modellen, men fleire mindre parti ønskjer å reaktivere verneplikta. Det danske forsvaret skal spare 2,7 mrd kroner og forslaget om å berre

bruke frivillige er eit ledd i denne sparinga, i samband med arbeidet med neste forsvarsforlikperiode er det lagt fram ein rapport over det danske forsvaret etter oppdrag i forsvarsforliket som går til 2014.<sup>79</sup> Regjeringa møter allereie motbør frå fleire parti som ikkje vil støtte suspensjon av verneplikta i neste forsvarsforlik, det står att å sjå om regjeringa får gjennomslag.<sup>80</sup> Både det danske og det svenske forsvaret er pressa økonomisk, medan det norske dei seinare år igjen har fått auka løyvingar. Norsk forsvar har framleis utfordringar når det gjeld å prioritere mellom mål og midlar, men situasjonen er betre samanlikna med nokre år tilbake. Løyvingane heng dels saman med den gode norske statsfinansielle situasjonen, Noreg er i liten grad ramma av finanskrisa. Dels er det sannsynleg at det heng saman med sikkerheitspolitiske prioriteringar i samband med den norske geopolitiske situasjonen omskrive i tidlegare i kapittelet.

Om den norske forsvarsidentiteten slik den kort vert presentert er nok til å forklare den divergerande utviklinga innanfor tenestemodellen i Noreg samanlikna med dei to andre landa er vanskeleg å svare på. Ifølgje Cohen var dei faktorane som hadde størst forklaringskraft for val av tenestemodell: eit lands populasjon relativt til naboland og lengda på grensa mot potensielt fiendtlege land. Utover dette er uavklarte spørsmål med nabostatar og landets geopolitiske posisjon viktige naturlege forklaringsfaktorar. Den militære tenestemodellen sin legitimitet i befolkninga vil sannsynlegvis også vere ein faktor, forsvar med høg grad av legitimitet vil i periodar der færre vernepliktige vert kalla inn på vegne av dei mange likevel oppfattast som ei velfungerande ordning. Det fins døme der låg grad av legitimitet har tvunge fram endringar i tenestemodell, i Spania medførte innkallinga av færre tenestedyktige at stadig fleire krov fritak med henvising til personlege etiske grunnar. Dette var medverkande til at politikarane avvika verneplikta (Williams, 2005:39, Zold, 2002:27). Det har ikkje vore slike tendensar i Danmark, Noreg eller Sverige, slik sett er ikkje høg legitimitet for forsvarsmodellen noko som skil Noreg frå dei to andre.

Relativ populasjon vert løfta fram som faktor fordi vernepliktsmodellen gjev mindre land moglegheita å reise store forsvar. Dersom vernepliktsmodellen er tilpassa slik at styrken numerisk sett er liten vil ikkje denne logikken vere rimeleg. Eit argument er moglegheita for å ekspandere modellen om behovet for større styrkar igjen skulle oppstå, men dette vil vere ein

---

<sup>79</sup> <http://www.fmn.dk/nyheder/Pages/Etablissementsanalyse.aspx> Nytt 2012-11-07.

<sup>80</sup> <http://politiken.dk/politik/ECE1775150/k-og-df-vil-blokere-for-afskaffelse-af-vaernepligten/> Nytt 2012-11-07

omfattande og tidkrevjande prosess ettersom både utstyr, infrastruktur og talet på høgare offiserar er tilpassa ein liten styrke. Likevel er moglegheita for dette større ved eit etablert vernepliktsystem enn reint verva modell. HV er måla om opp mot årleg innkalling til forsvaret og strukturen framleis å rekne som ein relativt stor organisasjon, HV disponerar også eit stort nettverk av leirar over heile landet. Ettersom oppgåvene her er i det enklare spekteret er heimevernet godt tent med vernepliktige mannskap jamfør fig 4.1 nasjonale vakt og sikringstyrkar. Hæren har gode fasilitetar både i Østerdalen og Troms som raskt kan tilpassast større styrkestruktur om dette skulle vere naudsynt.

Norsk val av verneplikt kan forsvarast ut frå Cohen sin typologi, men som illustrert i oppgåva har ikkje modellen den størrelsen som tilseier at det er grunnlaget. Norsk geopolitisk posisjon er historisk trygg. Likevel har Noreg samanlikna med Danmark og Sverige, meir komplekse sikkerheitspolitiske omsyn å ta. Det kan hevdast at Noreg får eit dobbelt omsyn, både det nasjonale og det internasjonale. Internasjonal innsats heng saman med ønske om å bruke forsvaret som eit sikkerheitspolitisk verkemiddel gjennom å vise solidaritet ovanfor allierte og for å fremje sentrale humanitære verdiar. I tillegg er det viktig å vise flagget for å sikre moglegheit til hjelp utanfrå dersom framtidig behov skulle oppstå i eige nærområde. Det er vanskeleg å svare på om vernepliktig rekrutteringsmodell vert oppretthalden grunna moglegheita for utviding, eller om den vert oppretthalden fordi politikarane vurderar den som best eigna. Det som i alle høve er klart ut frå oppgåva sin gjennomgang av tematikken er at verneplikta slik den er kombinert med den norske innsatsforsvarsmodellen, inneber ei lågare operativ evne for den norske hæren enn motsvarande dansk og svensk modell. Dette er interessant sidan det norske forsvarsbudsjettet er det høgste av dei tre. Dette gjeld ikkje marina og flyvåpenet som i større utstrekning er ståande avdelingar. På bakgrunn av det siste, bør det forskast nærare på den norske kombinasjonen. Det ligg utanfor ramma for denne masteroppgåva å konkludere for eller mot verneplikt. I staden har det vorte retta eit søkelys på nokre forhold kring den noverande norske kombinasjonen av verneplikt med innsatsforsvarsmodellen, i lys av dansk og svensk innsatsforsvarsmodell.

Samanlikninga viser at alle tre forsvarsmodellane har gått frå store mobiliseringsforsvar som i reelle størrelsar likevel var vesentleg ulike, til innsatsforsvarsmodellar som er nokså samsvarande i tal. Dette er ei konvergerande utvikling, forsvarsgreinene i dei tre landa er relativt numerisk samsvarande jamfør tabellane 3.1 og 3.2. Like fullt er det skilnader på kor anvendeleg den på papiret nokså samsvarande styrkestrukturen er, når den svenske frivillige

modellen er fullt operativ så vil ein relativt sett større del av denne kunne setjast inn på kort varsel enn tilfellet er for den norske modellen. Sidan Danmark allereie har ein verva kampstyrkestruktur er denne i stor grad operativ, difor kan det danske forsvaret stille større styrkar over tid til utanlandsoperasjonar enn Noreg.

## **Konvergens –divergens**

Analysekapittelet starta med to hypotesar H1 og H2.

Eg konkluderar med at H1 stemmer, det har vore ein overordna konvergens mellom dei tre forsvarsmodellane fram mot dagens innsatsforvar. Dette har fleire medverkande årsaker. For det første innebar det nye sikkerheitspolitiske rammeverket etter den kalde krigens slutt eit behov for ei omlegging av forsvara bort frå totaltrusselssenarioa, vesentlege kutt i forsvarsløyvingane kom før den reelle nyorienteringa og skapte eit veksande avvik mellom mål og midlar. For andre kom fokuset på revolusjonen av militære affærar inkludert behovet for transformasjon av forsvarsmodellane til å prege 90 og 2000-talet. Gjennom Golfkrigen fekk det veksande potensialet innan høgteknologisk krigføring ein overbevisande demonstrasjon, noko som sette fart i det som kom til å verte RMA debatten. Ein kombinasjon av behovet for nye roller for NATO og blottlegginga av manglande Europeisk evne til projisering av militærmakt på Balkan, medførte veksande amerikansk trykk på behovet for militære reformer innan NATO. Samtidige amerikanske reformer viste veg for allierte og samarbeidspartnarar. Overgangen til høgteknologisk utstyrte styrkar har grunna kostnadane medført behov for ein sterk reduksjon av styrkestrukturen. For det tredje innebar bortfallet av den militære balansen mellom aust og vest ei oppblomstring av regionale konflikhtar, samt evne for vesten til å setje inn militære styrkar, inkludert NATO. Første fasen kom gjennom dei blodige konfliktane på Balkan, desse var mykje meir komplekse enn dei tradisjonelle fredsbevarande FN operasjonane som dei nordiske forsvara hadde tradisjon for. Lærdommen frå Balkan fekk konsekvensar for både NATO, EU sitt militære samarbeid og dei enkelte bidragsytarane inkludert Danmark, Noreg og Sverige. Den andre fasen i internasjonale operasjonar kom etter terroråtaka på USA 11. september 2001. Den amerikanske reaksjonen var både å intensivere transformasjonen av sine militære styrkar å auke trykket på transformasjonsprosessen i NATO. Militært var responsen å innleie krigen mot terror, der Afghanistan og Irak vart dei største militære operasjonane. Afghanistan har vore ein langvarig operasjon der også Danmark, Noreg og Sverige har betydelege bidrag som har fått direkte konsekvensar spesielt for tilpassinga av hærane i dei tre landa.

Årsakene ovanfor er samverkande og grip dels inn i kvarandre på ein forsterkande måte. Omstillingsprosessane har fått fleire konsekvensar, mellom anna auka samarbeid på tvers av land, grunna minkande nasjonale styrkestrukturar. Eit anna fellestrekk er overgang frå vernepliktsbaserte til frivillig rekrutterte forsvarsmodellar. Dette heng saman med utviklingstrekk som har påverka modellane i retning små høgteknologiske strukturar. Veksande krav gjennom internasjonale operasjonar inneber også at vernepliktsmodellane vert mindre fleksible samanlikna med verva menneskap, fordi vernepliktige ikkje kan sendast utanlands. Danmark og Sverige følgjer denne utviklinga tettare enn Noreg som framleis primært nyttar vernepliktige. Samla sett har landa tilpassa seg dei rådande utviklingstrekk.

H2 tok for seg divergerande trekk. Denne er berre dels støtta i analysen. Det kan konkluderast med at rekrutteringsmodellane divergerar, samstundes er innslaget av verva i alle forsvarsmodellane større enn under den kalde krigen. Det er som tidlegare nemnd påvist ei lågare operativ evne frå korttidstenestegjerande vernepliktsavdelingar samanlikna med verva avdelingar av same størrelse. Dette heng mellom anna saman med at ein større del er under opplæring i vernepliktsmodellen og at vernepliktsperioden her ein avgrensa varigheit. Ettersom det norske innsatsforsvaret i det vesentlege er ståande til liks med det danske og svenske, har denne lågare operative evna stor betydning for elles samanliknbare styrkestruktur. Årsakene bak norsk verneplikt er det vanskeleg og sikkert fastslå i denne oppgåva. Gjennomgangen indikerar ei blanding av at vernepliktsmodellen har vore tungt forankra gjennom stats og nasjonsbyggingsprosess, spesielt opp mot 1905 og etter den andre verdskrigen. Ulriksen har omtala det infanteribaserte norske landforsvaret i 1905 som den norske forsvarstradisjonen. Ettersom Noreg under den kalde krigen innleiingsvis skulle klare seg sjølv til alliert hjelp vart sett inn, fekk denne utvikla seg vidare under den kalde krigen. Ettersom utviklinga sidan Ulriksen skreiv dette har gått mot innsatsforsvarsmodellen, har Noreg no ein forsvarsmodell som passar dårleg med denne norske "idealmodellen". Verneplikta har framleis brei politisk oppslutnad. Det at denne ikkje er eit tema i norsk politisk debatt, kan vere eit resultat av at verneplikta har blitt politisk institusjonalisert i Noreg. Dette betyr i så fall at ein norsk forsvarsmodell utan verneplikt, i dag ikkje er eit politisk aktuelt alternativ. Omfanget her tillet ikkje tunge konklusjonar. Det fins mykje god norsk vernepliktsforskning av tidlegare epokar, i lys av utviklinga det siste tiåret er tida moden for ein gjennomgang av dagens vernepliktsmodell for å utfylle tidlegare vernepliktsforskning.

Den andre delen av divergens hypotesen tok utgangspunkt i geopolitisk plassering som motvekt mot konvergens. Her er ulike prioriteringar med bakgrunn i denne variabelen, slik som norsk nordområdesatsing og nasjonalt førstefokus. Dansk militarisering av utanrikspolitikken og globalt fokus er eit utslag av det same, nemleg fråveret av tradisjonelle truslar mot Danmark. Desse ulike prioriteringane er likevel på eit nokså detaljert nivå, overordna så er konvergens også her rådande. Alle dei tre landa har auka sitt internasjonale engasjement. Her er det verdt å merke seg at trass den norske retorikken om å vende heim mot det nasjonale, er norske politikarar veldig lydør ovanfor amerikanske forventingar gjennom NATO-alliansen. Det er difor over tid lite truleg med vesentlege avvik mellom forventa norsk deltaking og norsk handlemonster.

## 5. Konklusjon

Førstedelen av konklusjonskapittelet er ei kort oppsummering av kvart delkapittel for utan analysedelen ettersom den er oppsummert på førre side. Så følgjer sjølv konklusjonsseksjonen og til slutt interessante framtidige forskingsspørsmål. Temaet for oppgåva er om det etter den kalde krigen har vore ein konvergens i forsvarsmodellane til dei tre skandinaviske landa Danmark, Noreg og Sverige og eventuelle årsakssamanhengar. Det var venta at dette var tilfellet ettersom alle tre landa har innført innsatsforsvarsmodellen.

### 5.1 Teoridel

For å skape eit teoretisk fundament for undersøkinga av oppgåve spørsmålet er teoridelen fokusert rundt to hovudrammer, militære tenestemodellar og Revolusjonen i Militære Affærar RMA. Desse områda vil frå kvar sine innfallsvinklar klargjere for utviklinga i forsvarsmodellar generelt. Eg valde å nytte ei typologisering av militære tenestemodellar presentert av Eliot A. Cohen. Utover ei kort presentasjon av dei historiske hovudmodellane, er vernepliktig rekrutteringsmodell og frivillig modell dekkja grundigare ettersom desse både i case utvalet og generelt er dei mest nytta forsvarsmodellane i samtida. Det er ein klar tendens til at vernepliktig rekrutteringsmodell som fram til den kalde krigens slutt var rådande i Europa, vert avvika til fordel for den såkalla AVF-modellen.

RMA litteraturen er så omfattande at det i oppgåva berre er mogleg å presentere ein liten del av det store kjeldemateriellet eg har funne. Eg har difor vald å kort skissere hovudtrekka i

forskinga, debatten og dei ulike epokane innanfor denne. Det ligg ikkje for denne oppgåva å konkludere i det tunge RMA spørsmålet, derimot verkar det plausibelt at tematikken uavhengig av overordna konklusjon har hatt ein sterk innverknad på utviklinga av forsvarsmodellane også i dei nordiske landa dei siste 15 åra.

## 5.2 Empirikapittelet

Dette kapittelet tek for seg forsvarsmodellane, ettersom oppgåva handlar om konvergens eller divergens er det viktig at det lange perspektivet vert teken med. Skal det kunne seiast noko om utviklinga etter den kalde krigens slutt, må me ha ei oversikt kva det utviklar seg i frå. Difor er den kalde krigens forsvarsmodellar som referanse punkt av interesse. Sidan alle landa har dei same forsvarsgreinene inkludert heimevern, har det vore lett å finne likskapar og ulikskapar mellom modellane. På papiret er modellane historisk jamne, men kapittelet viser og at det er vesentleg ulik operativ effekt frå styrken. Det er her den norske kombinasjonen med vernepliktsmodell og innsatsforsvar får litt andre utslag enn den svenske AVF-modellen og den danske verva kampstrukturen. Store omstruktureringar dei siste åra gjer tal som berre er eit par år gamle avleggs, spesielt gjeld dette Sverige. Heldigvis er det god tilgang til offentlege dokument og nettsider, dei nordiske landa har ein tradisjon for openheit som forenkler forskning innanfor eit område som elles tradisjonelt er meir lukka. Tala som eg nyttar i oppgåva er siste oppdaterte tal frå dei offentlege militære nettsidene.

## 5.4 konkluderande funn

**Problemstillinga: Dei skandinaviske landa Danmark, Noreg og Sverige har dei siste åra gått over til innsatsforsvarsmodellen. Inneber dette ei konvergens mellom dei nasjonale forsvarsmodellane og er det sentrale årsakssamanhengar som kan forklare utviklinga?**

Dei nordiske innsatsforsvarsmodellane har mange fellestrekk. Ytre faktorar, spesielt endra sikkerheitspolitiske rammer, hurtig teknologisk utvikling og nye krav gjennom internasjonale militære operasjonar har trekt dei tre modellane i same retning. Svaret på desse multiple endringsfaktorane er mindre, meir mobile og høgteknologiske styrkestrukturar. Styrkane har samanlikna med dei tidlegare forsvarsmodellane meir einsarta utstyr, alle forsvarsgreinene er tilpassa både nasjonale og internasjonale oppgåver, for begge roller er evne til hurtig deployering over større avstand ein tydelegare dimensjon enn i mobiliseringsforsvaret.



Nasjonalt følger dette som konsekvens av at færre avdelingar, fartøy og fly skal dekke det same området som tidlegare, medan dette internasjonalt heng saman med aukande komplekse operasjonar i roller som småstaten tidlegare ikkje tok del i. Desse faktorane har i fellesskap medført ei overordna konvergens mellom forsvarsmodellane. Ved første augekast er det lett å sjå at styrkestrukturane numerisk er historisk jamne. Trekka over har også gjort at nokre av strukturane nærmar seg kritisk masse, småstatens svar på dette er auka samarbeid både bilateralt, men også multilateralt gjennom til dømes NATO og EU. Danmark, Noreg og Sverige føl denne trenden, men medan Noreg og Sverige samarbeider stadig tettare, så er Dansk hovudfokus i retning tettare samarbeid med allierte som landet operer med internasjonalt. Dette leier oss mot divergerande trekk.

For å halde tråden så har dansk utanrikspolitikk utvikla seg lenger i retning militære verkemidlar enn dei to andre landa. Danmark har tilpassa forsvaret internasjonale operasjonar, forsvaret skal kunne levere på kort varsel i den spisse enden av konfliktskalaen over heile verda når danske politikarar vedtek dette. Landet har blitt ein aktiv småstat som saman med primært USA og Storbritannia skal kunne handle globalt også utan FN mandat dersom dette politisk vert vurdert formålstenleg. Her skil landet seg klart frå Noreg og Sverige som primært krev FN mandat. Likevel er det slik at utviklinga mot militarisering av utanrikspolitikken også til ei grad gjeld norsk og svensk utanrikspolitikk, begge landa deltek oftare og tyngre i internasjonale operasjonar, men litt meir ”nølande” enn Danmark. Divergensen her er i tillegg dette med sikkerheitspolitisk fokus, Danmark sitt fokus ligg internasjonalt ettersom tradisjonelle militære truslar mot heimlandet for tida vert vurdert som ikkje eksisterande. Noreg har hovudfokuset mot nordområda, sjølv om det offisielt vert sagt at det ikkje er tradisjonelle truslar mot norsk territorium så er norsk forsvars og sikkerheitspolitikk nokså nasjonalt sentrert med internasjonale operasjonar som ein viktig tilleggskapasitet. Sverige har lagt nærare Noreg med fokus på eige område, men det verkar no som om at landet er på veg nærare den danske retninga og i utvalet er landet no mellom dei to ytterpunkta. Den tydlegaste divergensen er å finne innanfor dette med rekrutteringsmodell, frå vernepliktsmodellar under den kalde krigen til blandingsmodellar i kvart ytterpunkt for Danmark og Noreg til AVF-modellen i Sverige. Felles trend har vore at forsvarsmodellane har fleire verva soldatar i dag enn under den kalde krigen, internasjonale operasjonar vert utelukkande gjennomført med verva soldatar. Men det er også likskapane. Dagens danske verneplikt er hovudsakleg til ein beredskapsstyrke for blandingsoppgåver og for å lette rekruttering, dei reelle kampavdelingane nyttar verva mannskap og det er også eit regjerings

forslag om å avvikle verneplikta heilt i fredstid. Sverige nyttar no berre frivillige. Dette inneber at det er berre det norske forsvaret som opprettheld verneplikt som hovud rekrutteringskjelde til forsvarsmodellen. Etersom vernepliktssoldatar ikkje har same operative evne som langtidstenestegjerande verva, spesielt for bruk utanlands medfører dette at den norske styrkestrukturen og innsatsforsvarsmodellen trass samsvarande størrelse ikkje har same operative kapasitet som innsatsforsvarsmodellane til dei to andre landa i utvalet. Dette er ein veldig interessant divergens som har fått relativt sett stor plass i oppgåva, likevel har det vore utanfor denne oppgåva å handsame dette så grundig som ønskjeleg, dette er eit felt som burde studerast nøyare. Eg vil gå så langt som å hevde at dette er oppgåva sitt viktigaste funn.

## **5.5 Veggen vidare?**

All forskning er berre ein avgrensa del av ein mykje større heilskap. I det eit prosjekt startar plukkar forskaren opp trådar som andre forskarar på eit tidlegare tidspunkt har fundamentert, når eit prosjekt er ferdigstilt er det på same måten nye trådar som ventar på neste etappe. Arbeidet med oppgåva har vore spanande og interessant, undervegs har eg sett område som det kunne vore konstruktivt å undersøkje grundigare, gjerne i eit nytt lys. Funna kring den norske kombinasjonen av vernepliktig rekruttering og innsatsforsvarsmodellen peilar seg ut som eit område som burde belyst nærare. Norsk vernepliktsforskning har mange gode kapittel, tida er moden for eit nytt kapittel i lys av siste tiårs utvikling av den norske forsvarsmodellen.

## Bibliografi

Andersen, Roy (2005): *Striden Om Strandsonen*. Bergen: Eide forlag.

Andersen, Roy. (2011): *Fra grøtavær til ghormach. Kystjegerkommandoen*. Lysaker: Dinamo Forlag.

Archer, Clive. (2010): The Stoltenberg Report and Nordic Security: Big Idea, Small Steps. I: Nanna, Hvidt. og Hans, Mouritzen. (ed.): *Danish Foreign Policy Yearbook 2010*. København: Danish Institute for International Studies (DIIS).

Bakstad, Knut (2010): *Landegrensen mellom Norge og Russland*. Tromsø: Universitetet i Tromsø.

Behringer, Roger A. (2003): *Propensity to Enlist: Recruiting Implications*. U.S. Army War College. Carlisle barracks, Pennsylvania.

Berlufsen, Bjarne. og Gundersen, Dag. (2004): *Fremmedordbok og synonymer blå ordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget.

Børresen et al. (2004): *Norsk forsvarshistorie – Allianseforsvar i endring*. Bind 5, 1970-2000. Bergen: Eide forlag.

Børresen, Jacob (2005): *Forsvar uten trussel. Det norske Forsvarets rolle og funksjon etter den kalde krigen*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

Børresen, Jacob (2011): *Torskekrig! Om forutsetninger og rammer for kyststatens bruk av makt*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

Chesser, Susan G. (2012): *Afghanistan casualties: Military forces and civilians*. Washington: Congressional Research Service.

Cohen, Eliot A. (1985): *Citizen And Soldiers*. Ithaca/London: Cornell University Press.

Dansk forsvarskommission (2008): *Dansk forsvar – Globalt engagement*. København: Forsvarsministeriet, 2009.

Dansk institutt for internasjonale studier. (2005): *Danmark under den kolde krig. Den sikkerhetspolitiske situation 1945-1991. Bind 1*. København: Dansk institutt for internasjonale studier.

Diesen, Sverre (1988): *Reform eller nederlag Landforsvarets operative ide ved skilleveien*. IFS. Oslo: Institutt for forsvarsstudier.

Diesen, Sverre. (2005): Mot et allianseintegrert forsvar. I: Janne-Haaland, Matlary. og Øyvind, Østerud. (red.): *Mot et avnasjonalisert forsvar?* Oslo: Abstrakt Forlag.

Diesen, Sverre (2011): *Fornyelse eller forvitring? Forsvaret mot 2020*. Oslo: Cappelen Damm.

- Duvsete, Svein. (2004): *Luftforsvarets historie Bind 3 Kalde Krigere og barmhjertige samaritaner 1945-1990*. Oslo: Aschehoug.
- Dyrvik, Ståle. (2005): *Året 1814*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Dørfer, Ingemar. (2007): Transformation i det svenske forsvar. I: Bertel, Heurlin. (red.): *Nationen eller verden? De nordiske landes forsvar i dag*. København: Jurist- og Økonomforbundets Forlaget.
- Etzioni, Amitai. (2012): "The Lessons of Libya". *Military Review*. (1): 45-54.
- Flynn, George Q. (2002): *Conscription and democracy. The draft in France, Great Britain, and the United states*. Westport/London: Greenwood press.
- Forsjord, Kjell Rune (2009): *Implementering av en profesjonskultur En kvalitativ studie av profesjonskultur og profesjonsfellesskap i Telemark bataljon*. Masteroppgave: Forsvarets Stabskole.
- Forsvaret (2010): *Fakta om forsvaret*. København: Forsvaret.
- Forsvaret (2011): *Forsvarssjefens fagmilitære råd*.  
[http://www.regjeringen.no/pages/36267892/Forsvarssjefens-fagmilitaere-raad-2011\\_Hoeringsnotat-FMR-langversjon.pdf](http://www.regjeringen.no/pages/36267892/Forsvarssjefens-fagmilitaere-raad-2011_Hoeringsnotat-FMR-langversjon.pdf) (22.april 2012).
- Forsvarsdepartementet (2012). *Fakta om forsvaret 2012*. Oslo: Forsvarsdepartementet.
- Forsvarsdepartementet (2012). "Et forsvar for vår tid". *Iverksettingsbrev til forsvarssektoren for langtidsperioden 2013–2016*. Oslo: Forsvarsdepartementet.
- Forsvarsmakten (2011): *Forsvarsmakten i fickformat 2011*. Stockholm: Forsvarsmakten.
- FOU8 2009:10 (2009): *Försvarsmaktens personalförsörjning m.m.* Stockholm: Forsvarsutskottets betänkande.
- Frank, Robert H. (2003): *Microeconomics and Behavior*. Boston: McGraw-Hill, 5<sup>th</sup> edition.
- Friis, Karsten. (1999): *Stat, nasjon og verneplikt. En Genealogisk analyse av stats- og nasjonsbygging i Norge med fokus på verneplikt*. Oslo: Norsk utenrikspolitisk institutt (NUPI). NUPI-rapport nr. 246/99.
- Gjeseth, Gullow. (2008): *Hæren I omveltning 1990-2005*. Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Gjeseth, Gullow. (2011): *Landforsvarets krigsplaner under den kalde krigen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Græger, Nina. (2007): *Norsk forsvarsdiskurs 1990-2005: Internasjonaliseringen av forsvaret*. Masteroppgåve i statsvitenskap, Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Gustafsson, Harald. (2007): *Nordens historia. En europeisk region under 1200 år*. Lund: Studentlitteratur.

- Hammersmark, John Inge (2010): *Utviklingen av norske spesialstyrker: symbolikk eller militær nytteverdi?*. Masteroppgave: Forsvarets Stabskole.
- Hansen, Alf-Åge (1999). *Anakronisme eller Arvesølv? En studie av den norske verneplikten*. Masteroppgåve i statsvitenskap, Universitetet i Tromsø.
- Hansen, Stig J. (2007): *Doktrineutvikling i Heimevernet*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Harris-Jenkins, Gwyn. (2001): *Recruitment to the all volunteer force*. United Kingdom, University of Hull. Rapport nr. 02/02.
- Hedin, Ola. (2011): *Försvarets förutsättningar – en ESO-rapport om erfarenheter från 20 år av försvarsreformer*. Stockholm: Finansdepartementet. Rapport till Expertgruppen för studier i offentlig ekonomi. Rapport nr. 02/11.
- Heier, Tormod. (2006): *Influence and Marginalisation. Norway's Adaption to US Transformation Efforts in NATO, 1998-2004*. Doktorgrad i statsvitenskap, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo.
- Hellevik, Ottar. (1999): *Forskningsmetode i Sosiologi og Statsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget, 6. utgåve.
- Henriksen, Kjetil. (2010): *Norsk forsvarssamarbeid med Nederland og Sverige. Ikke like vel?* Oslo: Institutt for forsvarsstudier (IFS), Universitetet i Oslo. Rapport nr. 03/10.
- Heurlin, Bertel (red.) (2007): *Nationen eller Verden? De nordiske landes forsvar i dag*. København: Jurist- og Økonomforbundets Forlaget.
- Hovland, Torkel. (2008): *Aldri mer!* Oslo: Kolofon Forlag AS.
- Hærnqvist, Ove. (2008): *Karakteristisk och konsekvenser*. I: Håkan, Edström. og Magnus Petersson. (red.): *Norsk-svenskt Försvarssamarbete i en ny tid*. Oslo: Institutt for forsvarsstudier (IFF). Rapport nr. 07/08.
- Hønneland, Geir. (2006): *Kvotekamp og kyststatsolidaritet. Norsk-russisk fiskeriforvaltning gjennom 30 år*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Haaland, Torunn (2008): *Small Forces with a Global Outreach. Role Perceptions in the Norwegian Armed Forces after the Cold War*. Doktorgrad i statsvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Jansen, Jan P. og Blichfeldt, Per Chr. (1998): *Havets voktere. Historien om kystvakten*. Otta: Schibsted.
- Jespersen, Knud J.V. (1989): *Dannmarks historie. Bind 3. Tiden 1648-1730*. København: Gyldendal.

Johansen, Iver., Sundfør, Hans O. og Hoff, Ø. Erlend. (2012): *Fremtidens landmakt – veivalg mot en fremtidig norsk landmakt i balanse*. Oslo: Forsvarets forskningsinstitutt (FFI). Rapport nr. 00355/12.

Jørgensen, Henrik J. og Breitenbauch, Henrik Ø. (2009): *What if We Gave Up Conscription?* København: Dansk Institutt for Militære Studier.

Kan, Alexander. og Nielsen, Jens Petter. (2004): Naboer i det høye nord – Tusenårig samkvem og samarbeid. I: Daniela Buchten., Tatjana Džjakson. og Jens Petter Nielsen. (red.): *Norge – Russland. Naboer gjennom 1000 år*. Oslo: Scandinavian Academic Press.

Kirby, David. (2007): *A Concise History of Finland*. New York: Cambridge University Press.

Kjeldstadli, Knut. (1999): *Fortida er ikke hva den engang Var*. Universitetsforlaget, Oslo.

Knox, Macgregor og Murray, Williamson (2001): *The Dynamics of military revolutions, 1300-2050*. Cambridge University Press.

Korb, Lawrence J. og Segal, David R. (2011): Manning & Financing the Twenty-First-Century All-Volunteer Force. *Dædalus, the Journal of the American Academy of Arts & Sciences*, 3, 75-87.

Krebs, Ronald R. (2006): *Myths of the All-Volunteer Force: Rethinking Military Recruitment and the Fate of the Citizen-Soldier*. Minneapolis: Department of Political Science, University of Minnesota.

Landman, Todd. (2003): *Issues and methods in comparative politics: An introduction*. London/New York: Routledge. Taylor & Francis Group, 2nd edition.

Lansford, Tom. (2002): *All for One: Terrorism, NATO and the United States*. Hampshire: Ashgate Publishing Limited.

Larsson, Olle. (2009): *Stormaktens sista krig. Sverige och stora nordiska kriget 1700-1721*. Lund: Historiska Media.

Lauridsen, John T., Mariager, Rasmus., Olesen, Thorsten Barring. og Villaume, Poul. (red.) (2011): *Den kolde krig og Danmark. Gads Leksikon*. Bookwell, Finland: Gads Forlag.

Lindeman, Ole Anders. (2009): *Norwegian foreign policy in the high north. International cooperation and the relations to Russia*. Oslo: Institutt for forsvarsstudier, Universitetet i Oslo. Rapport nr. 01/09.

Lindholt, L. (2006): Arctic natural resources in a global perspective. I: Solveig, Glomsrød. og Iulie, Aslaksen. (eds.): *The Economy of the North*. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.

Mahoney, James. (2003): Strategies of casual assessment in comparative historical analysis. I: James, Mahoney. og Dietrich, Rueschemeyer. (red.): *Comparative historical analysis in the social sciences*. Cambridge: Cambridge University Press.

Mann, Chris. (2009): *De største slagene i andre verdenskrig*. Oslo: Spektrum forlag. På norsk ved Bjarte Kaldhol.

Mastny, Vojtech., Holtsmark, Sven. og Wenger, Andreas. (red.) (2006): *War plans and alliances in the Cold War: threat perceptions in the East and West*. London/New York: Routledge. Taylor & Francis Group.

Melien, Tor Jørgen. (2012): *Våre hemmelige soldater. Norske spesialstyrker 1940-2012*. Oslo: Spartacus Forlag AS.

Midtbø, Tor. (2007): *Regresjonsanalyse for Samfunnsvitere*. Oslo: Universitetsforlaget.

Møller, Bjørn. (2003): Past Revolutions in Military Affairs. I: Bertel, Heurlin., Kristian Sjøby, Kristiansen., Mikkel Vedby, Rasmussen. og Sten, Rynning. (eds.): *New Roles of Military Forces. Global and Local Implications of the Revolution in Military Affairs*. Copenhagen: Danish Institute for International Studies (IIS).

Nåvik, Ørnulf. (1997): *Verneplikdens historie 950-1996*. Oslo: Elanders Forlag.

Olden, J. Sebastian. (2001): *Til kilderne!*. København: Gads forlag.

Olsen, Per E. (red.) (2011): *Norges kriger fra Hafrsfjord til Afghanistan*. Oslo: Vega forlag.

Oswald, Franz. (2006): *Europe and the United States. The Emerging Security Partnership*. Westport, Connecticut/London: Praeger Security International.

Pennings, Paul et al. (2006): *Doing Research in political Science*. London: SAGE Publications.

Perri, Tim. (2010): "Deferments and the Relative Cost of Conscription". *The B.E. Journal of Economic Analysis & Policy*. Volume 10, Issue 1, article 103. Available at: <http://www.bepress.com/bejeap/vol10/iss1/art103>

Petersen, Vagn Skovgaard. (1985): Statens nye rammer. I: H.P., Clausen. og Søren, Mørch. (red.): *Dannmarks historie. Bind 5. Tiden 1814-1864*. Copenhagen: Gyldendal.

Petersen, Vagn Skovgaard. (1985): Danmark og udlandet. I: H.P., Clausen. og Søren, Mørch. (red.): *Dannmarks historie. Bind 5. Tiden 1814-1864*. Copenhagen: Gyldendal.

Poutvaara, Panu. og Wagener, Andreas. (under trykking). *The Political Economy of Conscription*. [http://papers.ssrn.com/sol3/papers.cfm?abstract\\_id=1491419##](http://papers.ssrn.com/sol3/papers.cfm?abstract_id=1491419##)

Prop. 2008/09:140 (2008-2009): *Ett användbart försvar*. Stockholm: Regeringens Proposition.

Prop. 2011/12:1 (2011-2012): *Försvar och samhällets krisberedskap*. Stockholm: Forsvarsmakten.

Prop. 73 S (2011–2012). Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak). *Et forsvar for vår tid*. Oslo: Forsvarsdepartementet.

- Raska, Michael. (2010): *The RMA theory, process, and debate: "Five waves"*. Paper presentert I Pdf-format. Singapore: Lee Kuan Yew School of Public Policy, National University of Singapore.
- Rekkedal, Nils M. (2003): *Moderne krigskunst En presentasjon av moderne militærmakt og militærteori*". Oslo: Forsvarets stabsskole.
- Repstad, Pål. (2007): *Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo: Universitetsforlaget, 4. reviderte utgave.
- Ringdal, Kristen. (2001): *Enhet og Mangfold samfunnsvitenskapelig forskning og kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Riste, Olav. og Moland, Arnfinn. (1997): *"Strengt hemmelig". Norsk etterretningsteneste 1945-1970*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rostker, Bernard. (2006): *I want you!: The evolution of the All-Volunteer Force*. Santa Monica, CA: RAND Corporation.
- Rottem, Svein Vigeland., Hønneland, Geir. og Jensen, Leif Christian. (2008): *Småstat og energistormakt. Norges sikkerhetspolitiske rolle i nord*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Rynning, Sten. (2003): High or Low Intensity Warfare? Toward a New Transatlantic Bargain. I: Bertel, Heurlin., Kristian Sjøby, Kristiansen., Mikkel Vedby, Rasmussen. og Sten, Rynning. (eds.): *New Roles of Military Forces. Global and Local Implications of the Revolution in Military Affairs*. Copenhagen: Danish Institute for International Studies (IIS).
- Saxi, Lunde Håkon. (2010): *Norwegian and Danish defence policy. A comparative study of the post-Cold War era*. Oslo: Institutt for forsvarsstudier, Universitetet i Oslo. Rapport nr. 01/10.
- Schneid, Frederik, C. (2009): Introduction. I: Donald, Stocker., Frederik C, Schneid. og Harold D. Blanton. (red.): *Conscription in the Napoleonic era. A revolution in military affairs?* New York: Routledge. Taylor & Francis Group.
- Skogrand, Kjetil (ed.). (2008): *Emerging from the frost Security in the 21<sup>st</sup> Century Arctic*. Oslo: Institutt for forsvarsstudier (IFS). Rapport nr. 02/08.
- Skogstad, Arne. (1997): Fønix – Fremtidens luftforsvar. I: Håvard, Kleveberg. (red.): *Manøverkrig og prosjekt Fønix. Bærende elementer i norsk luftmaktdoktrine*. Oslo: Institutt for forsvarsstudier, Universitetet i Oslo. Rapport nr. 06/97.
- Sloan, Stanley R. (2005): *NATO, The European Union, and the Atlantic community. The transatlantic bargain challenged*. Lanham/Boulder/New York/Toronto/Oxford: Rowman & Littlefield Publishers, inc, Second edition.
- Smith, Sven-Erik Grieg. (1978): *For konge og fedreland. Hæren på Vestlandet gjennom 350 år*. Bergen: Hovedkomiteen for feiringen av hærens 350-års jubileum i bergensområdet.



St.meld. nr. 36 (2006-2007). *Økt rekruttering av kvinner til forsvaret*. Oslo: Forsvarsdepartementet.

Strachan, Hew. (2007): *Clausewitz's. On War. A Biography*. New York: Grove Press.

Stubberud, Tore Asmund. (2004): *Allmenn verneplikt - konflikt mellom ideal og praksis. Den norske vernepliktsordningen i idéhistorisk perspektiv*. Masteroppgåve i idehistorie, Institutt for kulturhistorie, Universitetet i Oslo.

Tammes, Rolf. (2009): Et større Norge. I: Even, Lange., Helge, Pharo. og Øyvind, Østerud. (red.): *Vendepunkter i norsk utenrikspolitikk. Nye internasjonale vilkår etter den kalde krigen*. Oslo: Unipub Forlag.

Taylor, William J. og Cole, Paul M. (1985): *Nordic Defence: Comparative Decision Making*. Toronto: Lexington Books.

Terjesen, Bjørn., Kristiansen, Tom. og Gjelsten, Roald. (2010): *Sjøforsvaret i Krig og Fred*. Bergen: Fagbokforlaget.

Thagaard, Tove. (2009): *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget, 3. utgave.

The President's Commission on All-Volunteer Armed Force. *Report of the President's Commission on an All-Volunteer Armed Force*. Washington, D.C.: Government Printing Office, 1970. The basic document of the Gates Commission, and vital to an understanding of the assumptions lying behind the adoption of the All-Volunteer Force.

Thisner, Fredrik. (2009): Manning the armed forces. The Swedish solution. I: Stoker, Donald., Schneid, Frederick C. og Blanton, Harold B. (ed.): *Conscription in the Napoleonic Era. A revolution in military affairs?* New York: Routledge. Taylor & Francis Group.

Ulriksen, Ståle. (2002): *Den norske forsvarstradisjonen: Militærmakt eller folkeforsvar?* Oslo: Pax Forlag.

Ulriksen, Ståle. (2007): Brydningstid – paradigmeskiftet i det norske forsvar (2001-2005). I: Bertel, Heurlin. (red.): *Nationen eller verden? De nordiske landes forsvar i dag*. København: Jurist- og Økonomforbundets Forlaget.

Vetaas, Åge. (2011): *Skjoldklassen – en kamp Sjøforsvaret burde tapt? En analyse av Skjold beslutningen i Stortinget i 2000*. Masteroppgave: Forsvarets Stabskole.

Warner, John T., Miller III, James C. og Asch, Beth J. (2008): *Economics and the All-Volunteer Force*. New Orleans, LA: American Economic Association Meetings.

Williams, Cindy. (2005): "From conscripts to volunteers. NATO's Transitions to All-Volunteer Forces". *Naval war college review*. Vol. 58, No. 1, 35-62.

Wolcke, Lars E. (1999): *Medborgare i vapen*. Lund: Historiska Media Forlag.

Wolter, Hans Christian., Scheunchen, Helge., Frantzen, Ole L. og Hansen, Christian Wurgler. (1992): *Den danske hær i Napoleonstiden 1801-1814. Håndbog om uniformer, faner, udrustning og krigshistorie*. København: Tøjhusmuseet.

Zold, Zoltan. (2002): *Professional armed forces new trend in Europe: Transformation of the Czech Armed Forces*. California: Naval Postgraduate School.

### Internettadresser:

[https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/fields/print\\_2024.html](https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/fields/print_2024.html)

Nytta 2012-12-05

<https://www.borger.dk/Emner/politi-retsvaesen-forsvar/forsvar-og-beredskab/Sider/vaernepligt.aspx>

Nytta 2012-07-30

<http://forsvaret.dk/2ESK/Enheder/PS/Documents/Fregat%20faktablad.pdf>

Nytta 2012-07-30

<http://forsvaret.dk/2ESK/ENHEDER/FS/Pages/default.aspx>

Nytta 2012-07-30

<http://www.hjv.dk/Om%20HJV/Sider/Fakta.aspx>

Nytta 2012-04-10

<http://www.hjv.dk/FHV/Sider/forside.aspx>

Nytta 2012-04-10

<http://www.hjv.dk/MHV/Sider/forside.aspx>

Nytta 2012-04-10

<http://forsvaret.no/om-forsvaret/organisasjon/haren/Sider/Om-H%C3%A6ren.aspx>

Nytta 2012-04-17

<http://forsvaret.no/om-forsvaret/organisasjon/sjoforsvaret/Sider/kystvakten.aspx>

Nytta 2012-04-20

<http://forsvaret.no/om-forsvaret/organisasjon/luftforsvaret/skvadroner/Sider/vare-skvadroner.aspx>

Nytta 2012-04-22

[http://www.forsvarsmakten.se/upload/Rekrytering/broschyrrer/fm\\_nittiodagar\\_web\\_01.pdf](http://www.forsvarsmakten.se/upload/Rekrytering/broschyrrer/fm_nittiodagar_web_01.pdf)

Nytta 2012-03-10

[http://www.forsvarsmakten.se/upload/dokumentfiler/tal/2012/20120410%20Planning%20for%20the%20unknown\\_LAOS.pdf](http://www.forsvarsmakten.se/upload/dokumentfiler/tal/2012/20120410%20Planning%20for%20the%20unknown_LAOS.pdf)

Nytta 2012-04-24

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/>

Nytta 2012-04-30

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Korvett-Visby/>

Nytta 2012-04-26

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Korvett-Stockholm/>

Nytta 2012-04-26

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Rojdykfartyg-Sparo/>

Nytta 2012-04-26

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Ubat-typ-Sodermanland/>

Nytta 2012-04-26

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/Ubat-typ-Gotland/>

Nytta 2012-04-26

<http://www.kockums.se/produkter-tjanster/ubatar/projekt-a26/>

Nytta 2012-04-27

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/fartyg/>

Nytta 2012-04-27

[http://www.ffk.se/PDF/ffknytt/ffknytt\\_2006\\_4.pdf](http://www.ffk.se/PDF/ffknytt/ffknytt_2006_4.pdf)

Nytta 2012-12-10

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/Flyg/>

Nytta 2012-04-27

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Materiel-och-teknik/Vapen/Robotsystem-97/>

Nytta 2012-04-28

<http://articles.janes.com/articles/Janes-Land-Based-Air-Defence/Kongsberg-Defence--Aerospace-Norwegian-Adapted-HAWK-NOAH-low-to-medium-altitude-surface-to-air-missile-system-Norway.html>

Nytta 2012-04-28

<http://hemvarnet.se/?action=visaartikel;artikelid=264>

Nytta 2012-04-28

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Internationella-insatser/Avslutadeinsatser/Truppinsatser/Libyen-UP/> Nytta 2012-12-14

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Internationella-insatser/Afghanistan--Isaf/Om-insatsen/> Nytta 2012-12-14

<http://www.forsvarsmakten.se/sv/Internationella-insatser/Avslutadeinsatser/> Nytta 2012-12-14

[http://www.svd.se/nyheter/inrikes/hemligt-forband-ska-skydda-fran-it-hot\\_7723550.svd](http://www.svd.se/nyheter/inrikes/hemligt-forband-ska-skydda-fran-it-hot_7723550.svd) Nytta 2012-12-19

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fd/aktuelt/nyheter/2012/cyber.html?id=699271> Nytta 2012-12-19

<http://www.artilleriet.dk/artikel/4058-SKH-Selvkoerende-Haubits--nye-haubitser-redder-varde-kaserne.htm> Nytta 2012-05-02

<http://www.fmv.se/sv/Nyheter-och-press/Nyhetsarkiv/Nyheter-2010/Archer-klar-for-serietillverkning/> Nytta 2012-05-02

<http://www.sivilforsvaret.no/> Nytta 2012-05-05

<http://www.sivilforsvaret.no/Global/DSB-sentralmappe/Andre%20dokumenter/Sivilforsvarsstudien2007.pdf> Nytta 2012-05-05

<http://brs.dk/Pages/Forside.aspx> Nytta 2012-05-05

<https://www.msb.se/sv/Om-MSB/> Nytta 2012-05-05

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fd/aktuelt/nyheter/2012/veien-videre-for-nato.html?id=683832> Nytta 2012-06-05

[http://www.nato.int/cps/en/natolive/topics\\_49755.htm](http://www.nato.int/cps/en/natolive/topics_49755.htm) Nytta 2012-12-14

<http://www.forsvarsmakten.se/en/Organisation/Nordic-Battlegroup/> Nytta 2012-12-14

<http://sikkpol-konferansen.org/> Nytta 2012-10-25

<http://www.regjeringen.no/upload/UD/Vedlegg/nordiskrapport.pdf> Nytta 2012-10-30

<http://www.fmn.dk/forsvarsministeren/talerogartikler/Pages/Viafskaeresfraverdensbraendpunkter.aspx> 2012-11-07

<http://forsvaret.dk/SOK/Nyt%20og%20Presse/nationalt/Pages/ARCTISTRAINING060312.aspx> Nytta 2012-11-07

<http://sikkpol-konferansen.org/> Nytta 2012-10-26

[http://www2.forsvaret.dk/viden\\_om2/Pages/forsvarsforlig\\_2013-.aspx](http://www2.forsvaret.dk/viden_om2/Pages/forsvarsforlig_2013-.aspx) Nytta 2012-12-16

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/kampanjer/delelinje.html?id=614002> Nytta 2012-12-17

[http://fofo.no/forsvaretsforum.no/Pr%C3%B8ver+lenger+tjeneste.b7C\\_w7HK08.ips](http://fofo.no/forsvaretsforum.no/Pr%C3%B8ver+lenger+tjeneste.b7C_w7HK08.ips) Nytta 2012-11-02.

<http://www.nrk.no/nyheter/norge/1.8328758> Nytta 2012-11-02

<http://www.fmn.dk/nyheder/Pages/Etablissementsanalyse.aspx> Nytta 2012-11-07

<http://politiken.dk/politik/ECE1775150/k-og-df-vil-blokere-for-afskaffelse-af-vaernepligten/> Nytta 2012-11-07

## Vedlegg 1

### Militære ord og forkortingar

**Bataljon:** militær avdeling vanlegvis mellom 500 og 1500 mann.

**Blue on blue:** Feilaktig angrep på egne avdelingar.

**Brigade:** Ei avdeling som vanlegvis består av frå 3000 til 5000 soldatar avhengig av oppbygning.

**CBRN:** Kjemiske, biologiske, radioaktive og kjernefysiske truslar.

**CFE** avtalen: avtale om reduksjon av konvensjonelle styrkar i Europa mellom Warszawapakta og NATO. CFE avtalen frå 19 november 1990, tredde i kraft 9 november 1992 – 60 000 tanks, pansra-køyretøy, artilleri, angrepshelikopter og kampfly har blitt fjerna frå Europa og øydelagde.

**CV90-30N:** svensk produsert stormpanservogn i norsk teneste, 24 tonn væpning 30mm maskinkanon, mg, kan bære eit lag på åtte mann i tillegg til besetning på tre.

**CV90-40:** den svenske originalversjonen av stormpanservogna med Bofors 40mm/L70 kanon.

**DBK:** dominant battlespace knowledge

**EBO:** Effects Based Operations

**FSK:** Forsvarets spesialkommando, avdeling oppretta i 1982 for å sikre spesielt oljeinstallasjonane mot terrorisme, i dag er dette ei avdeling som meistrar alle former for spesialstyrke operasjonar.

**C3I:** Communications, Command, Control and Intelligence.

**C4I:** Command, control, computers, communications and information

**DCI:** Defence Capabilities Initiative

**Grenader:** verva soldat på kontrakt.

**GSV:** Grense jegerar.

**Haukklassen:** Norsk produsert MTB frå 1979, modernisert til super Hauk 2001-2004, utfasa.

**HJK:** Hærens jegerkommando, vernepliktig eliteavdeling tett samarbeid FSK.

**HMKG:** Hans Majestet Kongens Garde.

**ISAF:** International Security Assistance Force (Afghanistan).

**ISR:** intelligence, surveillance and reconnaissance

**ISTAR:** Intelligence, Surveillance, Target Acquisition and Reconnaissance

**Kompani:** vanlegvis mellom 130 og 200 mann, samansett av tre eller fire troppar.

**Kryssarmissil:** Guida rakett med lang rekevidde frå nokre hundre km for korthaldsmissil til fleire tusen km, jetmotor, drivstoff, sprenghovud, evne til å styre mot målet, variasjon frå relativt eldre primitive navigasjonssystem til topp moderne system med stor presisjon.

**LAG:** Til dømes eit geværlag i infanteriet som i Noreg er 8 soldatar, kan delast i to patruljer a fire mann. Størrelsen elles kan variere, men sjeldan over 10 soldatar.

**Leopard 2A4:** tysk produsert tung stridsvogn i bruk i hæren, norsk utgåve 55 tonn, 120 mm kanon og to maskingevær kaliber 7.62-51.

**MAP:** Membership Action Plan, program i NATO for land som ønskjer å bli medlemmar eller som gjennom PFP programmet samarbeidar med og får rettleiing av NATO.

**MTB:** Først motortorpedobåt, frå innføringa av Penguin raketten i 1972 Missil torpedo båt, mindre hurtiggåande fartøy væpna med kanoner, rakettar og torpedoar.

**Multirolekampfly:** Fly som har kapasitet til å veksle mellom ulike roller i lufta, rekognosering, luft til luft, luft til bakkeangreps eigenskapar. Døme i Norden Dansk/Norsk F-16, Svensk Jas 39 Gripen og Finsk F-18 jagarfly.

**Multirolekanon:** Marine artilleri har vanlegvis fleire oppgåver, til dømes skal mellomstort kaliber som 40 mm, 57 mm og 76 mm alle i bruk i det norske sjøforsvaret kunne handtere luftmål, overflatemål og landmål.

**MG:** maskingevær, i NATO er dette i dag enten kaliber 5,56mm eller 7,62mm.

**Mitr:** Mitraljøse, i norsk teneste er dette 12,7 mm.

**MR:** Militær revolusjon.

**MTR:** Militær teknologisk revolusjon, omgrep vart nytta av Sovjetiske militærttenkarar på 70-80 talet om det som seinare har vore meir vanleg å kalle RMA.

**NASAMS:** Norwegian advanced surface to air missile system

**NCW:** Network Centric Warfare

**ONA:** Office of Net Assessment, amerikansk milittære tenkarar tilknyta Pentagon, fann opp omgrepet RMA ut frå det sovjetiske MTR.

**PGM:** Precision guided munition. Det fins ei rekkje typar, laserstyrte eller satellitt styrte bomber er dei mest utbreitte. Ofte tradisjonelle ”dumme” bomber som får påmontert system som styrer dei presist inn mot målet til dømes gjennom laserbelysning frå bakke eller eige fly, eller via satellitt navigasjonssystem som GPS eller andre måtar.

**PPF:** Partnership for peace, NATO program etter den kalde krigen der tidlegare alliansefrie og austblokkland bilateralt kan samarbeide med NATO, relasjonen er ut frå det enkelte lands prioriteringar.

**RMA:** Revolution in Military Affairs, revolusjonen i militære affærar.

**RBS 70:** Berbart svenskeprodusert korthalds luftvernrakett system til bruk mot fly og helikopter på inntil 5 km hald.

**SISU:** Eit finskprodusert pansra kjørety.

**Strategisk bombefly:** Tungt bombefly med lang rekkevidde slik at det kan operere mot strategisk viktige mål langt inne på fiendtleg territorium, evne til å medbringe stor våpenlast av variert type inkludert kryssarmissil.

**Tomahawk:** Avansert amerikansk kryssarmissil med lang rekkevidde (2500 km)

**Tropp:** Mellom 30 og 50 soldatar, vanlegvis fire til seks lag.

**Tmbn:** Telemark bataljon.

**UAV:** unmanned aerial vehicle, ubemanna minifly (droner) som vanlegvis vert nytta til informasjonsinnhenting, men større versjonar har og våpenlast.